

Hovudstaden som terrormål:

Kva faktorar bidreg til angrep mot statens hjerte?

Øyvind Torvund



Masteroppgåve

Institutt for samanliknande politikk

Universitetet i Bergen

Våren 2013

Abstract

The research question in this thesis is: To what extent has the terrorist attacks from 1998 to 2011 been directed against capital cities, and what kind of variables explain capital city attacks? The main hypothesis is that most terrorist attacks are directed against the capital city due to the fact that they have a number of functions that makes them attractive for terrorists.

A third of the states in the world have experienced most of the attacks against targets in the capital city. The capital is particularly vulnerable in states which generally experience little terrorism, and there are some regional differences. Statistics also shows that attacks in the capital cities on average have been more deadly than attacks elsewhere in the period. Nevertheless, the main hypothesis is falsified since only 16.5 per cent of the attacks have happened in capital cities. The percentage of terrorist attacks directed against capital cities has decreased during the period.

A regression analysis suggests that unitary states are more prone to capital attacks than federal states. Ideology is also a key factor for understanding terrorist's choice of places to attack. Islamists are more likely to attack targets in the capital city, whereas nationalists to a greater extent attack targets outside the capital city. In states with armed conflict a smaller share of the attacks are directed against the capital city. It is also examined whether regime status and economic conditions like GDP level, HDI level and welfare spending can explain capital city attacks, but no clear effect is evident.

Forord

Arbeidet med denne masteroppgåva har vore både lærerikt og spennande, men til tider også svært frustrerande. Når dette eitt år lange prosjektet er over, er det fleire som fortener ein takk.

Først og fremst ein stor takk til min rettleiar Jan Oskar Engene. Heilt frå idéutviklinga til innleveringa av oppgåva har han bidrege med gode tilbakemeldingar. Terskelen for å be om råd og hjelp har vore svært låg, noko som også har bidrege til den nødvendige framdrifta med oppgåva.

Masterstudiane hadde heller ikkje vore det same utan gjengen på Sofie Lindstrøms hus. Ein spesiell takk til Berit Crosby som alltid har stilt opp med hjelp og råd, uansett kva spørsmålet har vore. Også Kristian Severeide har vore ein god diskusjonspartner rundt utfordringar eg har hatt med masteroppgåva. Han må også takkast for å vere supporter av eit fotballag som gir middelmådighet eit ansikt. Det er til tider tungt å vere Tottenham-supporter, men å sjå folk vere i ekstase over poeng mot lag som Peterborough og Bristol City gir likevel perspektiv på ting. Kos deg vidare med Leeds i Championship!

Takk også til foreldre og søsken som har bidrege med oppmuntrande ord i periodar der arbeidet med oppgåva har gått i motbakke.

Innhaldsliste

Abstract	i
Forord.....	ii
Innhaldsliste.....	iii
Liste over tabellar og figurar	v
1. Innleiing.....	1
1.1 Problemstillingas samfunnsmessige relevans.....	2
1.2 Problemstillingas akademiske relevans	2
1.3 Oppbygging av oppgåva	4
2. Teori.....	5
2.1 Omgrepet terrorisme.....	5
2.2 Terrorismen geografi – ein gjennomgang	9
2.3 Terroristars val av mål	10
2.3.1 <i>Hovudstadar som terrormål</i>	11
2.3.2 <i>Større fokus på sikring</i>	13
2.3.3 <i>Føderalstatar og sentralstatar</i>	16
2.3.4 <i>Ideologi og val av aksjonsstad</i>	17
2.3.5 <i>Regimetype</i>	20
2.3.6 <i>Økonomiske faktorar</i>	22
3. Metode.....	24
3.1 Den kvantitative metoden	24
3.2 Logistisk regresjon	25
3.2.1 <i>Frå dikotom til metrisk variabel</i>	26
3.2.2 <i>Tolkinga av koeffisientane</i>	27
3.2.3 <i>Andre statistiske mål</i>	29
3.2.4 <i>Føresetnader i den logistiske regresjonen</i>	30
3.3 Bruk av deskriptiv statistikk	30
4. Data og operasjonalisering	32
4.1 Data om terrorisme	32
4.1.1 <i>Global Terrorism Database (GTD)</i>	33
4.1.2 <i>GTDs definisjon av terrorisme</i>	35
4.2 Koding av terrorisme-data	38
4.2.1 <i>Talet på statar</i>	38
4.2.2 <i>Koding av hovudstader og by nummer to</i>	39
4.2.3 <i>Aksjonar på same dag</i>	40
4.3 Uavhengige variablar.....	40
4.3.1 <i>Økonomiske variablar</i>	41
4.3.2 <i>Regimevariabel</i>	42
4.3.3 <i>Ideologiske variablar</i>	42
4.3.4 <i>Føderalstat</i>	43
4.3.5 <i>Kontrollvariabel - væpna konflikt</i>	44
4.4 Datamaterialets samla kvalitet.....	44

5. Kor utsett er hovedstaden for angrep?	45
5.1 Omfanget av terrorisme	45
5.2 Angrep i hovedstad.....	46
<i>5.2.1 Statar gruppert etter tal angrep</i>	<i>47</i>
<i>5.2.2 Samanlikning med by nummer to</i>	<i>49</i>
5.3 Hovudstadsangrep i ulike regionar og statar	50
<i>5.3.1 Angrep i Europa.....</i>	<i>50</i>
<i>5.3.2 Angrep i Nord- og Sør-Amerika.....</i>	<i>51</i>
<i>5.3.3 Angrep i Midtausten og Afrika.....</i>	<i>53</i>
<i>5.3.4 Angrep i Asia og Oseania</i>	<i>54</i>
<i>5.3.5 Omfanget av hovudstadsangrep oppsummert</i>	<i>55</i>
5.4 Færre hovudstadsangrep?	57
5.5 I kva grad stemmer hypotesane?	60
6. Kva forklarer hovudstadsangrep?.....	62
6.1 Deskriktiv data frå variablane.....	62
6.2 Resultat for heile verda som utval	64
6.3 Resultat med hot spots utelatne	68
6.4 OECD-land	70
6.5 Oppsummering av regresjonsresultata.....	73
6.6 Kontroll av føresetnadane for regresjonen	77
6.7 Resultata opp mot teoretisk forventning.....	78
7. Konklusjon.....	82
7.1 Samandrag av hovudfunn	82
7.2 Kva betydning har resultata?	83
7.3 Forslag til vidare forsking.....	84
Litteratur.....	86
Appendiks	93

Liste over tabellar og figurar

Tabell 1: Oversikt over statane med mest terrorisme i perioden 1998-2011	46
Tabell 2: Omfanget av hovudstadsangrep. Statar gruppert etter talet på terrorangrep i perioden.....	47
Tabell 3: Omfanget av dødelege hovudstadsangrep. Statar gruppert etter talet på terrorangrep.....	48
Tabell 4: Terrorism og hovudstadsangrep i Europa. Perioden 1998-2011.	50
Tabell 5: Terrorism og hovudstadsangrep i Nord- og Sør-Amerika. Perioden 1998-2011.	52
Tabell 6: Terrorism og hovudstadsangrep i Midtausten og Afrika. Perioden 1998-2011.	53
Tabell 7: Terrorism og hovudstadsangrep i Asia og Oseania. Perioden 1998-2011.....	54
Tabell 8: Forholdet mellom dødelege hovudstadsangrep og talet på drepne.	57
Tabell 9: Deskriptiv statistikk over variablane som er inkludert i analysen.....	62
Tabell 10: Modell 1 og 2. Resultat frå regresjonen med heile verda som utval.	65
Tabell 11: Modell 3 og 4. Regresjon med heile verda som utval, og ideologi inkludert.....	67
Tabell 12: Modell 5 og 6. Regresjon med «hot spots» utelatne	69
Tabell 13: Modell 7 og 8. Regresjonsresultat for OECD-statane.....	70
Tabell 14: Modell 9 og 10. Regresjonsresultat for OECD-statane med ideologi inkludert.....	72
Tabell 15: Oppsummering av dei ulike resultata frå regresjonsmodellane	74
Tabell 16: Statar og årstal med manglande verdiar på demokrativariabelen.....	93
Tabell 17: Statar som har opplevd terrorisme i dei ulike kontinenta.....	93
Tabell 18: Pearsons korrelasjon. Heile verden	94
Tabell 19: Pearsons korrelasjon. Heile verda med ideologi	94
Tabell 20: Pearson korrealsjon. Utan «hot spots»	94
Tabell 21: Pearsons korrelasjon. Utan «hot spots», med ideologi inkludert	95
Tabell 22: Pearsons korrelasjon for OECD-statane.....	95
Tabell 23: Pearsons korrelasjon. OECD-statane med ideologi.	95
Figur 1: Den generelle kommunikasjonsmodell for terrorisme	8
Figur 2: Illustrasjon av ein S-kurveforma/ikkje lineær samanheng	26
Figur 3: Terrorism i verda i perioden 1998-2011	45
Figur 4: Prosentdelen hovudstadsangrep per år i perioden 1998-2011	58

1. Innleiing

Kvar einaste dag blir det gjennomført ein terroraksjon ein stad i verden. Ifølgje tal frå datasettet Global Terrorism Database (GTD) har nærmare 60.000 menneske mista livet som følgje av terroraksjonane gjennomført i løpet av dei siste 14 åra. Dette har gjort terrorisme til ein av dei største sikkerheitspolitiske utfordringane som verdas statar står overfor i dag. Til tross for dette har det vore lita interesse for å undersøke kor angrepa skjer. Når terroristane velgjer seg ut mål er dei ikkje berre opptekne av å ramme flest muleg folk gjennom den konkrete aksjonen. Dei vil også sende eit politiske bodskap til eit større publikum, og samstundes påverke styresmaktene (Anderson og Sloan, 2009: 661-662). Både for å få merksemd og gjennomslag for sine krav blir val av aksjonsstad difor spesielt viktig. I denne oppgåva skal terroristars val av åstad undersøkast, og den overordna problemstillinga for oppgåva er som følgjer:

I kva grad har terrorangrepa i perioden 1998-2011 vore retta mot ein stats hovudstad, og kva variabler forklarer hovudstadsangrep?

Hovudstadane har i dei fleste statar ei rekke funksjonar som i utgangspunktet vil gjere dei spesielt attraktive for terroristar. Det faktumet at det er her ein som regel finn det politiske sentrumet er kanskje den viktigaste grunnen til å forvente at dei slår til her. Oppgåva vil vidare undersøke om det er visse eigenskapar ved statane som gjer dei spesielt utsette for hovudstadsangrep. Her vil det bli undersøkt kor vidt regimestatus og økonomiske forhold i staten påverkar risikoen for å oppleve hovudstadsangrep. Også skilnader mellom føderalstatar og sentralstatar blir undersøkt. Det er naturleg å forvente færre hovudstadsangrep i føderalstatar, sidan ein der har betydelege politiske sentrum også utanfor hovudstaden. Fleire har også peikt på at ideologien til terroristane er avgjerande for kvar dei vel å slå til. Også dette er ein faktor som blir undersøkt. For å finne svar på desse spørsmåla vil oppgåva nytte seg av eit kvantitatativt opplegg.

I tillegg vil det bli undersøkt om det er blitt færre angrep i hovudstadane i løpet av dei siste åra, med utgangspunkt i at statane i aukande grad har innført ulike sikringstiltak mot mange av dei symboltunge måla i hovudstadane.

1.1 Problemstillingas samfunnsmessige relevans

Eit av dei viktigaste kriteria for val av forskingsprosjekt er at spørsmålet som blir stilt bør vere viktig også i den verkelege verda. Temaet bør ha betydning for det politiske-, sosiale- og økonomiske liv. Ein bør med andre ord vere oppteken av å undersøke forhold som påverkar folks liv, samtidig som ein bør prøve å forstå og føresjå hendingar som enten kan vere øydeleggjande eller velgjerande (King, Keohane og Verba, 1994: 15). Med tanke på det store fokuset verdsamfunnet har på terrorisme i dag, og dei store midlane ein brukar på å beskytte seg mot terror, er det grunnlag for å seie at dette kriteriet er oppfylt i denne oppgåva.

Statane sjølv og internasjonale organisasjonar brukar stadig større resursar på å nedkjempe terrorisme. Dei sameinte nasjonane (FN) vedtok i 2006 ein felles handlingsplan for å kjempe mot og redusere konsekvensane av terroranslag (Dei sameinte nasjonane, 2006). Studiar av terrorisme generelt er difor viktig, fordi det vil gi betre grunnlag for å treffe vedtak som har effekt. Det siste tiåret har også EU sett i verk ei rekke tiltak for å beskytte folk mot terror, mellom anna ved å gå gjennom kva slags potensielle mål som treng sikrast mot terrorangrep. Dette arbeidet vil halde fram også dei komande åra (Det europeiske råd, 2009). Fleire statar elles i verda har også sett i verk liknande tiltak på grunn av den stadig aukande terrorfarene.

Også her til lands er sikring mot terror eit tema som har prega samfunnsdebatten dei siste åra, etter at terroraksjonen i Oslo og på Utøya tok 77 menneskeliv 22. juli 2011. I sluttrapporten frå den regjeringsoppnemnde 22. juli-kommisjonen fekk mellom anna styresmaktene sterkt kritikk for ikkje å ha gjort meir for å beskytte regjeringskvartelet mot terror (NOU, 2012: 444). Å treffe avgjersler om kva sikringstiltak ein skal innføre er ei utfordrande oppgåve. På den eine sida ønskjer dei fleste innbyggjarane å vere del av eit ope og tilgjengeleg samfunn. På den andre sida kan for stort fokus på dette føre til at ein ikkje sikrar objekt og verksemder som har ansvar for kritiske samfunnsfunksjonar (NOU: 2012: 442). Gjennom studiar av terroristars val av aksjonsstad kan ein difor få eit betre grunnlag for å vurdere kvar det er nødvendig å sette i verk sikringstiltak.

1.2 Problemstillingas akademiske relevans

Eit forskingsprosjekt bør også komme med eit bidrag til den faglege litteraturen. Målet bør vere både å auke forståinga vår og gje vitskapelege forklaringar på forhold i samfunnet (King

et al., 1994: 15). Denne oppgåva tek føre seg eit tema som det fram til no er svært få som har forska på. Trass i at det har vorte stadig større forskingsinteresse for terrorisme dei siste tiåra, er det fleire som har påpeikt at det er manglar i litteraturen når det kjem til den geografiske dimensjonen (Flint, 2003: 161). Fleire av dei som forskar på terrorisme har difor etterlyst studiar som kan auke forståinga av kva som påverkar val av terrormål. Denne studien bidreg difor til å rette fokus mot eit nytt forskingsområde, noko som har ein verdi i seg sjølv.

På grunn av at det er få som har forska på liknande tema, er det også få teoriar på feltet. Difor har det i denne oppgåva vore nødvendig å utvikle og byggje teori med i utgangspunkt i den litteraturen som eksisterer. Teoriutvikling er likevel ikkje berre avgjerande som utgangspunkt for denne oppgåva, det har også ein funksjon utover dette. Det teoretiske arbeidet er sjølve grunnlaget for å kunne utvide eit forskingsområde, og gje vitskapleg kunnskap om nye og viktige fenomen (Lynham, 2002: 222-223). Denne studien er difor viktig gjennom det teoretiske bidraget fordi det belyser samanhengar som kan gjere hovudstadane spesielt utsatte for angrep. Arbeidet som er lagt ned her vil vere viktig å ha som utgangspunkt for vidare forsking på feltet, og kan dermed også gjere det lettare for andre som ønskjer å undersøke liknande problemstillingar.

Bruken av statistiske analysar i samfunnsvitskapen har auka kraftig dei siste tiåra, men innan terrorismeforskinga har derimot talet på slike studiar tradisjonelt vore lågt (Silke, 2008: 33-34). Sjølv om det ikkje bør vere eit mål i seg sjølv å skulle gjennomføre kvantitative undersøkingar, kan likevel større variasjon i den metodiske tilnærminga føre til at ein får ei breiare forståing av dei fenomena som blir undersøkt. I dei fleste tilfelle vil kvalitative og kvantitative forskingsopplegg også utfylle kvarandre, og føre til at ein får nye perspektiv på dei aktuelle temaa som blir tekne opp. Hovudgrunnen til at det så langt er gjennomført få statistiske analysar innan terrorismeforskinga er mangelen på gode nok data (LaFree, Dugan, Fogg og Scott, 2006a: 4). Datasetta treng ofte også eit grundig etterarbeid for å kunne brukast. At mange opplever det som krevjande å skulle sette seg inn i den kvantitative metoden, er ein annan grunn til at talet på slike studiar er relativt lågt innan terrorismeforskinga (Silke, 2001: 11). Denne oppgåva synleggjer at det kan vere relevant å nytte seg av eit kvantitatittv opplegg sjølv på eit forskingsfelt som fram til no har vore dominert av kvalitative studiar. Oppgåva bidreg difor til den stadig veksande terrorismelitteraturen både teoretisk og metodisk.

1.3 Oppbygging av oppgåva

I denne oppgåva er det totalt sju kapittel. Kapittel 2 er teoridelen i oppgåva. Dette kapittelet er tredelt. Det startar med å drøfte definisjonen av det omstridde omgrepet terrorisme. I andre del av kapittelet blir det ein gjennomgang av tidlegare forsking på feltet. Den siste og største delen av kapittelet er via ein teoretisk diskusjon av dei samanhengane som blir undersøkt i oppgåva.

I kapittel 3 blir det gjort greie for metoden som er nytta i denne oppgåva. Det blir først argumentert for at det er relevant å nytte seg av eit kvantitativt opplegg. I oppgåva blir det gjennomført ein logistisk regresjon. Samanlikna med den vanlege lineære regresjonen er det ein del andre faktorar ein må ta omsyn til ved denne metoden, og dette blir drøfta.

Avslutningsvis i dette kapittelet vil det bli argumentert for at det er relevant å nytte seg av ein del deskriptiv statistikk for å svare på problemstillinga i oppgåva.

Kapittel 4 tek føre seg datamaterialet og operasjonaliseringa. Her blir tilgangen på data i terrorismeforskinga diskutert og det blir vist kvifor Global Terrorism Database (GTD) er brukt som utgangspunkt for undersøkinga. Vidare i dette kapittelet blir kodingsarbeidet presentert, medan det i siste del blir gjort greie for operasjonaliseringa av variablane.

Analysen er delt i to kapittel. I kapittel 5 blir deskriptiv statistikk brukt for å belyse problemstillings første del på ulike måtar. Her blir også resultata frå ulike kontinent, regionar og statar presentert, og kapittelet avsluttar med ein diskusjon av resultata opp mot den teoretiske forventinga. I kapittel 6 blir resultata frå dei ulike regresjonsmodellane presentert. Også dette kapittelet avsluttar med å vurdere resultata opp mot den teoretiske diskusjonen.

I kapittel 7 blir det gitt eit samandrag av dei viktigaste funna i oppgåva. Det blir også vurdert kva samfunnsmessige og akademisk betydning resultata har. Avslutningsvis kjem det forslag til vidare forsking på dette feltet.

2. Teori

Sjølv om ein i både aviser og nyheitssendingar nesten dagleg les og hører om terrorisme, er det få som kjenner til kva som fell inn under dette omgrepet. I første del av dette kapittelet blir difor både styrkar og svakheiter ved den mest siterte definisjonen av terrorisme drøfta. Etter å ha presentert tidlegare forsking på området terrorismens geografi, vil det i siste del av kapittelet bli ein teoretisk diskusjon av dei samanhengane som oppgåva skal belyse.

Oppgåva har eit eksplorerande utgangspunkt, noko som også vil prege den teoretiske diskusjonen i denne delen. På grunn av at lite forsking er gjort på dette feltet, har det difor vore nødvendig å byggje teori. Den teoretiske diskusjonen i siste del av kapittelet vil først starte med å vise kvifor ein skal forvente at hovudstader er spesielt utsatt for terrorangrep. Vidare i denne delen blir det diskutert korleis føderalstatar/sentralstatar, ideologi, regimestatus og økonomiske forhold kan påverke val av åstad for terroraksjonane. I tillegg blir det diskutert kvifor det er naturleg å forvente at det er blitt færre hovudstadsangrep i løpet av perioden. Avslutningsvis i diskusjonane blir det uteia hypotesar som blir undersøkt i analysedelen.

2.1 Omgrepet terrorisme

Terrorisme er eit omstridt omgrep. Det blei første gang forsøkt definert på 1930-talet, men framleis er det stor usemje om kva definisjonen skal innehalde (Schmid, 2011: 39). Sjølv om det ikkje er konsensus om kva terrorisme er, vil det i den komande delen bli drøfta kva som bør ligge i omgrepet. Å ha ein klar definisjon av omgrepet er eit grunnleggande utgangspunkt for ein teoretisk diskusjon rundt temaet i oppgåva. Sidan det i dag eksisterer fleire hundre ulike definisjonar vil det tydeleggjere kva element ved omgrepet som blir vektlagt i oppgåva. Samstundes dannar denne diskusjonen også rammer for både datainnsamlinga og analysen som kjem seinare i oppgåva.

Etter ein gjennomgang av ulike definisjonar og ei spørjeundersøking blant forskrarar, kom Alex P. Schmid og Albert J. Jongman (1988) fram til definisjonen som framleis er ein av dei mest siterte i forskinga på terrorisme:

«Terrorism is an anxiety-inspiring method of repeated violent action, employed by (semi-) clandestine individual, group or state actors, for idiosyncratic, criminal, or political reasons, whereby – in contrast to assassination – the direct targets of violence are not the main targets. The immediate human victims of violence are generally chosen randomly (targets of opportunity) or selectively (representative or symbolic targets) from a target population, and serve as a message generators. Threat- and violence-based communication processes between terrorist (organization), (imperilled) victims, and main targets are used to manipulate the main target (audience(s)), turning it into a target of terror, a target of demands, or a target of attention, depending on whether intimidation, coercion, or propaganda is primarily sought» (Schmid og Jongman, 1988: 28).

Fleire har påpeikt at dette er det nærmaste ein har komme ein universell definisjon av terrorisme, sjølv om den også er blitt utsett for kritikk. Andre har poengert at den er lang og inneholdt element som ikkje er absolutt nødvendige (Maskaliunaite, 2002: 47). Definisjonen dannar utgangspunkt for denne oppgåva, men dei problematiske sidene ved definisjonen vil også bli vurdert nærmare her. Først er det likevel nødvendig å sjå på kva som er kjernen i definisjonen til Schmid og Jongman.

Terrorisme blir i definisjonen altså sett på som ein fryktskapande kampmetode av gjentekne valdelege handlingar. Psykologar har kritisert vektlegginga på frykttilstanden, mellom anna fordi det er vanskeleg å måle dette blant innbyggjarane (Engene, 1994: 27). Frå eit statsvitenskapleg perspektiv er det likevel gode grunnar til å inkludere dette punktet i ein definisjon. Det skil terrorisme frå andre typar valdelege handlingar som til dømes attentat, der målet vil vere nådd i det offeret er drept. Den som gjennomfører ein terroraksjon vil vere oppteken av kva effekt valden har på andre enn det direkte offeret. Terroristen vil difor bruke vald og truslar om ytterlegare vald for å spele på menneska si frykt, slik at vedkommande kan utnytte denne situasjonen til sin eigen fordel (Engene 1994: 27).

Dei som har vore kritiske til denne inndelinga, har peikt på at det skapar uklare grenser mellom terrorisme og andre former for politisk vald (Ganor, 2002: 290-291). Fleire har difor teke til orde for at attentat også må inkluderast som terrorisme. Eit eksempel på dette er drapet


på Pakistans tidlegare statsminister Benazir Bhutto i 2008. På grunn av at ho identifiserte seg med spesielle deler av innbyggjarane, vart dette angrepet også sett på som å skape frykt utover dette eine offeret (Schmid, 2011: 63). Dersom ein inkluderer attentat som ein del av definisjonen, hadde det likevel rokka ved det universelle aspektet ved definisjonen. Ein ville også stå overfor ei svært vanskeleg oppgåve dersom ein skulle gå gjennom alle attentat for å finne ut om dei kan karakteriserast som terrorisme. Både teoretisk og analytisk er det difor gode argument for å utelate denne forma for politisk vald frå definisjonen.

Ifølgje definisjonen kan enkeltindivid, grupper og statar stå bak terrorisme. Kor vidt statlege aktørar skal inkluderast her er likevel svært omstridt. Nordenhaug og Engene (2008: 16-17) argumenterer for at det eksisterer ei rekke eksemplar frå både diktatur og demokrati der det er nytta metodar mot eigne innbyggjarar som kan karakteriserast som statsterrorisme.

Samstundes har statar ei heilt anna maktstilling enn opposasjonelle grupper. Webers klassiske definisjon av staten legg vekt på at dei har valdsmonopol, og fleire forskrarar meiner statars spesielle posisjon gjer det vanskeleg å bruke omgrepet terrorisme uansett kva valdelege handlingar det er dei statlege aktørane utfører (Wight, 2009: 101, Schmid, 2011: 68). Bjørgo og Heradstveit (1993: 22) har difor lagt vekt på at det må vere analysekonteksten som avgjer om det er relevant å gjøre statsterrorisme til ei viktig element eller ikkje. Sidan målet med denne oppgåva er å sjå på det Bjørgo og Heradstveit (1993: 22) kallar undergravande terrorisme av opposasjonelle grupper, blir difor ikkje statsterrorisme inkludert i denne analysen.

Terrorisme blir i Schmid og Jongman sitt perspektiv definert som ein spesiell form for kommunikasjon, der valdsofra blir brukt av terroristen for å skape merkesemd om si sak. Valdsofra kan bli valt både selektivt, tilfeldig eller ein kombinasjon av begge deler (Schmid og Jongman, 1988: 9). Målet er altså å nå ut til ei større gruppe. I tillegg til å sette dei i ein tilstand av frykt, er målet å utsette gruppa for krav eller for eit politisk bodskap (Engene, 1994: 30). Terroristen vel difor måla sine ut frå det kommunikasjonspotensialet som offeret har. Dette kan samanfattast i denne modellen:

Figur 1: Den generelle kommunikasjonsmodell for terrorisme



Kjelde: Heradstveit og Bjørgo (1987: 23).

Figur 1 er ei vidareutvikling av Schmid og de Graaf (1982: 176) sitt triangel over opprørsterrorisme. Som det går fram av figuren er det altså ikkje nødvendigvis dei som blir direkte ramma av terroren som er det endeleg målet for terroraksjonen. Modellen illustrerer difor også det som er kjernen i denne oppgåva, nemleg kor viktig det instrumentelle offeret/åstaden kan vere for den politiske bodskapen som når ut til publikum. Dette vil bli drøfta seinare i kapittelet, som dermed vil gå over til ein meir konkret diskusjon av problemstillinga i oppgåva.

Ein kan likevel oppsummere denne delen med at definisjonen til Schmid og Jongman framleis dannar eit godt utgangspunkt for denne studien. I motsetning til deira definisjon, har likevel statleg terrorisme blitt ekskludert i denne oppgåva. Vi kan difor avslutte med definisjonen til Nordenhaug og Engene (2008), som oppsummerer dei viktigaste elementa i diskusjonen over:

«Terrorisme er voldsbruk som med overlegg rammer sivile for å skape en effekt på andre. Hensikten med å ramme sivile er å skape frykt i en befolkning, slik at denne frykttilstanden kan bidra til å oppnå voldsutøverens politiske mål. Terroristisk vold skiller seg fra andre typer kamp der hensikten er å ramme stridende direkte, det vil si militært personell, slik tilfellet er i krig mellom stater og geriljakrig der

opprorsbevegelser er involvert, eller der hensikten er avgrenset til å ta livet av en eller flere bestemte personer» (Nordenhaug og Engene, 2008: 14).

2.2 Terrorismen geografi – ein gjennomgang

For å nedkjempe terrororganisasjonar og redusere talet på aksjonar, har fleire påpeikt at det er behov for større innsikt i den geografiske dimensjonen ved terrorisme (Flint, 2003). Likevel er dette framleis eit lite utvikla forskingsfelt, og ein del av denne forskinga har hatt andre innfallsvinklar enn det som er i tilfelle i denne oppgåva.

Enkelte forskrarar har mellom anna sett på kva slags verdsdelar og land i verden som er spesielt utsette for terroraksjonar. Enders og Sandler (2006) undersøkte perioden frå 1968 til 2003, og fann at alle regionar bortsett frå Eurasia opplevde nedgang i talet på transnasjonale terroraksjonar etter at den kalde krigen var slutt. Dei fann også at det dei siste åra hadde vorte stadig fleire angrep i Midt-Austen og i Asia. Dette vart forklart med at det var aukande politisk ustabilitet i regionen, samstundes som mange av dei amerikanske og vestlege måla var lettare tilgjengelege her enn andre stader i verda (Enders og Sandler, 2006: 392). Andre har også funne at ein stor del av terrorismen er konsentrert til nokre få statar. Vel to tredjedelar av alle terroraksjonane i perioden frå 1970 til 1997 skjedde i 16 statar (LaFree, Morris, Dugan og Fahey, 2006b: 111). Spesielt statar i Latin-Amerika utmerka seg med mange terroraksjonar i denne perioden. Peru, Colombia og El Salvador sto åleine for rundt 25 prosent av alle terroraksjonane i perioden (LaFree et al., 2006b: 104-105).

Forskarar med liknande problemstillingar som i denne oppgåva, har hovudsakleg konsentrert seg om studiar av enkeltland, og spesielt er det blitt fokusert på USA. Samuel Nunn (2007) fann at terrorismen er spreidd rundt dei store byområda på aust- og vestkysten av USA. Andre har vist at det i løpet av dei siste tiåra har vore ein aukande tendens til at terrorangrepa skjer utanfor dei største byane i USA, sjølv om dei fleste angrepa framleis skjer i New York og Washington (Webb og Cutter, 2009). Undersøkingar har også vist at bakgrunnen til terroristane hadde mykje å seie for kvar dei angrep og kva som vart angripe. Til dømes utmerka terroristar frå høggreekstreme grupper seg spesielt med å angripe militære- og politiske institusjonar (Nunn, 2007: 106).

Liknande undersøkingar er også blitt gjort av terroraksjonar i Israel og Irak. Her fann ein at angrep skjer oftere i større byar, i byar som har status som regjeringshovudstad eller regionhovudstad i tillegg til områder der spesielle etniske grupper held til (Berrebi og Lakdawalla, 2007: 130). Studien frå Irak viste at det var dei mest folkerike regionane som oftest vart utsett terrorangrep, men i denne undersøkinga vart det ikkje sett på om det var enkelte byar som var spesielt utsette (Medina, Siebeneck og Hepner, 2011).

Likevel er det altså ikkje gjort systematiske samanlikningar mellom statar om kvar angrepa skjer. Målet med denne oppgåva er dermed å ta dette forskingsfeltet eit steg vidare, og ikkje minst sjå om det er enkelte variablar som er spesielt viktige for å forklare kvar angrepa skjer. I den komande delen vil det difor bli ein diskusjon av kva faktorar som kan avgjere om terroristar angrip hovudstader eller ikkje.

2.3 Terroristars val av mål

Ein av dei viktigaste skilnadane mellom terrorisme og andre former for politisk vald, som til dømes krig, er val av mål. Medan det i krigar eksisterer reglar som set avgrensingar på kva mål ein kan angripe, er det ingen slike reglar for ein terrorist. Fordi ein terrorist vil vere svært oppteken av å nå ut til eit større publikum, slik kommunikasjonsmodellen viste, blir valet av mål spesielt viktig (Anderson og Sloan, 2009: 659). For ein som skal gjennomføre eit terrorangrep, er det mange omsyn å ta når måla skal veljast. Kor mykje merksemd angrepet vil få, kor lett tilgjengeleg det er, kor effektivt det er for å utrydde motstandarane og kva potensial det har til å skape reaksjonar blant styresmaktene er nokre av faktorane som spelar inn (Anderson og Sloan, 2009). Opp gjennom åra har det blant terroristar vore ulike syn på kva som er naturlege mål. Enkelte har lagt vekt på å velje mål som kan skape merksemd, publisitet og samle fleire folk bak ei sak (Hoffman, 1998: 17). Mens denne taktikken fokuserer på å velje symbolske og kjente mål, er det andre som meiner terroristar er meir opptekne av å velje mål som sikrar at terroraksjonen blir vellukka (Hoffman 1998: 178, Bloom, 2005: 34).

Forskarar har dermed gått vekk frå tanken om at terroristar vel seg vilkårlege og tilfeldige mål. I staden ser ein på val av terrormål som eit resultat av logiske og strategiske vurderingar (McCartan, Masselli, Rey og Rusnak, 2008: 60). Den konkrete forbrytelsen er berre eit middel i kampen for å få merksemd om si sak og vise svakheiter ved samfunnet ein angrip.

Terroristar vel seg difor ut spesifikke mål som viser at regimet ikkje er i stand til å forsvare seg sjølv eller innbyggjarane, samstundes som angrepet vil legitimere deira eiga gruppe (Juergensmeyer, 1997: 19-22).

Det er fleire grunnar til at det er naturleg å forvente at terroristar skal slå til mot hovudstadar. I den komande delen blir dette vurdert nærmare, og problemstillinga i oppgåva blir dermed drøfta på eit teoretisk plan. Sjølv om det er terroraksjonar frå 1998 som er utgangspunktet for analysen i denne oppgåva, vil det innleiingsvis bli peikt på historiske faktorar som gjer problemstillinga i oppgåva relevant. Sentralt her står Stein Rokkans arbeid med motesettingane mellom sentrum og periferi.

2.3.1 Hovudstadar som terrormål

Heilt frå framveksten av dei aller første statane har det vore spenningar mellom ein stats sentrum og periferi. Det er i sentrumet dei viktigaste aktørane i ein stat held til, og det er dermed også her dei viktigaste avgjerslene blir tekne. I det territoriale senteret finn ein ikkje nødvendigvis berre det administrative senteret, men også senteret for den kulturelle og økonomiske aktiviteten (Rokkan, 1999: 111). Periferien blir ofte definert som dei geografiske områda som ligg lengst frå sentrumet, men som likevel er under kontroll frå sentrumet (Rokkan, 1999: 113). Sjølv om innbyggjarane her har vore avhengige av avgjerslene som blir tekne i sentrum, har dei likevel hatt avgrensa makt til å påverke sentralmakta (Rokkan, 1999: 108). Relasjonane mellom sentrum og periferien har tradisjonelt hatt ulike sider. På det politiske plan skapte krigar, konfliktar om territoriale rettar, invasjonar og blokadar stadige spenningar. På det økonomiske nivået handla relasjonane mellom sentrum og periferi om import/eksport av varer, tenester, arbeidskraft og investeringar. Kulturelt handla det mellom anna om utveksling av ideologiar, normer og livsstil (Rokkan, 1999:116). Også dei økonomiske og kulturelle relasjonane kunne difor skape spenningar mellom sentrumet og periferien.

Tradisjonelt har også terroristane sine mål vore knytt til å få kontroll over eit avgrensa territorium, enten det har handla om lausriving eller frigjering. Spesielt i Sør-Asia, Kaukasus og Midtøsten er dette tilfelle sjølv i dag (Hansen, Bokhari, Kjølberg, Knutsen, Østerud og Aabakken 2006: 9). I dagens samfunn finn vi dermed mange av dei same spenningane som vi har sett opp gjennom historia. Enkelte statar er i ein tidleg statsbyggingsfase som gjer

spenningane openbare. I andre statar har det oppstått andre spenningar både på det politiske, økonomiske og kulturelle planet enn det som var tilfelle tidlegare. Som definisjonsdiskusjonen viste er eit av dei viktigaste måla for ein terrorist også å sende eit politisk bodskap. Sett i lys av dette vil det heller ikkje vere overraskande om fleirtalet av angrepa skjer i det politiske sentrum. Terrorangrepa som vart utført av dei irske nasjonalistane på 1900-talet er kanskje det beste eksempelet på dette. I løpet av ein periode på fleire år forsøkte dei å ramme både politiske institusjonar og politiske leiarar som var symbol på den tøffe politikken styresmaktene i London førte mot Nord-Irland (Bowden, 1976).

Urbaniseringa i etterkrigstida har i tillegg gjort dei store byane til hovudmål for terroristar fordi dei inneheld mange potensielle mål (Crenshaw, 1981: 382). Forskarar har også påpeikt at ein stor del av terroraksjonane kan karakteriserast som klagemålsteriorisme (*grievance based target selection*). Terrormål blir her valt ut på bakgrunn av at dei symboliserer politiske krav for terroristen (Nemeth, 2010: 11-12). Hovudstadar, som i dei fleste statar vil vere det politiske sentrum, vil difor vere spesielt attraktive stader å gjennomføre terroraksjonane på. Det er her ein som hovudregel finn statsapparatet, dei statlege politiske institusjonane og andre bygningar med symbolverdi. Dermed er det også her ein finn dei som står ansvarleg for den politikken som er ført, og dei som har makt til å endre den politiske retninga. I tillegg er det her ein vil finne dei ulike statane sine ambassadar, som ofte blir trekt fram som attraktive terrormål.

Drake (1998: 9) har lagt vekt på at terroristar ofte søker mot symbolske mål fordi dei er opptekne av å få merksemd om saka si. Enkelte har også lagt vekt på at det har vore ein aukande tendens dei siste tiåra til at terroristar vel seg ut slike mål (Hoffman, 1999: 8). Desse måla kan vere både mektige enkelpersonar eller viktige bygningar og samfunnsstrukturar (Duyvesteyn, 2004: 449). Også den norske sikkerheitslova legg vekt på at det er nasjonale objekt med kritiske funksjonar og stor symbolverdi som ein skal prioritere å sikre mot terrorangrep (Lovdata, 2011). Indirekte er hovudfokuset også i denne lova difor å sikre bygningar i hovudstaden, som er det politiske sentrumet.

Det treng likevel ikkje berre vere dei politiske institusjonane som kan trekke i retning av at angrepa skal skje i hovudstadar. I dei fleste statar er hovudstadane også landets største by, noko som i seg sjølv kan gjere dei til attraktive mål. I tillegg til å vere det politiske sentrum,

vil det ofte vere sentrum for mange andre institusjonar. Ofte er det her ein finn dei økonomiske institusjonane som til dømes sentralbanken og børsar. Her kan ein naturlegvis finne unntak, som terrorangrepa i USA 11. september i 2001 er eit eksempel på. Det største angrepet skjedde ikkje i hovudstaden, men i New York fordi terroristane såg på World Trade Center som eit symbol på vestleg kapitalisme.

I tillegg er det ofte i hovudstadane ein vil finne dei største nasjonale nyheitsmedia. For å nå ut til flest muleg spelar media ei heilt avgjerande rolle for terroristane. Forskarar har tidlegare peikt på at ein av dei viktigaste strategiske vurderingane som blir gjort før aksjonen, er korleis ein sikrar merksemd i media (Sönmez, Apostolopoulos og Tarlow, 1999: 14). Sjølv om terrorisme i mange tilfelle vil få merksemd uavhengige av kvar angrepa skjer, vil ofte omfanget og intensiteten i dekkinga bli større dersom det skjer nært dei store redaksjonane. Også dette kan difor vere eit moment som kan trekke i retning av at terroristar vil slå til mot hovudstadar.

Samstundes finst det naturlegvis argument for å velje andre mål enn dei som eksisterer i hovudstaden. Fordi ein del av måla i hovudstaden er ekstra sikra på grunn av at dei er attraktive for terroristar, kan det føre til at dei i staden vel lettare tilgjengelege mål. Skular, religiøse bygg, handlesenter og marknader er eksempel på stader som mange sivile oppheld seg, og der det er vanskeleg å beskytte seg mot angrep (Anderson og Sloan, 2009: 662). Små ressursar kan også føre til at terroristar vel mål andre stader (Eyerman, 1998: 153). Til tross for dette er følgjande hovudhypotese formulert for denne oppgåva:

Hypotese 1: *Fleirtalet av terrorangrepa vil vere retta mot ein stats hovudstad.*

2.3.2 Større fokus på sikring

Som siste del av den føregåande diskusjonen viste, vil dei som planlegg terrorangrep naturlegvis gjere grundige vurderingar av kva sikringstiltak som er på plass rundt det målet eller måla dei ønskjer å angripe. Dersom eit mål er beskytta slik at terroristen eller terrorgruppa ikkje kan gjennomføre aksjonen på den måten dei ønskjer, står dei overfor tre val. Dei kan angripe det same målet med andre verkemiddel enn det dei i utgangspunktet hadde tenkt, dei kan velje å angripe eit anna mål eller dei kan velje å avblåse terroraksjonen (Drake, 1998: 110-111).

Terrorangrepa i USA den 11. september i 2001 kan på mange måtar karakteriserast som eit vegskilje i det internasjonale antiterrorarbeidet. Hendingane førte til at regjeringar i fleire land innførte ei rekkje nye og omfattande tiltak for å hindre fleire terrorangrep (Fimreite, Lægreid og Rykkja, 2009: 3). Berre nokre dagar etter terrorangrepa i 2001 blei Department of Homeland Security oppretta i USA, der hovudoppgåva var å sikre landet mot nye angrep. Dei neste åra vart det sett i gang ei rekkje med tiltak for å sikre viktige bygningar mot terror (Apostolakis og Lemon, 2005: 361). Spesielt har fokuset vore retta mot å identifisere det som blir karakterisert som kritisk infrastruktur (KI). Dette er bygningar og system som spelar ei avgjerande rolle for at samfunnet skal fungere, ifølgje ein av dei mest siterte definisjonane:

«Critical infrastructure are those physical systems that a community depends on to maintain its security, governance, public health and safety, economy and public confidence. The constituent parts of such systems will vary according to the community context in which they are viewed» (Ackerman, Abhayaratne, Bale, Bhattacharjee, Blair, Hansell, Jayne, Kosal, Lucas, Moran, Seroki og Vadlamudi 2007: 94).

Kritisk infrastruktur-mål kan inkludere alt frå telekommunikasjon, transportsystem, vassforsyning, men også offentlege bygningar som ambassadar og regjeringsbygningar er svært viktige her (Moteff, Copeland og Fischer 2003: 7, Ackerman et al., 2007: 10). Ein gjennomgang av alle dei største angrepa mot kritisk infrastruktur i verda i perioden frå 1933 til 2004, viste at regjeringsbygningar var blant dei som oftast vart utsett for angrep. I tillegg vart nesten 50 prosent av alle mindre kritisk infrastruktur-angrep retta mot ambassadar og konsulat i denne perioden, også det bygningar som ein finn i hovudstader (Ackerman et al., 2007: 108).

Også utanfor USA vart det sett i verk omfattande tiltak for å sikre kritisk infrastruktur etter angrepet i 2001, og ein viktig del av dette har vore å sikre regjeringsbygg og ambassadar fordi dei er spesielt utsette for angrep. I 2004 ba EU-rådet, som er samansett av stats- og regjeringssjefane i medlemsstatane, om at Kommisjonen utarbeida ein strategi for å sikre kritisk infrastruktur, og året etter hadde ein fått finansieringa i orden til eit pilotprosjekt (Den europeiske unions råd, 2008). I 2008 kom det endelege direktivet som skulle sørge for eit

samordna arbeid mellom medlemslanda mot beskyttelse av kritisk infrastruktur (Den europeiske unions råd, 2008). Samstundes har det også vore viktig for EU å legge opp til samarbeid både med naboland og andre internasjonale organisasjoner for å sikre at liknande tiltak vert gjennomført også i andre statar (EU-kommisjonen, 2006: 8).

I 2004 oppnemnde også den norske regjeringa eit eige utval som skulle gå gjennom sikringa av kritisk infrastruktur her til lands. I denne utgreiinga vart Stortinget og regjeringa peikt på som ein av samfunnets kritiske funksjonar. I utgreiinga blei det anbefalt at Justis- og beredskapsdepartementet etablerte og vidareutvikla oversikta over kritisk infrastruktur og kritiske samfunnsfunksjonar (NOU, 2006: 18). Det blei også påpeikt at sikkerheitslova burde utvidast. Denne lova har som formål å redusere risikoen for sikkerheitstruslar som mellom terrorhandlingar representerer. Lova er difor også eit viktig utgangspunkt for kva slags objekt og bygningar som må sikrast eller få betre sikring (NOU, 2006: 77).

I 2008 vart sikkerheitslova endra, og blant dei viktigaste endringane var nettopp forhold knytt til objektsikring (Forsvarsdepartementet, 2007: 5). Loveendringa førte også til eit klassifiseringssystem, der objekta skulle rangerast etter kor stort skadepotensialet kunne vere (Nasjonal sikkerhetsmyndighet, 2013). Følgjande forhold er no utgangspunkt for kva klassifisering dei enkelte objekta får: 1) Betydning for sikkerheitspolitisk krisehandtering og forsvar av riket, 2) Betydning for kritiske funksjonar for det sivile samfunn, 3) symbolverdi for stat og nasjon, 4) mulegheit for å utgjere ein fare for miljøet eller folks liv og helse (Forsvarsdepartementet, 2007: 23). Av desse er det særleg punkt tre som peikar spesielt på objekt i hovudstaden som sikringsverdige. Det er vanskeleg å sjå føre seg at symboltunge bygningar ikkje skal inkludere dei nasjonale politiske institusjonane og ambassadane som ein som regel finn i hovudstadane. Samstundes peikar også punkt ein indirekte på behovet for å skjerme dei sentrale politiske institusjonane, fordi desse ofte vil vere sentrale for ei god krisehandtering. Effekten av desse konkrete tiltaka er ikkje nødvendigvis merkbare i perioden denne oppgåva tek føre seg. Terrorangrepet mot regjeringskvartalet i 2011 er kanskje det fremste eksempelet på at det ikkje er blitt gjort nok på dette feltet her til lands. Likevel viser denne gjennomgangen at det generelt har vore eit aukande fokus mot å sikre relevante mål, også i hovudstaden. Det same har vore tilfelle i fleire andre land. I den norske utgreiinga

hadde utvalet også gått gjennom totalt åtte¹ andre lands arbeid med sikring av kritisk infrastruktur. Bortsett frå Singapore hadde alle statane definert ulike sider ved sentraladministrasjonen i staten som ein del av den kritiske infrastrukturen.

Likevel er det ikkje alltid at dei klassiske hovudstadsmåla er blitt høgast prioritert for sikring. For EU sin del var det første direktivet til dømes konsentrert rundt mål innan energi- og transportsektoren (Den europeiske unions råd, 2008). Også i den norske utgreiinga er transportsektoren trekt fram som spesielt viktig å prioritere. Dette har mellom anna samanheng med at Europa vart ramma av to terroraksjonar mot transportsektoren i perioden frå utvalet vart sett ned til dei leverte sluttrapporten (NOU, 2006: 43). Sjølv om «viktige myndigkeitstenester» er definert som ein del av den kritiske infrastrukturen i Sverige, ser ein også der at mykje av fokuset er på andre sektorar, som til dømes transport. Dette er også påverka av EU-direktivet som la rammer for kva ein skulle prioritere å sikre (Den svenske regjeringa, 2010: 63-64).

Sjølv om det har vore variasjonar i kor mykje fokus ein har hatt på å beskytte hovudstadsmål som del av arbeidet med den kritiske infrastrukturen, skal ein likevel forvente at fleire av desse måla har blitt vanskelegare tilgjengeleg dei siste åra. Mykje av dette arbeidet kan også blitt gjennomført uavhengig av om dei har vore del av ein meir omfattande strategi rundt sikring av kritisk infrastruktur. Oppgåva vil difor undersøke om det har vorte færre angrep i hovudstadar dei siste åra, og følgjande hypotese skal dermed testast:

Hypotese 2: *Det har vorte færre hovudstadsangrep i løpet av perioden 1998-2011.*

2.3.3 Føderalstatar og sentralstatar

Det kan også vere enkelte eigenskapar ved statane som fører til mindre grad av angrep retta mot hovudstadar. Kor vidt ein stat er føderalstat eller ikkje, er ein faktor som kan spele inn her. I ein føderalstat har ein garantert at ein del av makta skal delast mellom sentrale og regionale regjeringar (Lijphart, 1999: 186). Konstitusjonen i desse statane sikrar at delstatane har sjølvstyre i dei viktigaste indre spørsmåla. At makt er delt mellom nasjonale og lokale

¹ Landa som medlemmene av utvalet hadde besøkt var USA, Canada, Storbritannia, Tyskland, Sveits, Nederland, Sverige og Singapore.

styresmakter finn ein også i sentralstatar, men her er makta berre delegert på vegner av sentralmakta. I føderalstatar har dermed det regionale nivået både meir makt og større grad av sjølvstende enn det ein finn i andre statar. Kor mykje makt det regionale nivået i ein føderalstat har, varierer likevel frå stat til stat (Lijphart, 1999: 187).

Dette fører for det første til at ein i føderalstatar får framvekst av betydelege politiske sentrum også på det regionale nivået. På grunn av delstatane si makt er det dermed ikkje sikkert at alle dei viktigaste vedtaka blir fatta i det nasjonale politiske sentrum. Det er difor naturleg å tenkje seg at dette også vil påverke terroristane når dei skal velje seg ut det dei ser på som legitime mål. I føderalstatar vil dei regionale politiske institusjonane vere langt viktigare enn tilsvarande institusjonar i sentralstatar. For terroristar som ofte vil vere opptekne av å finne symboltunge mål, vil det difor vere lettare å finne innflytelsesrike mål også utanfor det politiske sentrumet.

Sjølv om det i litteraturen er mykje fokus på internasjonal terrorisme, er det framleis slik at dei aller fleste terrorangrep blir utført av personar eller grupper som sjølv er innbyggjar i den aktuelle staten (Sánchez-Cuenca og de la Calle, 2009: 32). Dette indikerer at det hovudsakleg er innanrikspolitiske faktorar som fører til at folk gjennomfører terrorisme. Sidan delstatane i føderalstatare har kontroll med store deler av dei innanrikspolitiske forholda, er dette nok eit argument for at ein kan forvente fleire angrep utanfor det nasjonale politiske sentrumet i føderalstatar. I ein føderalstat som USA har forskarar tidlegare konkludert med at mange av terrorhandlingane der skjer lokalt (Webb og Cutter, 2009: 436). På bakgrunn av dette vil følgjande hypotese bli testa i analysen:

Hypotese 3: *Det vil vere færre terrorangrep retta mot hovudstadane i føderalstatar enn i sentralstatar.*

2.3.4 Ideologi og val av aksjonsstad

I litteraturen blir det påpeikt at ideologien til terroristar har avgjerande innverknad på val av aksjonsstad. Ideologien vil definere korleis terrorgruppas medlemmer ser verden rundt seg, og når ei gruppe vel å bruke vald vil eit av dei første stega i prosessane vere å avgjere kva eller kven som skal angripast (Drake, 1998: 23). Ideologien til ei terrorgruppe vil med andre ord

bidra til å identifisere kven dei opplever som sin fiende, og dermed også på kva dei ser på som legitime mål (Drake 1998: 23).

Fleire har påpeikt at mange av dei islamistiske terrorgruppene oftare enn andre har ein tendens til å velje seg ut klassiske hovudstadsmål. Dette kan for det første forklara med at nokre av desse gruppene er spesielt opptekne av å få til regimeendringar (Sánchez-Cuenca og de la Calle, 2009: 38). Aksjonar med dette som det viktigaste utgangspunktet vil dermed vere spesielt opptekne av å ramme staten og statsapparatet. Vald blir her difor brukt som eit middel for å endre regimets politikk på dei områda som terroristane opplever som viktige (Hoffman og McCormick, 2004: 245). Ein skal difor forvente at dei nasjonale politiske institusjonane vil vere spesielt utsette for angrep her. Andre har også peikt på at mange islamistiske terrorgrupper har ein global motivasjon for å gjennomføre aksjonar, og at dei difor i større grad enn andre søker mot symbolske mål (Nesser, 2004).

Sjølv om dette ikkje nødvendigvis treng føre til angrep i hovudstaden, vil det ofte vere tilfelle. Som diskusjonen tidlegare har påpeikt er det i hovudstadane ein ofte finn mange av dei mest symboltunge bygningane. Den mest kjende islamistiske terrororganisasjonen er al-Qaida, og heilt frå organisasjonen vart etablert i 1988 har dei hatt eit globalt fokus som hovudsakleg har vore retta mot USA og deira allierte (Gunaratna, 2005: 1). Deira ideologiske utgangspunkt blir trekt fram som viktig for kva for mål dei ser på som spesielt attraktive.

Terrororganisasjonen er difor spesielt oppteken av å kjempe mot regjerings og styresmakter som dei opplever som fiendtlege mot islam. Sjølv om organisasjonen også har markert seg med angrep mot mål som også er lettare tilgjengelege, er dei likevel kjente for å prioritere symbolske mål (Borum og Gelles, 2005: 468).

Al-Qaida er dessutan tett knytt til ei rekkje terrornettverk i Asia, Afrika og Midtausten. Desse deler same ideologiske utgangspunkt, og vil dermed også ha felles oppfatningar av kva dei ser på som legitime mål (Gunaratna, 2005: 3). På 2000-talet vart det rulla opp fleire saker der islamistiske terrornettverk hadde planlagt å gjennomføre angrep mot ambassadar ulike stader i Europa (Nesser, 2004: 44 og 61). Sidan mykje av den islamistiske terrorismen er internasjonalt retta, og er spesielt opptekne av å kjempe mot sittande styresmakter er det

naturleg å forvente at dei i større grad enn andre terrorgrupper angrip det politiske sentrumet, som ein finn i hovudstadane. Følgjande hypotese skal difor testast i analysedelen:

Hypotese 4: *Terroristar med islamistisk ideologi vil i større grad enn terroristar med andre ideologiar slå til mot hovudstaden.*

I tillegg til den regimeutfordrande terrorismen, er det også peikt på at ein har terrorisme som blir gjennomført for å få til territoriale endringar. Mange av dei nasjonalistiske terrororganisasjonane er kjent for denne forma for terrorisme (Sánchez-Cuenca og de la Calle, 2009: 38). Hovudmålet for desse terroristane er enten å bli sjølvstendig frå staten dei hører til, eller å få større grad av uavhengigheit frå sentralmakta (Sánchez-Cuenca, 2007: 294). For å oppnå dette målet vil dei nasjonalistiske terrororganisasjonane ofte starte ein slitasjekrig mot styresmaktene, der målet er at alle terroraksjonane til slutt fører til at sentralmakta ser seg best tent med å innfri krava frå terroristane (Sánchez-Cuenca, 2007: 294).

For å vise uavhengigheit og styrke overfor styresmaktene, kan ein difor forvente at nasjonalistiske terrororganisasjonar vil konsentrere seg om å gjennomføre aksjonane i det geografiske området dei hører til, og som dei ønskjer større sjølvstende for. Ein av dei viktigaste kjenneteikna på ein stat er nettopp at dei skal ha valdsmonopol innanfor sine grenser, noko som betyr at dei skal vere i stand til å kontrollere sitt eige territorium. Ved å gjennomføre fleire aksjonar i det geografiske området dei hører til, kan derimot nasjonalistiske terrorgrupper vise at staten ikkje har kontroll med deler av sitt eige territorium. Samtidig er dette også ein hårfin balansegang for terrororganisasjonane. For å lykkast med krava sine er dei også avhengige av å ha ei viss støtte blant innbyggjarane i området dei kjempar for. På den eine sida vil mange vilkårlege angrep auke presset på staten, men på den andre sida kan det også skape større folkeleg motstand mot terroristane lokalt (Sánchez-Cuenca, 2007: 301).

Det at terroraksjonane lokalt kan ha ein øydeleggande effekt, kan tale for at dei heller gjennomfører aksjonane andre stader. Det ein i praksis har sett er likevel at mange nasjonalistiske terrororganisasjonar er svært selektive med kva mål dei vel seg ut (Sánchez-Cuenca, 2007: 300). Ein stor del av angrepa til to av Europas mest kjente nasjonalistiske terrororganisasjonar, ETA i Spania og IRA i Storbritannia, viser at dei svært ofte angrip

militærret og politiet i det territoriale området dei sjølv høyrer til i (Sánchez-Cuenca, 2007: 294). Ved å velje desse måla kan dei vise svakheiter ved den sentrale staten, samstundes som dei også kan oppretthalde støtta dei har frå innbyggjarane i deira eige område. I denne oppgåva vil det difor bli undersøkt om nasjonalistiske terrororganisasjonar i mindre grad angrip hovudstader:

Hypotese 5: Nasjonalistiske terrorgrupper vil i mindre grad enn terroristar med andre ideologiar slå til mot hovudstaden.

2.3.5 Regimetype

Det politiske regimet i ein stat kan også bidra til å forklare kvar angrepa skjer. I litteraturen kan ein skilje mellom to ulike innfallsvinklar til korleis regimetypar påverkar omfanget av terroristisk vald. På den eine sida er det den strategiske innfallsvinkelen som peiker på at demokrati mellom anna gjer det lettare å planlegge og utføre terroristisk vald utan innblanding frå staten (Eyerman, 1998:151). I motsetnad til dette er det dei som fokuserer på politisk tilgang. Dei argumenterer for at demokrati reduserer terroristisk aktivitet fordi ein her sørger for ikkje-valdelege løysingar på dei politiske konfliktane i samfunnet (Eubank og Weinberg, 2001: 156).

Blant dei forholda som kan gjere demokrati mindre utsette for terror er frie og rettferdige val, ein elite som er open for kritikk og eit rettssystem med dommarar som er opptekne av å ta omsyn til minoritetane sine interesser (McAllister og Schmid, 2011: 251). Alle grupper uavhengig av rase, religion, etnisitet og klassestatus har dermed mulegheit til å delta i den politiske prosessen, og dei har mulegheit til å oppnå dette gjennom fredelege verkemiddel (Eubank og Weinberg, 2001: 156). Ved å sørge for at folk har politiske kanalar for å kjempe for si sak, har Li (2005: 281) påpekt at ein dessutan reduserer sjansane som terrororganisasjonane har for å rekruttere nye medlemmer.

Som diskusjonen tidlegare viste er dei politiske institusjonane blant dei mest interessante måla for ein terrorist, både fordi dei er symboltunge og samstundes representerer ei politisk retning dei er i opposisjon til. På bakgrunn av dette er det naturleg å tenkje at hovudstadane i demokratiske regimer er mindre utsette for terrorangrep. Mange av institusjonane som er populære terrormål i hovudstadane er nettopp dei som i demokratiske statar sikrar at også

marginaliserte grupper blir høyrde. Det demokratiske systemet gjer det dermed muleg å få til både politiske endringar og å sikre seg fordelar med fredelege metodar (Li, 2005: 281).

Samstundes er ikkje situasjonen fullt så enkel sjølv i demokratiske statar. Dei nyleg demokratiserte statane i Latin-Amerika har til dømes slite med å løyse dei mange økonomiske problema dei har opplevd. Opne og frie val har ikkje ført til at regjeringane har fått redusert si makt, slik fleire meiner at dei burde. Vala har heller ikkje alltid lukkast i å beskytte rettane til minoritetane, eller skapt større toleranse for politiske motstandarar (Eubank og Weinberg, 2001: 155). Også i dei nyaste demokratiserte statane i Europa og Asia er det eksempel på at vala har enda med regjeringssjefar som styrer på ein måte som minner mykje om deira autoritære forgjengrar. Innføringa av demokratiske speleregler har fleire stader også enda med militærkupp berre nokre år seinare, slik ein mellom anna har sett døme på i Afrika (Eubank og Weinberg, 2001: 155). I fleire statar kan overgangen frå eit autoritært til eit demokratisk regime dermed føre til auka forventningar til dei politiske institusjonane som det blir vankeleg å innfri for dei som sit med makta. Under ein slik situasjon kan ein dermed forvente at større grad av terroren blir retta mot ein stats politiske sentrum, sidan det er der dei ansvarlege for politikken held til.

I demokratiske statar er det dessutan ofte lettare å protestere på dei politiske vedtaka som blir gjort, også med valdelege metodar (Eubank og Weinberg, 2001: 156). I demokrati kan det også vere lettare å organisere seg utan innblanding frå styresmakter og politivesen. I tillegg er det lettare tilgang til offentlege bygningar, som er populære terrormål (Eyerman, 1998: 154). Eit anna argument er at ein i demokratiske statar har vanskelegare for å innføre tøffe anti-terrortiltak fordi det vil bryte med borgarrettane (Krieger og Meierrieks, 2011). I autoritære statar vil ein ofte ha lettare for å innføre tiltak som vil avgrense talet på terroraksjonar. I analysedelen vil det difor bli undersøkt om det kan vere ein samanheng mellom ein stats regimestatus og kor utsett hovudstadane er for terroraksjonar. Den teoretiske diskusjonen har vist at det er uvisst om hovudstadane vil vere mest utsett for terrorangrep i autoritære eller demokratiske regimer. Difor blir det her formulert ei to-hala hypotese, som synleggjer at retninga kan gå begge vegar:

Hypotese 6: *Regimestatus påverkar kor utsett hovudstadane er for angrep.*

2.3.6 Økonomiske faktorar

I den politiske debatten blir ofte økonomiske forhold trekt fram som bakgrunn for den stadig aukande terrorfaren. Sjølv om mange forskrar har påpeikt det same, er det likevel stor usemje om det faktisk er ein samanheng (Piazza, 2011: 339). I motsetnad til dei tidlegare studiane, som har fokusert på samanhengen mellom økonomiske variablar og talet på terrorangrep i ein stat, vil denne oppgåva undersøke om økonomiske faktorar kan påverke kvar angrepa skjer. Til grunn for den teoretiske diskusjonen vil likevel mykje av den same litteraturen bli brukt, fordi den peikar på forhold som kan gjere hovudstadane spesielt utsett.

Ein av dei eldste og mest kjende teoriane på dette feltet legg vekt på at dess større misnøye det er i samfunnet, dess større er faren for at det oppstår politisk vald (Gurr, 1970).

Utgangspunktet for denne teorien er misforholdet som oppstår mellom folks forventningar til staten og det som faktisk er det dei opplever å få. Når dette er eit misforhold som stadig fleire opplever i ein stat fører det til sinne og aggressjon som lett fører til politisk vald (Caruso og Schneider, 2011: 38). Denne teorien har difor vore utgangspunkt for fleire studiar der ein har sett på om statar med svak økonomisk status opplever meir terror enn andre statar. Studiar som er gjennomført så langt, har peikt i ulike retningar. Azam og Thelen (2008: 387) er likevel blant dei som har funne at statar med eit høgare BNP-nivå er mindre utsette for terrorisme enn andre statar.

Så langt er det derimot ingen studiar som har sett på forholdet mellom økonomisk status og kvar angrepa skjer i ein stat. Det er naturleg å tenkje seg at hovudstadane gjennom å vere det politiske sentrumet vil vere spesielt utsette for angrep i statar med eit lågare BNP-nivå, fordi ein i mindre grad vil vere i stand til å oppfylle politiske krav frå innbyggjarane. Sjølv om mykje av den økonomiske utviklinga blir påverka av forhold også utanfor eins eigen stat, er det likevel naturleg å forvente at misnøya blir retta mot nasjonalforsamlinga og regjeringa som har det øvste ansvaret for den økonomiske utviklinga. På bakgrunn av dette blir følgjande hypotese testa i analysedelen:

Hypotese 7: *Statar med lågare BNP-nivå vil vere meir utsette for hovudstadsangrep enn statar med høgare BNP-nivå.*

Eit anna, men relatert forhold som vil bli undersøkt i denne oppgåva er om ein stats generelle utviklingsnivå har noko å seie for kvar angrepa skjer. Tidlegare undersøkingar har vist ein

tendens til at høgt utvikla land opplever færre terrorangrep enn andre statar. Li og Schaub (2004: 250) er blant dei som har funne at utviklingsland har større sjanse for å oppleve terroraksjonar enn det meir utvikla land har, som til dømes OECD-statane. Det same resultatet fann ein også i ei undersøking av terrorisme i Eurasia (Bravo og Dias, 2006: 336). I denne oppgåva vil det difor bli undersøkt om også hovudstadane vil vere spesielt utsatt for angrep i statar med lågare utviklingsnivå. Også her er det naturleg å forvente at folk i større grad vil protestere og bruke valdelege middel mot dei politiske institusjonane i hovudstadane i statar som er mindre utvikla, fordi mange vil sjå på dette som eit politisk ansvar. Følgjande hypotese blir difor testa:

Hypotese 8: *Statar med eit lågare utviklingsnivå vil ha fleire terrorangrep retta mot hovudstaden enn statar med eit høgare utviklingsnivå.*

Fleire har også påpeikt at det er ein samanheng mellom sosioøkonomisk ulikskap i ein stat og omfanget av vald. Her blir det vist til at samfunnet er delt mellom dei som har og dei som ikkje har. Dei sistnemnde vil dermed angripe skeivfordelinga og dei etablerte gruppene i samfunnet (Lichbach, 1989: 432). I ein panelanalyse av 65 land mellom 1975 og 1999 fann Krieger og Meierrieks (2010) ein robust samanheng mellom høg grad av økonomisk ulikheit og talet på terrorangrep. Med dette som utgangspunkt har studiar vist at statar med meir generøse velferdsordningar har færre terrorangrep (Burgoon, 2006: 197). Eit av dei viktigaste måla med å bruke pengar på velferdspolitiske tiltak, er nettopp å utjamne forskjellane som eksisterer i staten.

Sjølv om også desse studiane har sett på det totale terrorangrep ein stat opplever, peikar både det teoretiske utgangspunktet og resultata på element som skal gjere det politiske sentrumet spesielt utsatt for angrep. Når ulikhetene aukar eller minkar i eit land, så er det ofte resultat av politiske prioriteringar. Ein kan difor tenkje seg at dei nasjonale politiske institusjonane vil vere spesielt utsatt for angrep frå grupper som føler seg tilsidesett i samfunnet. I analysen blir det difor undersøkt om statar som har meir generøse velferdsordningar, opplever færre hovudstadsangrep. Følgjande hypotese blir dermed testa:

Hypotese 9: *Statar med generøse velferdsordningar vil ha færre terrorangrep retta mot hovudstadar enn andre statar.*

3. Metode

Ein sentral del av vitskapelege undersøkingar er å vere klar på kva slags metode og reglar ein brukar for å studere problemstillinga (King et al., 1994: 9). I den komande delen av oppgåva vil det først bli diskutert kvifor det er relevant å nytte seg av den kvantitative metoden i denne oppgåva. Det blir gjennomført ein logistisk regresjon, og dei spesielle omsyna ein må ta her samanlikna med den lineære regresjonen blir skildra i andre del av kapittelet. Avslutningsvis blir det argumentert for at det også er relevant å bruke ein del deskriptiv statistikk for å svare på deler av problemstillinga.

3.1 Den kvantitative metoden

Målet med denne oppgåva er som tidlegare nemnt ikkje berre å diskutere i kva grad hovudstadar er utsatte for terrorangrep, men også om det er enkelte faktorar som kan forklare kvifor hovudstadane blir valt som terromål. For å kunne gjere dette, er det valt eit kvantitatativt opplegg. I debatten om val av kvalitativ eller eit kvantitatativt opplegg, har Arend Lijphart (1971: 685) tidlegare kommentert at statistiske analysar alltid er å anbefale dersom ein har data tilgjengeleg for studien. I praksis har likevel kvar av metodane sine styrkar og svakheiter. Det er til slutt problemstillinga som må vere avgjerande for kva metode ein vel å nytte seg av (George og Bennett, 2005: 17).

Ein av dei største fordelane med eit kvantitatativt opplegg er at ein kan måle kor sterkt effekt dei uavhengige variablane har på den avhengige variabelen (George og Bennett, 2005: 25). I kvalitative studiar kan ein ikkje vurdere dette på same måten. Her må ein i staden konsentrere seg om å vurdere kva forhold som må vere til stades for at eit gitt utfall skal oppstå. Her har likevel kvalitative studiar ein annan fordel over kvantitative studiar, gjennom at den ofte vil vere betre eigna til avdekke meir komplekse kausale forhold enn ein klarer å finne i kvantitative opplegg (George og Bennett, 2005: 20). På bakgrunn av at målet med denne oppgåva er å generalisere, og dermed seie noko generelt om kva faktorar som påverkar hovudstadsangrep, er den kvantitative metoden likevel best eigna for å svare på problemstillinga.

Oppgåva har eit tverrsnittsdesign, der einingane er dei enkelte terroraksjonane som har skjedd i perioden. Einigane er vidare delt opp etter det landet og i det året angrepet skjedde. Til kvar av terroraksjonane som har skjedd i ein stat i eit gitt år er det lagt inn verdiar som dei uavhengige variablane hadde i denne staten det året. Dermed blir det ikkje sett på tidsdimensjonen i sjølve regresjonen. I den komande delen av oppgåva vil den logistiske analyseteknikken bli presentert.


3.2 Logistisk regresjon

Den avhengige variabelen i denne oppgåva er dikotom. Dette inneber at det berre er to mulige utfall, i denne analysen om et angrep har vore i hovudstaden eller ikkje. I slike tilfelle er logistisk regresjon den vanlegaste og mest anvendelege statistiske teknikken (Skog, 2010: 352). Ein annan teknikk ein kan bruke er den såkalla probitmodellen. Regresjonskurva ser her litt annleis ut enn i ein logistisk regresjon, men skilnadane elles er små. Uavhengig av kva teknikk ein brukar vil dermed analyseresultata bli svært like (Skog, 2010: 390).

Problemet med ein dikotom avhengig variabel er at den vil bryte med føresetnadane som ein kjenner frå den vanlege OLS-regresjonen. I ein vanleg lineær regresjon er det mellom anna ein føresetnad at feilredda er fordelt homoskedastisk. Dette betyr at spreiinga rundt regresjonslinja (avstanden mellom predikerte og observerte verdiar), er så godt som den same uavhengig av kva verdiar ein har på dei uavhengige variablane. Ved ein regresjon med dikotom avhengig variabel vil feilredda derimot vere fordelt heteroskedastisk. Dette gjer det vanskelegare å trekke nøyaktig statistiske slutningar på bakgrunn av resultata ein får ut (Tufte, 2000: 10-11).

Sidan ein dikotom avhengig variabel berre har to mulige utfall, anten 0 eller 1, må dei predikerte verdiane halde seg innanfor same området. Dermed kan ein vanlegvis ikkje gå ut frå at samanhengen er ei rett linje (Skog, 2010: 354). Figur 2 viser ein tenkt samanheng mellom den avhengige og dei uavhengige variablane i ein logistisk regresjon.

Figur 2: Illustrasjon av ein S-kurveforma/ikkje lineær samanheng



Kjelde: Tufte (2000: 17)

Kurva i figur 2 er S-forma, noko som er typisk for dikotome avhengige variablar. Samanhengen mellom den avhengige og uavhengige variabelen er svak når den avhengige variabelen i utgangspunktet har låge verdiar. Etter kvart som utgangsverdien på den avhengige variabelen aukar, blir samanhengen sterkare fram til eit visst punkt før den minkar igjen. På høge og låge nivå vil kurva böye av fordi i ein aldri kan ha verdiar som er under 0 eller over 1 (Hair, Black, Babin, Anderson og Tatham, 2006: 356-357).

3.2.1 Frå dikotom til metrisk variabel

For å få ein metrisk variabel og dermed kunne gjennomføre meiningsfulle analysar må difor den avhengige variabelen transformeras. Ein må fjerne grensa for kor store positive og negative verdiar variabelen kan ha, og dette skjer i to trinn. Den øvre grensa blir fjerna gjennom å transformere den avhengige variabelen til eit forholdstal som blir kalla odds. Oddsen viser sannsynlegheita for at noko inntreff (p) mot sannsynlegheita for at det ikkje inntreff ($1-p$) (Tufte, 2000: 19). Formelen vil dermed sjå slik ut:

$$\text{Odds} = \frac{p}{1-p}$$

I eit tenkt tilfelle er det ei undersøking med 10 personar, og ein ser på kor mange av dei som har høgare utdanning. Dersom det i åtte tilfelle er positivt utfall (har høgare utdanning), veit ein at det også er to negative utfall. Oddsen blir då:

$$\text{Odds} = \frac{0,8}{1-0,8} = 4$$

I dette tilfelle er altså oddsen fire. Det betyr at det er fire gonger større sjanse for eit positivt utfall enn eit negativt utfall. Dersom oddsen er større enn 1 vil det bety at det er meir sannsynleg at utfallet førekjem, medan ein odds under 1 vil bety at det er mindre sjanse for at utfallet førekjem. Sjølv om oddsen no kan bli uendeleg stor, kan den ikkje bli mindre enn null. For å fjerne den nedre grensa må ein ta den naturlege logaritmen av oddsen:

$$L = \ln\left(\frac{p}{1-p}\right)$$

Gjennom å ta logaritmen til oddsen har ein gjort den dikotome avhengige variabelen om til ein metrisk variabel. Dersom oddsen no er større enn 1 vil logaritmen vere positivt. Dersom den er mindre enn 1 vil den vere negativ. Dersom oddsen er lik 1, som betyr at det er like stor sjanse for at eigenskapen er til stades som at han ikkje er det, vil logaritmen vere lik null (Tufte, 2000: 20-21).

At den avhengige variabelen i ein logistisk regresjon ikkje er lineær får også konsekvensar for berekninga av koeffisientane. Den lineære regresjonen blir estimert ved hjelp av minste kvadrats metode. Her estimerer ein dei parametrane som ut frå den spesifiserte modellen gir minst mulig total avstand mellom dei verdiane som er predikert og verdiane som er observerte (Eikemo og Clausen, 2007: 83). Utrekninga av koeffisientane i ein logistisk regresjon må derimot skje på ein anna måte, ved såkalla Maximum Likelihood Estimation. Her bereknar ein i staden dei estimata som gjer det mest sannsynleg at ein har fått dei observerte y-verdiane (0 og 1). Kort fortalt betyr dette at ein logistisk regresjon maksimerer sannsynlegheita for at observerte X og Y-verdiar opptrer saman, medan ein i den lineære regresjonen minimerer den gjennomsnittlege feilprediksjonen (Tufte, 2000: 24, Eikemo og Clausen, 2007: 83).

3.2.2 Tolkinga av koeffisientane

Samanlikna med den vanlege OLS-regresjonen er tolkinga av koeffisientane i ein logistisk regresjon ikkje like enkel. Dette har samanheng med at den avhengige variabelen ikkje aukar

med same verdi for kvar einings auke på den uavhengige variabelen, slik som figur 2 skildra. Ein har ulike måtar å løyse denne utfordringa på.

Dersom ein ynskjer å unngå alle tolkingsutfordringar kan ein utelukkande fokusere på forteikna til koeffisientane. På same måte som i lineære regresjonsmodellar ser ein om variablane har positivt eller negativt forteikn, noko som vil indikere om oddsen aukar eller minkar med høgare verdi på den uavhengige variabelen (Tufte, 2000: 27).

I dei aller fleste tilfella vil ein også prøve å få fram størrelesen på samanhengane i modellen. DeMaris (1993: 1063) og Skog (2010: 363) er blant dei som meiner oddsen og oddsrate er det beste utgangspunktet for å dra konklusjonar om effektane av variablane². Oddsrate vil fortelje kor mange gonger større eller mindre oddsen blir når verdien på ein uavhengig variabel aukar med ei eining. Dersom ein tek oddsen når ein uavhengig variabel har ein bestemt verdi, $P_1/(1-P_1)$, og delar på den tilsvarende oddsen når den uavhengige har ein lågare verdi, $P_0/(1-P_0)$ får ein oddsratioen (Tufte, 2000: 27). Oddsrate kan difor settast opp som ein brøk med følgjande form:

$$\frac{\frac{P_1}{1-P_1}}{\frac{P_0}{1-P_0}}$$

Dersom samanhengen mellom variablane er positiv vil oddsen stige med høgare verdiar på den uavhengige variabelen, og oddsrate blir dermed større enn 1. Ein oddsratio på 1,35 vil dermed bety at oddsen blir 1,35 gangar større når den uavhengige variabelen aukar med ei eining. Sagt på ein annan måte betyr det at oddsen aukar med 35 prosent når den avhengige variabelen aukar med ein eining (Skog, 2010: 366). Dersom oddsrate er lik 1, vil det bety at det ikkje er nokon samanheng mellom oddsen og den uavhengige variabelen.

² I litteraturen er det usemje om kva som er den mest fornuftige måten å presentere resultata på. Eit alternativ til å tolke oddsrate er å rekne ut sannsynlegheita, noko mellom andre Roncek (1991) meiner er mest praktisk å bruke. DeMaris (1995: 962) på si side meiner oddsrate er å føretrekkje fordi ein her kan sjå på kor stor innflytelse ein gitt uavhengig variabel har, samstundes som ein kontrollerer for andre effektar. Dette kan ein ikkje gjere ved sannsynlegheitsutrekning.

Enkelte har også nytta dei standardiserte koeffisientane som utgangspunkt for tolkinga av resultata. Koeffisienten uttrykkjer den gjennomsnittlege endringa i standardavviket som følge av ein einings endring i standardavviket til forklaringsvariabelen når andre variablar blir heldt konstante. Dette vil gjere det lettare å samanlikne kor stor innflytelse dei ulike uavhengige variablane har, men i litteraturen er det svært omstridt om ein bør legge vekt på desse koeffisientane (Bring, 1994: 209). Midtbø (2007: 102) har peikt på at koeffisientar som er usamanliknbare før standardiseringa som oftast vil vere det også etter standardiseringa. Tolkinga av årsakseffektane blir mindre presis når effekten av forklaringsvariablane blir vurdert opp mot ein konstruert skala i staden for opp mot sin eigen verdi. I denne oppgåva vil difor ikkje dei standardiserte koeffisientane bli rapport i modellane som blir presentert i analysedelen.

3.2.3 Andre statistiske mål

I tillegg til koeffisientane og oddsraten vil ein i regresjonsanalyser også teste hypotesar om kor vidt det er ein samanheng mellom den avhengige variabelen og eit sett med uavhengige variablar. I denne oppgåva vil likelihood-ratio-testen bli nytta.

Denne testen tek utgangspunkt i to modellar. Den samanliknar modellen som ein har estimert med ein modell som er basert på nullhypotesen, der alle dei uavhengige variablane dermed vil vere sett til null. Ein kan estimere denne modellen ved hjelp av maximum likelihood-metoden, som vart skildra over (i avsnitt 3.2.1). Log likelihood (-2LL) for denne modellen vil fortelje kor godt nullhypotesens modell skildrar data, og den kan samanliknast med tilsvarande størrelse for den modellen som faktisk skal testast (Skog, 2010: 375). Log likelihood ratioen er differensen mellom -2LL for nullhypotesens modell og modellen ein har estimert. Ved hjelp av denne testen kan ein difor også teste om det skjer ei signifikant endring i log likelihood når nye variablar blir introdusert i modellen (Tufte, 2000: 37).

I mange tilfelle vil det også vere interessant å vite kor stor forklaringskraft regresjonsmodellen vår har. I vanlege lineære regresjonsmodellar er det vanleg å rapportere R^2 . I logistiske regresjonsanalyser er det meir vanleg å rapportere ulike pseudo- R^2 -mål. Her finst det fleire variantar, men felles for alle er at dei byggjer på log likelihood-funksjonen (Tufte, 2000: 48). Desse er likevel ikkje like pålitelege mål som den R^2 ein kjenner frå den lineære regresjonen (Eikemo og Clausen, 2007: 88). Generelt er ein difor varsame med å

legge for mykje vekt på desse verdiane. I mange av dei publiserte artiklane som har brukta logistisk regresjon blir ikkje desse verdiane rapportert (Pampel, 2000: 50). I denne oppgåva vil Negelkerkes pseudo-R² bli presentert. Verdiane ein får ut her vil gjere det muleg med ein viss samanlikning av dei ulike modellane.

3.2.4 Føresetnader i den logistiske regresjonen

I motesetning til den lineære regresjonen, behøver ein ikkje i logistiske regresjonar å gjere restriktive føresetnader om restleddets fordeling. Det er likevel ulike føresetnader ein må ta omsyn til også her. Desse blir kommentert i korte trekk her. I siste del av analysekapittelet blir dei ulike testane gjennomført.

Samanhengen mellom variablane skal vere S-forma og kan beskrivast med den logistiske funksjonen (Skog, 2010: 380). Forma på regresjonskurva kan ein finne gjennom å utføre Hosmer Lemeshow-testen. Dersom testen er signifikant betyr det at det er signifikante forskjellar mellom faktiske og predikerte verdiane, og modellen vil ikkje vere S-forma. Ein ikke signifikant verdi vil dermed indikere at modellen er akseptabel (Hair et al., 2006: 372).

I regresjonen bør det også vere fråvær av multikolinearitet. Dersom det er høg korrelasjon mellom to eller fleire av dei uavhengige variablane i undersøkinga, blir det vanskeleg å skilje effektane frå variablane frå kvarandre. I tillegg vil estimata bli upresise og signifikansverdiane store (Eikemo og Clausen, 2007: 125).

Ein annan føresetnad er at det ikkje skal finnast bakanforliggende variablar som er årsak til den avhengige variabelen og som dessutan er korrelert med den uavhengige variabelen. Sjølv om dette er ein viktig føresetnad, vil det likevel vere vanskeleg å underbyggje denne føresetnaden i praksis (Skog, 2010: 380). I tillegg er det også ein føresetnad at dei enkelte observasjonane er uavhengige av kvarandre (Skog, 2010: 380).

3.3 Bruk av deskriptiv statistikk

I tillegg til dei ulike regresjonsmodellane vil denne oppgåva nytte seg av deskriptiv statistikk. Dette er relevant for å svare på problemstillingas første del som ser på kor utsett hovudstaden er for angrep. I det første analysekapittelet vil deskriptiv statistikk mellom anna bli brukt til å

samanlikne omfanget av hovudstadsangrep mellom regionar og utvalde statar. I den teoretiske diskusjonen blei det også drøfta kor vidt ein kunne forvente at det hadde blitt færre terrorangrep i løpet av perioden som oppgåva såg nærmare på. Dette er informasjon som ein får ved å undersøke den årvisse fordelinga av angrepa. Sidan dette er eit felt det er gjort lite forsking på fram til no, kan også denne tilnærningsmåten vere viktig for å få større innsikt på forskingsområdet.

4. Data og operasjonalisering

I dette kapittelet vil datamaterialet og variablene som er brukt i analysen bli presentert. I første del blir tilgangen på data generelt i terrorismeforskinga diskutert, og det blir argumentert for at Global Terrorism Database (GTD) er det beste datasettet å bruke som utgangspunkt for denne oppgåva. Det blir også diskuterert kor vidt deira definisjon av terrorisme samsvarer med den teoretiske definisjonen som vart presentert i kapittel 2. I andre del av kapittelet blir det gjort greie for kodingsarbeidet som det har vore nødvendig å gjennomføre for å kunne utføre analysane. I siste del blir operasjonaliseringa diskutert, og kjeldene som desse variablene er henta frå blir vurdert.

4.1 Data om terrorisme

Sjølv om det har vore ein kraftig auke i forskinga på terrorisme dei siste tiåra, har det tradisjonelt vore svært få av desse studiane som har basert seg på statistiske analysar (LaFree et al., 2006a: 4). Dette skuldast for det første at det har vore mangel på gode nok datasett. I mange tilfelle er det lagt svært snevre definisjonar til grunn for kva som skal kodast som terroraksjonar. Det amerikanske utanriksdepartementets definisjon, som mange av datasetta brukar som utgangspunkt, er avgrensa til å gjelde politisk motivert vald. Dermed utelet den aksjonar som er basert på religiøse, økonomiske eller sosiale motiv (LaFree et al., 2006a: 5).

Mykje av datainnsamlinga har også vore styrt av institusjonar knytt til styresmaktene i USA. Dette har gjort at politiske vurderingar har hatt innflytelse på kodinga. Det viktigaste er kanskje likevel at mange datasett utelukkande fokuserer på internasjonal terrorisme. Dette er terroraksjonar der det blant aksjonistar, aksjonsstad eller voldsmål er fleire enn ein stat eller nasjon innblanda. Dermed er innlandsk terrorisme, terroraksjonar der målet, åstaden og aksjonistane hører til i same stat, blitt ekskludert frå mange datasett. Dette er blitt gjort trass i at innanlands terrorisme utgjer majoriteten av alle terrorangrep i verda (LaFree et al., 2006a: 5, Enders, Sandler og Gaibulloev, 2011: 321). I andre datasett er det ofte registrert langt færre innanlands terroraksjonar enn det som var tilfelle, slik at dei internasjonale aksjonane vart overrepresenterte (Sánchez-Cuenca og de la Calle, 2009: 32). Desse manglane har dermed gjort det vanskeleg å gjennomføre meiningsfulle kvantitative analysar, og gjer det samstundes nødvendig med ei grundig vurdering av datasetta som er tilgjengeleg.

Dei siste åra har det likevel kome stadig nye datasett, og kvaliteten har auka i takt med den stadig større forskingsinteressa for temaet (Sheehan, 2012: 13). Eit av datasetta som vart vurdert brukt i denne oppgåva var Worldwide Incidents Tracking system (WITS), ein database som blir driven USAAs nasjonale antiterror-senter (NCTC) (Bowie og Schmid, 2011: 298). Databasen vart oppretta etter at styresmaktene i USA hadde blitt kritisert for omfattande manglar ved datainnsamlinga som vart gjort tidlegare år (Krueger og Laitin, 2004, Wigle, 2010: 3). Variablane i datasettet gir informasjon om når og kor angrepet skjedde, og det er også muleg å få informasjon om kva som var målet og kven som gjennomførte aksjonen (Bowie og Schmid, 2011: 298). Den relativt korte tidsperioden med samanliknbare data, frå 2005 til 2011, gjorde sitt til at dette datasettet ikkje vart brukt som utgangspunkt for denne oppgåva. I løpet av hausten 2012 vart det heller ikkje muleg å få tilgang til datasettet, då nettsida deira utan varsel vart stengt ned. WITS legg dessutan til grunn ein mykje snevrare definisjon av terrorisme enn mange andre datasett gjer (Bowie og Schmid, 2011: 299). Dermed ekskluderer det mange potensielle aksjonar. Senteret som kodar materialet er i tillegg tett knytt til dei amerikanske styresmaktene, noko som diskusjonen over viste i verste fall kan føre til at politiske vurderingar blir utslagsgjenvende for kva som blir koda som terrorangrep.

I terrorismeforskinga er også datasettet ITERATE (International Terrorism: Attributes of Terrorist Events) ofte brukt (Schmid, 2004: 51). Fordelen med dette datasettet er at dei har data frå 1960-talet og fram til i dag. Dette datasettet har berre data om internasjonal terrorisme, og inkluderer dermed ikkje terroraksjonar gjennomført av grupper eller personar internt i staten. Eit anna datasett som er blitt mykje brukt er RAND Worldwide Terrorism Incident Database (RWTID). Dei har data frå 1972, men sjølv om dei framleis samlar inn data har dei ikkje oppdatert databasen sin etter 2009 (RAND, 2012).

Difor blir det amerikanske datasettet Global Terrorism Database (GTD) brukt som utgangspunkt for denne studien. I den komande delen vil det bli peikt på fleire grunnar til at dette er ei god og relevant kjelde for oppgåva.

4.1.1 Global Terrorism Database (GTD)

Denne databasen er driven av National Consortium for the Study of Terrorism Responses to Terrorism (START) ved University of Maryland. GTD byggjer vidare på databasen som

Pinkerton Global Intelligence Service (PGIS) dreiv frå 1970 til 1997. PGIS vart oppretta for å kunne gjennomføre risikoanalysar, og skulle vere til støtte for det private næringslivet i USA. Dei hadde som mål om å kode alle terroraksjonar i verden (Bowie og Schmid, 2011: 296). I 2001 vart datasettet donert til START, som tok over ansvaret for kodinga. Dei har no også koda alle terroraksjonar frå 1998 og fram til og med 2011 (GTD-kodebok, 2012: 3-4). Det er også denne perioden oppgåva ser nærmare på.

I tillegg til at det blei sett på som ei nødvendig avgrensing av oppgåva, var det også andre grunnar til å velje nettopp denne perioden. Dei tidlegare utgåvane av GTD var delt i to datasett: GTD1 som gjekk frå 1970 til 1997 og GTD2 som inkluderte data frå 1998 og vidare. Medan GTD1 bygde på det gamle Pinkerton-datasettet, kom det i GTD2 til nye data i tillegg til at ein fekk nye metodar for å samle inn data på (Bowie og Schmid, 2011: 296). Dei siste åra har likevel kodarane integrert dei to datasetta til å bli eitt enkelt datasett. Dette har dei gjort med mål om at definisjonane og metoden er så konsistent som mulig uavhengig av kor tid dataene vart samla inn (GTD-kodebok, 2012: 4). Her er det likevel verdt å merke seg at GTD1 og GTD2 la til grunn ulike definisjonar for datainnsamlinga.

Uavhengig av kor mykje arbeid ein legg ned i å kvalitetssikre tidlegare års terroraksjonar, er det ein fare for at det kan oppstå feil. Spesielt problematisk kan det vere at ein går så langt tilbake som 1970 når ein skal foreine dei to datasetta. Til lenger ein går tilbake i historia, til vanskelegare vil det vere å finne informasjon om hendingane. Til dømes baserer GTD og mange av dei andre datasetta seg i stor grad på nyhetsartiklar når terroraksjonane skal kodast. I dag er mediekvardagen ein heilt annan enn den var på 70- og 80-talet, og ein kan difor tenke seg at det i dag vil vere lettare for å konkludere om det er ein terroraksjon eller ikkje. At det er vanskelegare å finne informasjon om hendingar som har skjedd fleire år tilbake blir også understreka av at enkelte variablar i datasettet berre har data frå 1998 og fram til i dag (GTD-kodebok, 2012: 4). I datasettet frå 1998 er det også muleg å filtrere vekk det kodarane karakteriserer som tvilstilfelle. Dette er aksjonar dei har tatt med i datasettet, men som ein er usikre på om verkeleg kan karakterisere som terroraksjonar. Denne funksjonen eksisterer ikkje for tidlegare data (Enders et al., 2011: 48). Å fokusere på perioden frå 1998 og fram til i dag blir difor gjort for å auke reliabiliteten til dataene som blir brukt i undersøkinga.

Ein av dei største fordelane med GTD samanlikna med mange andre datasett er at dei har data både på internasjonal og innanlands terrorisme (Bowie og Schmid, 2011: 296). Dette har som tidlegare påpeikt vore mangelvare i mange av dei andre datasetta som eksisterer. Avhengig av kva informasjon som er tilgjengeleg har GTD koda opp mot 120 kjenneteikn på kvar enkelt aksjon, og rundt 75 av desse kan brukast direkte i statistiske analysar (GTD, 2013). I tillegg til informasjon om kvar angrepet skjer, er andre sentrale data kven som gjennomførte aksjonen, korleis den vart gjennomført, kor mange skadde og drepne aksjonen førte med seg samt kva som var målet for aksjonen (Bowie og Schmid, 2011: 298). Datasettet er med andre eit godt utgangspunkt for å gjennomføre større kvantitative analysar.

4.1.2 GTDs definisjon av terrorisme

På grunn av at terrorisme er eit omstridt omgrep, er det også nødvendig å vurdere nærmare kva slags definisjon av terrorisme som er lagt til grunn i datasettet. Spørsmålet er om det er samsvar mellom den teoretiske og operasjonelle definisjonen av omgrepet. Goertz (2006: 2) er blant dei som har påpeikt at kvantitative studiar i langt mindre grad enn kvalitative studiar er opptekne av dette. I staden for å identifisere klare kjenneteikn som må vere til stades i omgrepet, er fokuset i kvantitative studiar heller koncentrert rundt å finne indikatorar som gjer det muleg å måle omgrepet (Goertz og Mahoney, 2012: 205). Kritikken er spesielt blitt retta mot datasett om terrorisme. Trass i at dei omtalar eit svært kontroversielt omgrep, er det nesten ingen definisjonsmessig diskusjon rundt omgrepet (Goertz og Mahoney, 2012: 207). Denne oppgåva går ikkje djupt inn i denne diskusjonen, men det vil likevel vere viktig å vurdere kor stort samsvar det er mellom definisjonen i GTD og definisjonen som vart presentert i teoridelen, ein definisjon som også størstedelen av forskarane legg til grunn.

Til grunn for kodinga har GTD følgjande definisjon av terrorisme:

«The threatened or actual use of illegal force and violence by a non-state actor to attain a political, economic, religious, or social goal through fear, coercion, or intimidation» (GTD-kodeboka, 2012: 6).

For å bli inkludert i GTD, betyr det i praksis at tre kjenneteikn må vere til stades:

- «**The incident must be intentional** – the result of conscious calculation on the part of a perpetrator.
- **The incident must entail some level of violence or threat of violence** – including property violence, as well as violence against people.
- **The perpetrators of the incidents must be sub-national actors.** This database does not include acts of state terrorism» (GTD-kodeboka, 2012: 6).

I tillegg må minst to av desse tre kriteria vere oppfylt for at det skal bli inkludert i GTD:

- «**Criterion 1: The act must be aimed at attaining a political, economic, religious, or social goal.** In terms of economic goals, the exclusive profit does not satisfy this criterion. It must involve the pursuit of more profound, systemic economic change.
- **Criterion 2: There must be evidence of an intention to coerce, intimidate, or convey some other message to a larger audience (or audiences) than the immediate victims.** It is the act taken as a totality that is considered, irrespective if every individual involved in carrying out the act was aware of this intention. As long as any of the planners or decision-makers behind the attack intended to coerce, intimidate or publicize, the intentionally criterion is met.
- **Criterion 3: The action must be outside the context of legitimate warfare activities.** That is, the act must be outside the parametres permitted by international humanitarian law (particularly the prohibition against deliberately targeting civilians or non-combatants)» (GTD-kodeboka, 2012: 6).

Sjølv om definisjonen her er forskjellig fra den som vart presentert i teoridelen, er det likevel verdt å merke seg at dei hører til same paradigme innan terrorismeforskinga. Det er likevel to openbare skilnader mellom definisjonane. Den første er kven som kan gjennomføre aksjonen. Medan definisjonen til Schmid og Jongman understreka at statlege aktørar kunne gjennomføre terrorisme, er dette ikkje inkludert i definisjonen til GTD. Som diskusjonen i

teoridelen viste, verkar avgrensinga som GTD har gjort fornuftig også for denne oppgåva. Sidan målet er å undersøke statsutfordrande terrorisme, eller det som Bjørgo og Heradstveit (1993: 22) kallar undergravande terrorisme, er det ikkje relevant å sjå nærmare på terrorisme utført av staten.

Den andre sentrale skilnaden mellom definisjonane er kva som er målet med terroraksjonen. I definisjonen til Schmid og Jongman fokuserer dei på at terroraksjonen skal ha politiske mål, medan terroraksjonen kan ha politiske, økonomiske, religiøse eller sosiale mål for å bli registrert i GTD. Dermed er det ein noko vidare definisjon i datasettet, som fører til at fleire hendingar blir koda som terroraksjonar. Ein kan likevel stille seg spørsmål ved om skilnaden her i realiteten er så stor. Sjølv om ein aksjon har religiøse, økonomiske eller sosiale mål, vil det svært ofte bety at aksjonen også har politiske implikasjoner. Når det gjeld økonomiske krav, understrekar GTD at det ikkje handlar om at terrororganisasjonen skal tene pengar på aksjonen, men at det må gjennomførast større økonomiske endringar. Dette er eksempel på eit krav som også har politiske dimensjonar, sjølv om det kan vere økonomiske grunnar som utløyser det.

Enkelte har også påpeikt at definisjonen til Schmid og Jongman har etterleite seg eit uløyst problem nettopp fordi ein ikkje klargjorde grensa mellom politisk terrorisme og andre former for terrorisme (Schmid og Jongman, 1988: 29). Ein kan difor tenkje seg at Schmid og Jongman står i fare for å ekskludere aksjonar som burde vore definert som terroraksjonar. På same måte vil innvendinga mot definisjonen til GTD vere at den opnar for å inkludere hendingar som ikkje burde vore koda som terroraksjonar. Definisjonen i GTD deler forøvrig mange fellestrek med definisjonen til Schmid og Jongman. Målet med aksjonen kan vere både å skremme (intimidation) eller tvinge fram endringar (coercion), men det er likevel ikkje nødvendigvis dei direkte valdsoffera som er målet. Like viktig kan det vere å bruke desse som reiskap for å skape frykt elles i samfunnet. Sjølv om berre to av dei tre siste kriteria i GTD-definisjonen må vere til stades for at ei hending skal bli koda som ein terroraksjon, må alle tre kriteria vere oppfylt for å bli med denne oppgåva. Alle punkta er i tråd med den generelle oppfatninga av kva terrorisme er, og ein vil samtidig vere i stand til å luke vekk aksjonar som ikkje kan karakteriserast som terror.

4.2 Koding av terrorisme-data

For å kunne gjennomføre meiningsfulle analysar, har det i denne oppgåva vore nødvendig å gjere eit omfattande kodingsarbeid. Sidan det i den første delen av oppgåva vil bli ein diskusjon av trendar i og mellom alle regionar i verda, er alle terroraksjonar i verda i perioden 1998 til 2011 gjennomgått. Dette er eit tidkrevjande arbeid, sidan det i datasettet var registrert nesten 20.000 terroraksjonar i løpet av desse 14 åra. Sjølv om mykje av kodingsarbeidet er prega av relativt enkelt rutinearbeid, skal ikkje denne jobben undervurderast. Eit grundig arbeid under kodinga gjer at ein lettare kan trekkje sikre slutningar når resultata føreligg. Det kan i tillegg ha ein verdi for dei som vil forske vidare på dette feltet, fordi eit kvalitetssikra datagrunnlag gjer det lettare å gjennomføre vidare forsking på feltet. Både før og under kodearbeidet har det difor vore mange omsyn å ta. I denne delen blir ulike problemstillingar knytt til kodingsarbeidet presentert.

4.2.1 Talet på statar

Eit sentralt utgangspunkt for kodinga er å klargjere kva for statar som skal inkluderast i analysen. Dette vart spesielt viktig sidan GTD i datasettet også har inkludert land som ikkje nødvendigvis kan reknast som uavhengige statar (GTD-kodebok, 2012: 12). Max Weber, som står bak ein av dei mest siterte definisjonane av ein stat, la vekt på at den moderne staten må ha eit statleg byråkrati som har monopol på legitim bruk av vald over eit gitt territorium. (Milliken og Krause, 2002: 755). I praksis betyr dette at ein må ha institusjonar som politi, forsvar, domstolar, og eit byråkrati som kan krevje inn skattar. Sjølv i dag byggjer mange av dei juridiske definisjonane av ein stat vidare på Webers utgangspunktet.

Den folkerettslege definisjonen av ein stat legg vekt på fire kjenneteikn (Fleischer, 2000: 66). Staten må for det første ha ein fast folkesetnad som er så stor at den kan fornye seg og oppretthalde statens virke over lengre tid. Som Weber også påpeika må staten ha eit bestemt territorium, og det må vere ein organisert og sentralisert myndighet som kan oppretthalde ein viss rettsorden. Til slutt må det også føreligge ein viss uavhengigheit, sjølv om det ikkje er nødvendig at staten er *fullstendig* uavhengig (Fleischer, 2000: 66). Når det gjeld det siste punktet blir det påpekt at ein stats forfatning må vere orginær, noko som betyr at dei ikkje kan ha eit annan lands forfatning som heimel (Fleischer, 2000: 66-67).

Med dette som utgangspunkt er det gjort ei vurdering av kva statar som skal vere med i datasettet. Både Korsika og Nord-Irland er koda som separate «statar» i datasettet, men desse er blitt gjort til ein del av høvesvis Frankrike og Storbritannia i det endelege datasettet. Puerto Rico og Hong Kong er også koda som eigne statar i datasettet. Desse er koda til å vere del av USA og Kina. Utvalet vart difor til slutt på 196 statar, men nokre av desse statane er meir omstridde enn andre. Her kan det nemnast at både Kosovo og Taiwan er inkludert i analysen, sjølv om dei ikkje er anerkjent av alle verdas statar. I datasettet er også «Gazastripa og Vestbreidda» koda som ein eigen stat, men i analysen har eg valt å ikkje inkludere det som til vanleg blir kalla Palestina. Dette vart gjort fordi Palestina består av to ulike geografiske områder, der det uklart kva som skal reknast som hovudstad.

Enkelte av statane har heller ikkje vore statar gjennom heile perioden som eg ser nærmare på. Dette gjeld mellom anna Sør-Sudan som er koda som eigen stat i vel fem månader, sidan dei først vart ein sjølvstendig stat 9. juli 2011 (Breidlid og Stensland, 2011: 1). I det endelege utvalet var det 196 statar, men i 53 av statane har det ikkje vore terrorangrep. Totalt har difor 143 statar opplevd terrorisme i perioden.

4.2.2 Koding av hovudstader og by nummer to

I enkelte statar deler to eller fleire byar på statusen som hovudstad. I slike tilfelle er alle desse byane koda som hovudstad. Dette gjeld for totalt seks statar i det endelege utvalet. Desse statane er Bolivia (Sucre og La Paz), Malaysia (Kuala Lumpur og Putrajaya), Nederland (Amsterdam og Haag), Sri Lanka (Sri Jayawadenapura Kotte og Colombo), Swaziland (Mbabane og Lobamba) og Sør-Afrika (Pretoria, Cape Town og Bloemfontein). Sjølv om desse statane vil ha lettare for å få registrert hovudstadsangrep, er det likevel det einaste alternativet sidan problemstillinga vil undersøke om hovudstadar er spesielt utsette for angrep.

Også den største byen som ikkje er hovudstad blei koda for alle statane. Denne informasjonen kan vere nyttig som eit samanlikningsgrunnlag i presentasjonen av resultata. Dersom det er store skilnader mellom kor mange terrorangrep ein opplever i hovudstaden og by nummer to, kan det indikere at det er visse eigenskapar ved hovudstadane som gjer dei spesielt utsette for angrep.

4.2.3 Aksjonar på same dag

Terrorangrep som skjer på same tid og stad, og er utført av den same gruppa er koda som *eitt* angrep i det endelege datasettet. Terrorangrep som skjer på same tid, men på forskjellige stader og er utført av same person eller gruppe er koda som *fleire* angrep i det endelege datasettet. To eksempel kan synleggjere kva dette betyr i praksis. Terroraksjonen i Norge 22. juli 2011 blir koda som to aksjonar (Utøya og Oslo), sjølv om det var same person som sto bak angrepet. Grunnen er at det skjedde på to ulike stader. Terrorangrepet i London 7. juli 2005 blir derimot koda som ein aksjon sjølv om den same gruppa slo til mot ulike undergrunnsstasjonar. Ved å fjerne desse aksjonane, er vurderinga at ein får eit meir korrekt bilde av terrorismens omfang.

I enkelte tilfelle har det likevel vore vanskeleg å fastslå om det er same gruppe som står bak dei forskjellige angrepa. I desse tilfella er det gjort ei vurdering ut frå informasjonen som er tilgjengeleg i datasettet. I enkelte tilfelle er det også gjort søk i nyheitsarkiv og i nettavisar for å finne meir informasjon om aksjonen. Sidan det her var nødvendig å gå gjennom nesten 20.000 terroraksjonar har dette vore eit tidkrevjande arbeid. Likevel har arbeidet vore både viktig og nødvendig. Gjennomgangen førte til at over 1000 terroraksjonar forsvann frå det endelege datasettet, og dermed sit ein igjen med eit datasett med langt større kvalitet enn ein elles ville hatt.

I dette arbeidet kan ein likevel ikkje utelukke at det er fjerna aksjonar som kan vere utført av ulike grupper. Enkelte gonger har det vore fleire terrorangrep i det same tidsrommet og på nesten same stad i byen. Då er det gått ut frå at det er same gruppe som står bak alle aksjonane sjølv om ein ikkje har informasjon i datasettet om kva gruppe det er som har utført aksjonane. I underkant av 100 slike aksjonar er fjerna, og mange av desse aksjonane var i India, Pakistan, Irak og Afghanistan. På same måte kan det også vere at det i det endelege datasettet er aksjonar som er gjennomført av same gruppe i same by som skulle vore fjerna.

4.3 Uavhengige variablar

Etter å ha presentert arbeidet med å sikre gode data til den avhengige variabelen, vil eg i den komande delen diskutere dei uavhengige variablane som er med i analysen. I tillegg til å diskutere sjølve operasjonaliseringa vil eg også vurdere kjeldene dei er henta frå.

4.3.1 Økonomiske variablar

Økonomiske faktorars påverknad på kvar angrepa blir testa gjennom tre ulike variablar. Som den teoretiske diskusjonen la opp til vil den første variabelen vere brutto nasjonalprodukt (BNP) per innbyggjar. BNP er eit mål på verdien av alt som blir produsert av innbyggjarane i ein stat i ein gitt periode. Den vanlegaste måten å forstå BNP er gjennom utgiftstilnærminga, der BNP svarar til det private forbruket, pluss investering, offentlege utgifter og netto eksport (Rydland, Arnesen og Østensen, 2008: 25-26). Fleire organisasjonar publiserer BNP-statistikk, og i denne oppgåva er Verdsbanken brukt som kjelde for denne variabelen. Også BNP-data frå andre organisasjonar kunne vore nytta som grunnlag for denne variabelen. Undersøkingar har likevel vist at val av kjelde for denne variabelen i liten grad påverkar resultata, sidan dataa er konsistente mellom dei ulike datasetta (Rydland et al, 2008: 28).

I teoridelen vart det også diskutert kor vidt ein stats utviklingsnivå kan påverke sannsynlegheita for å angripe hovudstadar. Dette blir testa gjennom å inkludere ein variabel henta frå FNs utviklingsprogram, UNDP. Kvart år publiserer dei ein indeks over menneskeleg utvikling (Human Development Index – HDI), og dei måler dette etter tre dimensjonar: helse, utdanning og levestandard (UNDP, 2013). Også denne variabelen er mykje brukt i kvantitative oppgåver. Informasjonen som til slutt utgjer HDI-indeksen er samla inn frå ulike organisasjonar. Desse organisasjonane er mellom anna FNs avdeling for økonomiske og sosiale forhold, UNICEF, Verdsbanken og Det internasjonale pengefondet. I løpet av den perioden det blir sett nærmare på er det gjort enkelte endringar i datainnsamlinga, men dei tidlegare resultata er blitt justert etter dei nye metodane (UNDP, 2013). Verdiane dei enkelte statane har fått, er difor samanliknbare for heile perioden 1998-2011.

I teoridelen vart det også lagt opp til å undersøke om statar med generøse velferdsordningar opplever færre hovudstsangrep enn andre statar. Dette blir testa gjennom variabelen prosentdel av BNP som ein stat brukar på velferd per år. Som grunnlag for denne prosenten ligg mellom anna utgifter til helse, familie, uføretrygd, arbeidsløysetrygd, arbeidsmarknadsreformer og pensjonsutbetalingar (OECD, 2013). Dette er ein variabel som er mykje brukt også i andre typar forskingsopplegg (Burgoon, 2006: 187-188). Utfordringa med denne variabelen er likevel at det ikkje finst data for alle statane i verda. For å teste denne variabelen vil det analysedelen bli laga ein eigne modellar for OECD-landa, der denne variabelen er henta frå. OECD er generelt kjent for god datakvalitet og for å ha data som også er konsistente mellom statar (Rydland et al, 2008: 209-210).

4.3.2 Regimevariabel

Kor vidt enkelte politiske regimer er meir utsette for hovudstadsangrep blir testa gjennom ein variabel henta frå datasettet til Polity IV-prosjektet. Variabelen som er brukt i denne analysen måler graden av demokrati på ein 11-punktssakala som går frå 0 til 10, der dei med verdien 10 er dei mest demokratiske statane (Polity IV-kodebok, 2011: 14). Ifølgje datasettet må tre element, som alle er avhengige av kvarandre, vere til stades for at ein stat kan kallast demokratisk. Det må vere institusjonar og prosedyrar der innbyggjarane kan uttrykke sine preferansar om politikk og kven som skal bli dei politiske leiarane. Det andre er institusjonaliserte avgrensingar på den utøvande makta. For det tredje må ein også ha garanti for at borgarrettane blir ivaretakne i deira daglege liv og i den politiske deltakinga.

Andre aspekt ved demokratiet, som til dømes rettstryggleik, pressefridom og maktfordelingsprinsippet er midlar for å oppnå dei tre nemnde elementa (Polity IV-kodebok, 2011: 14). Som utgangspunkt for kodinga av denne variabelen er det blitt brukt ei rekke historiske kjelder, og i løpet av åra er det gjort stadig nye tiltak for å auke reliabiliteten (Polity IV-kodebok, 2011: 5). I 2000 vart det innført grundigare dokumentasjonsprosedyrar og kryssjekking av kodingsprosedyrar. Desse oppdateringa har også sikra at ein sit igjen med data som er konsistente over tid (Polity IV-kodeboka, 2011: 7-8).

4.3.3 Ideologiske variablar

I GTD-datasettet er det også ein tekstvariabel som viser gruppenamnet til dei som har gjennomført aksjonen. Denne variabelen blei difor brukt som utgangspunkt for å lage dei to dummyvariablane «islamistisk ideologi» og «nasjonalist». Sjølv om ein har informasjon om kven som utførte aksjonen, er det likevel ein omfattande og krevjande jobb å skulle klassifisere terrorgruppene etter ideologi. For det første er det ei viss usikkerheit rundt korleis ein skal definere dei enkelte ideologiane. For det andre er det i mange tilfelle uvisst om ein skal plassere gruppa i den eine eller den andre ideologien.

Først av alt er islamisk terrorisme ein form for religiøs terrorisme. Medlemmer av slike grupper vil difor bruke terrorisme til å fremje trusretninga og dei politiske interessene som denne religionen medfører. Det kan handle om at ein vil ha innført nye lover, skikkar og institusjonar, fordi dei meiner dette er i tråd med interessene til den dei tilber (Drake, 1998: 17). Nasjonalistisk terrorgrupper blir også ofte omtalt som separatistar. Også her er det

usemje rundt definisjonar. Drake (1998: 17) definerer nasjonalisme som ein ideologisk bevegelse der ein kjempar for å oppnå og oppretthalde sjølvstende, einskap og ein identitet på vegne av ein folkesetnad som blir sett på som å utgjere ein faktisk eller potensiell «nasjon». Ei separatistisk gruppe ynskjer på si side å sikre politisk uavhengigheit for eit gitt geografisk område av staten dei høyrer til. Målet kan anten vere å få full sjølvstende, eller det kan vere at dei vil bli del av ein annan stat som dei opplever å ha meir til felles med (Drake, 1998: 17). For ikkje å skape forvirring rundt dette, vil desse gruppene i denne oppgåva konsekvent bli omtalt som nasjonalistar.

I enkelte tilfelle har terrorgruppene ein islamsk ideologi samstundes som dei også kan karakteriserast som nasjonalistar, sidan dei kjempar for sjølvstende for det geografiske område dei høyrer til. Dette er mellom anna tilfelle med Abu Sayyaf Group på Filippinene. I dei tilfella der det går tydeleg fram at det primære målet er sjølvstende, er desse gruppene koda som nasjonalistar. I dei tilfella der det har vore vanskeleg å konkludere er den aktuelle organisasjonen koda som ukjent, og ikkje inkludert i analysen. Som utgangspunkt for kodinga av desse to variablane er det brukt ein oversikt som National Consortium for the Study of Terrorism Responses to Terrorism (START) har utarbeidd (START, 2013). Det er også dei som står bak GTD-datasettet som er brukt som utgangspunkt for oppgåva. I tillegg til denne oversikten, er også journalartiklar, avisartiklar og andre nettsider brukt, mellom dei Det nasjonale antiterrorsenteret i USA. Dette tidkrevjande arbeidet har vore nødvendig for å sikre god nok kvalitet på dataa.

4.3.4 Føderalstat

Som tidlegare nemnt har styresmaktene direkte myndigkeit over innbyggjarane i sentralstatar. I føderalsystem deler derimot dei sentrale styresmaktene myndigkeit med andre statar innan deira eiga territorium (Norris, 1997). 24 statar i verda har ein rein føderal struktur i dag, sjølv om mange fleire har innført ein viss form for regional desentralisering (Norris, 1997). Denne variabelen er henta frå datasettet til Pippa Norris (Norris, 2009). Her er også statar som har desentralisering av ei viss grad koda som føderalstat, og totalt er difor 36 av statane registrerte som føderalstatar i det endelige datasettet. Oppgåva vil undersøke om statar som har føderale trekk skil seg frå dei reine sentralstata. Difor vil det vere hensiktsmessig også å inkludere statar som ikkje er reine føderalstatar.

4.3.5 Kontrollvariabel - væpna konflikt

I tillegg til variablane som er uteleia frå den teoretiske diskusjonen, er det også inkludert ein kontrollvariabel. Sjølv om den ut frå eit teoretisk perspektiv ikkje nødvendigvis er like interessante som dei andre forklaringsvariablane, vil det ofte vere viktig å inkludere kontrollvariabler for å unngå at dei uavhengige variablane blir tillagt meir betydning enn dei eigentleg skal ha (Midtbø, 2007: 31). Det er naturleg å tenkje seg at væpna konfliktar for det første til fører til fleire terrorangrep, og samtidig også gjer fleire mål utanfor hovudstaden til attraktive mål. For å kontrollere for dette er det inkludert ein variabel som er henta frå eit datasett drive av Uppsala Conflict Data Programme (UCDP) i samarbeid med The Peace Research Institute Oslo (PRIO). Dei definerer ein væpna konflikt på denne måten:

«a contested incompatibility that concerns government and/or territory where the use of armed forces between two parties, of which at least one is the government of a state, results in at least 25 battle-related death» (UCDP/PRIOR-kodebok, 2009: 1).

Det avgjerande for at det blir koda som ein væpna konflikt er difor om styresmaktene i landet er part i konflikten. Dette betyr at konfliktar mellom ulike opposisjonelle grupper ikkje er nok til å bli koda som ein væpna konflikt (UCDP/PRIOR-kodebok, 2009: 1).

4.4 Datamaterialets samla kvalitet

I sjølve datainnsamlinga har dei som står bak GTD-datasettet brukt fleire uavhengige kjelder. Kjeldene inkluderer bøker, elektroniske nyheitsarkiv frå mediebedrifter i tillegg til både juridiske dokument og journalartiklar (Bowie og Schmid, 2011: 297). Datainnsamlarane har med andre hatt eit breitt kjeldetilfang, noko som gjer det lettare å konkludere om det er ein terroraksjon eller ikkje. Det at det også er fleire kriterier som må vere oppfylt for å bli koda som ein terroraksjon gjer det også lettare å vere sikker på om det faktisk er ein terroraksjon. Når det i tillegg også er gjort eit grundig etterarbeid med datasettet, er det difor grunn til å tru at kvaliteten på datamaterialet generelt er god. På same måte er dei uavhengige variablane henta frå kjelder som er mykje brukt, og der ein har gode prosedyrar for datainnsamlinga. Det er difor rimeleg å legge til grunn at kvaliteten også på desse dataa gjennomgåande er gode.


5. Kor utsett er hovudstaden for angrep?

Dette er eit av to analysekapittel i denne oppgåva. I første del av den teoretiske diskusjonen om terroristars val av åstad blei følgjande hovudhypotese presentert: *Fleirtalet av terrorangrepa vil vere retta mot ein stats hovudstad*. Det vart også argumentert for at det var naturleg å forvente stadig færre angrep mot hovudstadane i løpet av perioden. I dette kapittelet skal desse forholda belysast. Problemstillings andre del, om det er enkelte faktorar som gjer hovudstadane spesielt utsette for angrep, blir dermed diskutert i det andre analysekapittelet.

5.1 Omfanget av terrorisme

Sjølv om fokuset i denne oppgåva er på terrorangrep i hovudstader, vil det innleiingsvis bli gitt eit overblikk over det totale omfanget av terrorisme. Dette kan vere greitt å ha som bakteppe når skilnader mellom kontinent og regionar blir drøfta seinare i oppgåva. Figur 3 viser statistikk over talet på terrorangrep i dei 14 åra som denne oppgåva ser nærmare på.

Figur 3: Terrorism i verda i perioden 1998-2011



Kjelde: Global Terrorism Database

Den kvite søyla i figur 3 viser omfanget av dødelege terroraksjonar, medan den svarte søyla viser omfanget av alle terrorangrep. Som ein ser av figuren låg talet på terroraksjonar relativt stabilt på mellom 750 og 1000 årlege angrep dei sju første åra av perioden som blir undersøkt.

På midten av 2000-talet var det derimot ein kraftig auke i talet på terroraksjonar. I 2007, som var det verste året, vart det registrert 2191 terrorangrep. Ein gjennomgang av datasettet viser at den markante auken skuldast meir terrorisme i Irak. Om lag kvar tredje terroraksjon i 2007 skjedde i denne staten. Etter nokre år med nedgang i talet på terrorangrep, var det i 2011 tilbake på rett i overkant av 2000 terroraksjonar. Dei kvite søylene viser at terroraksjonar med drepne står for om lag halvparten av alle terroraksjonane i verda. I perioden frå 1998-2011 var det ifølgje datasettet nærmare 18.600 terroraksjonar. Av desse førte i overkant av 9.600 aksjonar til at menneskeliv gjekk tapt.

Det er også verdt å merke seg at nokre få statar står for ein stor del av alle terrorangrepa i verda. Det er spesielt fire statar som utmerkar seg med mykje terrorisme, slik tabell 1 viser.

Tabell 1: Oversikt over statane med mest terrorisme i perioden 1998-2011

Land	Tal angrep i perioden	Prosentdel av alle angrep i verda
Irak	3583	19,3
Afghanistan	1972	10,6
India	1694	9,1
Pakistan	1531	8,2
Totalt	8780	47,2

Kjelde: Global Terrorism Database

Irak, Afghanistan, India og Pakistan står samla for nærmere halvparten av alle angrep i denne perioden. Om lag det same resultatet hadde ein fått om det berre var aksjonar med drepne som var undersøkt. Det er med andre store variasjonar i kor utsette statane er for terrorisme, og dette er noko ein difor må ta omsyn til vidare i analysedelen.

5.2 Angrep i hovudstad

I den komande delen vil utgangshypotesen bli belyst ved hjelp av deskriptiv statistikk. Spørsmålet er altså om fleirtalet av terrorangrepa blir retta mot ein stats hovudstad. For at hypotesen skal stemme er ein difor avhengig av at over halvparten av angrepa skjer der. Etter å ha presentert generell statistikk frå datasettet, vil hypotesen bli belyst gjennom å vurdere ulike statar og regionar opp mot kvarandre.

5.2.1 Statar gruppert etter tal angrep

I denne første delen blir statane gruppert etter kor mange terrorangrep dei opplevde i perioden 1998-2011. Som ein ser i tabell 2 er det laga fem grupper. Tabellen viser også kor mange statar som høyrer til kvar av gruppene, kor mange terrorangrep det har vore i desse statane til saman, og kor mange hovudstadsangrep det samla har vore i desse statane. Den siste kollonna viser kor stor prosentdel angrepa i hovudstaden utgjer av alle terrorangrep.

Tabell 2: Omfanget av hovudstadsangrep. Statar gruppert etter talet på terrorangrep i perioden

Inndeling etter tal terrorangrep i perioden 1998 - 2011	Tal statar i denne gruppa	Totalt tal terrorangrep i desse statane	Totalt tal angrep i hovudstad	Prosentdel av angrepa i hovudstad
1 – 5 angrep	55	137	72	52,6
6 – 20 angrep	38	413	147	35,6
21 – 100 angrep	23	962	206	21,4
101 – 500 angrep	17	4064	695	17,1
Over 500 angrep	10	13015	1943	14,9
Totalt	143	18591	3063	16,5

Kjelde: Global Terrorism Database

Den nedste rada i tabell 2 presenterer resultata for alle statane som har hatt terrorangrep i perioden. Her ser ein at det er 143 statar som har hatt terrorangrep i løpet av dei 14 åra. Sidan utvalet før kodinga starta var på 196 statar, er det altså 53 statar³ som ikkje har opplevd terrorisme i perioden. Tabellen viser at det totalt har vore 18591 angrep, og 3063 av desse retta mot hovudstadane. Totalt utgjorde hovudstadsangrepa dermed 16,5 prosent av angrepa.

Med i utgangspunkt i dette talet har ein difor ikkje støtte for hovudhypotesen. Problemet med berre å fokusere på totalfordelinga er likevel at nokre få land påverkar sluttresultata i stor grad. Dei ti statane med mest terrorisme har til saman hatt 70 prosent av alle terrorangrep i

³ Dei 53 statane som ikkje har opplevd terrorisme er: Andorra, Antigua og Barbuda, Bahamas, Barbados, Belize, Bermuda, Botswana, Brunei, Burkina Faso, Kapp Verde, Costa Rica, Cuba, Dei nederlandske Antillane, Dominica, Den dominikanske republikk, Ekvatorial Guinea, El Salvador, Gabon, Ghana, Grenada, Jamaica, Kiribati, Komorane, Liechtenstein, Litauen, Malawi, Malta, Mauritius, Marshalløyane, Mikronesia, Monaco, Mongolia, Montenegro, Nauru, Nord-Korea, Oman, Palau, San Marino, São Tomé og Príncipe, Seychellane, Singapore, Slovenia, St. Lucia, St. Kitts og Nevis, St. Vincent og Grenadinene, Surinam, Sør-Sudan, Taiwan, Togo, Tonga, Turkmenistan, Tuvalu, Vanuatu.

perioden. Dette er årsaka til at statane er gruppert etter kor mange angrep dei har hatt i perioden.

Dersom ein ser på kor mange statar som høyrer til kvar av gruppene, viser tala at den klart største gruppa er dei som har mellom eitt og fem angrep i perioden. 55 statar høyrer til i denne gruppa. Dersom ein utelukkande hadde fokusert på desse statane, hadde hypotesen som vart presentert innleiingsvis fått støtte. 52,6 prosent av angrepa i denne gruppa skjedde nemleg i hovudstaden. I dei andre gruppene blir det gradvis færre hovudstsangrep. Medan meir enn kvart tredje angrep i statane som hadde 6-20 angrep i perioden skjedde i hovudstaden, fell dette talet kraftig i dei siste gruppene. Om lag kvart femte angrep skjer i hovudstadane dersom ein ser på statane som har opplevd 21-100 angrep i perioden. I dei to gruppene av statar med mest terrorisme skjer under 20 prosent av angrepa i hovudstaden. Sjølv om desse to gruppene totalt berre utgjer 27 statar er det elles verdt å merke seg at over 90 prosent av alle terrorangrep i verda skjer i desse statane.

Mange av terroraksjonane kan vere mindre aksjonar, som ikkje resulterer i tap av menneskeliv. Det vil difor vere interessant å sjå om det same mønsteret gjer seg gjeldande dersom ein utelukkande hadde fokusert på dødelege terroraksjonar. Ved å fokusere på desse terroraksjonane er ein sikker på at ein har å gjere med aksjonar av eit visst omfang. I tabell 3 blir desse resultata presentert.

Tabell 3: Omfanget av dødelege hovudstsangrep. Statar gruppert etter talet på terrorangrep

Inndeling etter tal terrorangrep i perioden 1998 - 2011	Tal statar i denne gruppa	Totalt tal terrorangrep i desse statane	Totalt tal angrep i hovudstad	Prosentdel av angrepa i hovudstad
1 – 5 angrep	41	87	32	36,8
6 – 20 angrep	27	304	74	24,3
21 – 100 angrep	14	761	92	12,1
101 – 500 angrep	9	2576	290	11,3
Over 500 angrep	5	5857	1146	19,6
Totalt	96	9585	1634	17,1

Kjelde: Global Terrorism Database

Tabellen viser at 17,1 prosent av alle dødelege terroraksjonar skjedde i hovudstaden i denne perioden. Dette er med andre ord på same nivå som resultatet i tabell 2 viste. I statane med

over 500 angrep, er andelen hovudstadsangrep her nesten 20 prosent, noko som nesten er fem prosentpoeng meir enn den same gruppa hadde i førre tabell⁴.

Dersom ein ser på fordelinga elles i tabell 3 er det verdt å merke seg at andelen hovudstadsangrep er mindre for alle dei fire andre gruppene samanlikna med tabell 2. I gruppa av statar som har opplevd 1-5 angrep skjer kvar tredje dødelege terroraksjon i hovudstadar, mot over halvparten i førre tabell. Andelen går jamt nedover for dei neste gruppene, og i gruppa som har 100-500 angrep skjer om lag kvar tiande terroraksjon i hovudstaden. Hadde denne oppgåva utelukkande fokusert på dødelege terroraksjonar hadde ein difor ikkje fått støtte for hovudhypotesen uansett kva slags gruppe ein hadde sett på her.

5.2.2 Samanlikning med by nummer to

I tillegg til hovudstaden vart, som tidlegare nemnt, også den største byen som ikkje er hovudstad koda. Store skilnader mellom kor utsett hovudstaden og by nummer to er for angrep, kan indikere at det er enkelte ting som gjer hovudstadane spesielt utsette for angrep.

Denne gjennomgangen viste at 3,3 prosent av alle terrorangrep i verda skjedde i desse byane, noko som er betydeleg mindre enn talet på hovudstadsangrep. Talet på dødelege angrep i desse byane utgjorde 3,2 prosent av alle terrorangrep. Desse byane utgjorde også berre nokre få prosent sjølv om statane vart gruppert etter tal terrorangrep i perioden, slik som i tabell 2 og 3. Også om ein såg på dei ulike regionane kvar for seg var prosentdelen på same nivå.

I sju av statane⁵ skjedde likevel fleirtalet av terrorangrepa i by nummer to. Desse statane har det til felles at dei totalt sett hadde få terrorangrep i perioden, mellom eit og sju angrep. Dette kan indikere at det er noko med hovudstadane som gjer dei spesielt utsette for terrorangrep, slik diskusjonen i teorikapittelet viste. Det er eksempelvis interessant å merke seg at det i USA var fleire angrep i hovudstaden Washington trass i at New York er ein langt større by.

⁴ Det er spesielt mange dødelege hovudstadsangrep i Irak. Dette er den viktigaste årsaka til at prosentdelen hovudstadsangrep er så stor i gruppa med statar som har hatt over 500 angrep i perioden. Meir om dette i del 5.3.3.

⁵ Dei sju statane som hadde fleirtalet av angrep i by nummer to var: Dei sameinte arabiske emirata, Papua Ny Guinea, Marokko, Kazakhstan, Bhutan, Bolivia og Benin.

5.3 Hovudstadsangrep i ulike regionar og statar

I den komande delen vil resultata for dei ulike regionane bli diskutert. Tabellane presenterer statistikk for ulike kontinent, regionar og statar. For å avgrense omfanget av tabellane, vil berre tal frå utvalde statar bli presentert i sjølve tabellen. I diskusjonen elles vil likevel andre mønster frå dei ulike kontinenta bli presentert. I tabellane blir det også vist statistikk over omfanget av dødelege aksjonar, og kor mange drepne aksjonane har ført med seg. Oversikta over kva statar som høyrer til dei ulike regionane og kontinenta finn ein i tabell 17 i appendikset.

5.3.1 Angrep i Europa

I Europa er det til dels store variasjonar i kor utsette statar er for terrorisme, og ikkje minst kor utsett hovudstaden er for angrep.

Tabell 4: Terrorisme og hovudstadsangrep i Europa. Perioden 1998-2011.

Region/stat	Alle aksjonar			Dødelege aksjonar			Tal drepne	
	Tal terror-angrep	Tal hovudstads-angrep	Prosentdel hovudstads-angrep	Tal terror-angrep	Tal hovudstads-angrep	Prosentdel hovudstads-angrep	Drepne totalt	Drepne i hovudstad*
Europa	2300	398	17,3	544	57	10,5	3044	611 (20,1)
Storbritannia	330	26	7,9	30	3	10	119	59 (49,6)
Spania	311	22	7,1	38	5	13,2	241	200 (83,0)
Frankrike	201	15	7,5	6	1	16,7	7	1 (14,3)
Russland	731	35	4,8	376	19	5,1	2338	286 (12,2)
Hellas	214	143	66,8	7	6	85,7	69	6 (8,7)
Norden	19	13	68,4	4	3	75	79	10 (12,7)

* Tala som står i parentes viser kor stor prosentdel drepne i hovudstaden utgjer av det totale talet på terrordrepne i dei ulike regionane og statane.

Kjelde: Global Terrorism Database

Tabell 4 viser at 17,3 prosent av alle angrepa i Europa skjedde i hovudstadar, og endå færre av dei dødelege aksjonane skjer i hovudstadane. Storbritannia, Spania, Frankrike og Russland er dei som bidreg mest til at prosentdelen hovudstadsangrep er så låg. Dei er blant statane med mest terrorisme, og med lågast prosentdel hovudstadsangrep. Felles for alle desse statane er at dei har sterke nasjonalistiske grupper i høvesvis Nord-Irland, Baskerland, Korsika og i Kaukasus. Ein annan stat med betydeleg terrorisme, som i motsetnad til dei andre statane også har ein stor del hovudstadsangrep, er Hellas. To tredjedelar av alle angrepa her er retta mot hovudstaden. Ein gjennomgang av datasettet viser at det i Hellas er spesielt mange anarkistiske terrorgrupper. Det er likevel verd å nemne at berre ein svært liten del av

hovudstadsangrepa er dødelege. Med eit lite unntak av Russland ser ein også at det i dei andre statane er relativt få hovudstadsangrep.

Totalfordelinga for Europa viser at det ikkje er støtte for utgangshypotesen. Ein gjennomgang av datasettet viser likevel at 21 av dei totalt 39 statane som vart utsett for terrorisme i Europa i perioden⁶ hadde fleirtalet av angrepa retta mot hovudstaden. Felles for dei fleste av desse statane er at dei hadde relativt få terrorangrep i perioden. Dei nordiske statane er eit klassisk eksempel på desse statane. Som ein ser av tabell 4 hadde dei relativt få terrorangrep, men to tredjedelar av alle terrorangrepa vart retta mot hovudstadane her. Europa utmerkar seg med andre ord som eit kontinentet med mange statar der hovudstaden er særleg utsett for terrorangrep.

Tabellen viser også at meir enn 3000 personar vart drepne i terroraksjonar i Europa i perioden, og rundt ein sjettedel av desse døydde i hovudstadsaksjonar. Russland påverkar likevel statistikken i stor grad. Tre av fire av dei som blei drepne i terrorangrep i Europa, blei det i Russland. Ved å utelate resultata frå denne staten ville 46 prosent av alle terrordrepne i Europa vore personar som omkom i hovudstadsangrep. Storbritannia og Spania har begge relativt få dødelege hovudstadsangrep, men begge desse statane har likevel opplevd ein hovudstadsaksjon kvar som har vore svært dødeleg. Terroraksjonen mot undergrunnssystemet i London i 2005 tok 56 liv, medan aksjonen mot togssystemet i Madrid i 2004 tok 191 liv. Talet på drepne i hovudstaden utgjer difor ein spesiell stor del av det totale talet på drepne i terroraksjonar i desse to statane. Kontrasten til dette er Hellas. Sjølv om dei hadde svært mange hovudstadsangrep i perioden, har den mest dødelege aksjonen skjedd utanfor hovudstaden.

5.3.2 Angrep i Nord- og Sør-Amerika

I tabell 5 blir statistikk for Nord- og Sør-Amerika presentert. I begge desse kontinenta er prosentdelen hovudstadsangrep lågare enn det den var i Europa. Tabellen viser at det er ein stat i kvar av dei to kontinenta som påverkar i spesielt stor grad.

⁶ Dei 21 statane i Europa der over halvparten av terrorangrepa var retta mot hovudstaden var: Armenia, Austerrike, Bulgaria, Danmark, Estland, Finland, Hellas, Island, Irland, Kroatia, Kviterussland, Latvia, Luxembourg, Moldova, Nederland, Norge, Portugal, Romania, Serbia, Slovakia og Ungarn.

Tabell 5: Terrorisme og hovudstadsangrep i Nord- og Sør-Amerika. Perioden 1998-2011.

Region/stat	Alle aksjonar			Dødelege aksjonar			Tal drepne	
	Tal terror-angrep	Tal hovudstads-angrep	Prosentdel hovudstads-angrep	Tal terror-angrep	Tal hovudstads-angrep	Prosentdel hovudstads-angrep	Drepne totalt	Drepne i hovudstad
Nord-Amerika	282	27	9,6	40	9	22,5	2847	19 (0,7)
USA	214	7	3,3	16	1	6,3	2767	3 (0,1)
Sør-Amerika	817	113	13,8	298	28	9,4	1965	130 (6,6)
Colombia	706	60	8,5	274	24	8,8	1855	117 (6,3)

Kjelde: Global Terrorism Database

I Nord-Amerika er USA den staten med mest terrorisme, men berre ein liten del av angrepa skjer i hovudstaden Washington. Prosentdelen er likevel noko høgare om ein ser på aksjonar som har teke liv. Av dei totalt ni statane i Nord-Amerika som hadde opplevd terror i perioden, var det tre av statane som hadde over halvparten av terrorangrepa retta mot mål i hovudstaden⁷.

I Sør-Amerika er Colombia den staten med desidert mest terrorisme, og som ein ser av tabellen skjer mindre enn kvart tiande angrep i denne staten i hovudstaden. Sjølv om prosentdelen hovudstadsangrep er generelt låg også for dette kontinentet, viser gjennomgangen likevel at kontinentet har eit betydeleg tal statar som er spesielt utsette for terror i hovudstaden. Seks av elleve statar i Sør-Amerika hadde over halvparten av terrorangrepa retta mot hovudstadsmål i perioden som oppgåva undersøker⁸.

Ein ser også at talet på drepne i hovudstadane utgjer ein relativt liten del av det totale talet på drepne i begge kontinenta. Dette er spesielt tydeleg i USA. Her er det spesielt terroraksjonen mot World Trade Center i New York 11. september 2001 som gjer at talet på drepne utanfor hovudstaden er så stort. Dei ulike terroraksjonane denne dagen førte åleine til at over 2700 personar omkom. Bortsett frå denne aksjonen har difor både USA og dette kontinentet som heilheit hatt relativt få drepne i terroraksjonar i denne perioden.

⁷ Dei tre satane der fleirtalet av terrorangrepa var retta mot hovudstaden i Nord Amerika var: Haiti, Panama og Trinidad og Tobago.

⁸ Dei seks statane der over halvparten av terrorangrepa var retta mot hovudstader i Sør-Amerika var: Argentina, Chile, Guyana, Paraguay, Uruguay og Venezuela.

5.3.3 Angrep i Midtausten og Afrika

I tabell 6 er det statistikk for tre ulike regionar. Afrika er i tabellen delt opp i ein nordleg og ein sørleg del. I tillegg er tala for Midtausten også inkludert i den same tabellen.

Tabell 6: Terrorisme og hovudstadsangrep i Midtausten og Afrika. Perioden 1998-2011.

Region/stat	Alle aksjonar			Dødelege aksjonar			Tal drepne	
	Tal terror-angrep	Tal hovudstads-angrep	Prosentdel hovudstads-angrep	Tal terror-angrep	Tal hovudstads-angrep	Prosentdel hovudstads-angrep	Drepne totalt	Drepne i hovudstad
Midtausten	4785	1673	35,0	2910	1092	37,5	19712	8320 (42,2)
Irak	3583	1495	41,7	2417	1002	41,5	17672	7802 (44,2)
Israel	493	83	16,8	159	34	21,4	750	216 (28,8)
Tyrkia	287	16	5,6	113	5	4,4	317	9 (2,8)
Nord-Afrika	768	58	7,6	535	35	6,5	3300	213 (6,5)
Algerie	735	51	6,9	517	31	5,6	3077	205 (6,7)
Sørlege Afrika	1519	328	21,6	867	198	22,8	8073	1301 (16,1)
Somalia	429	205	47,8	236	139	58,9	892	615 (69,0)
Nigeria	293	4	1,4	134	3	2,2	732	27 (3,7)

Kjelde: Global Terrorism Database

Tabellen viser at Midtausten er den regionen som hittil har hatt flest hovudstadsangrep. Dette skuldast i første rekke Irak. Det er den staten i heile datasettet som har opplevd mest terrorisme i perioden 1998-2011, og over 40 prosent av angrepa har skjedd i hovudstaden. Nærmare 8000 menneske er blitt drepne i hovudstadsangrepa i denne staten, og dette utgjer nærmere 45 prosent av alle som er blitt drepne i terroraksjonane i Irak. I Israel og Tyrkia er omfanget av hovudstadsangrep markant mindre, noko dei også har til felles med mange andre statar i denne regionen. 14 statar i Midtausten har vore ramma av terrorisme, og av desse er det berre tre statar som har hatt fleirtalet av angrepa retta mot mål i hovudstaden⁹. Desse tre statane hører alle til i gruppa av statar som har hatt under fem terrorangrep i perioden.

I Nord-Afrika er det Algerie som har det største omfanget av terrorisme, men også her er det få angrep i hovudstaden. Det er det også i dei andre statane i denne regionen. I alle dei fire andre statane i regionen skjedde mindretalet av terrorangrepa i hovudstaden.

I det sørlege Afrika er det to statar som utmerkar seg med mykje terrorisme. Medan nær halvparten av angrepa i Somalia skjer i hovudstaden, skjer berre vel ein prosent av angrepa i hovudstaden i Nigeria. Om oppgåva utelukkande hadde fokusert på dødelege aksjonar, hadde

⁹ I Midausten hadde desse statane fleirtalet av terrorangrep retta mot mål i hovudstaden: Bahrain, Kuwait og Qatar.

hovudhypotesen stemt i Somalia sitt tilfelle. Nesten tre av fem av dødelege aksjonar skjedde i hovedstaden her, og over 600 er blitt drepte i hovedstadsaksjonane. Det utgjer nesten 70 prosent av alle som er blitt drepte i terroraksjonar i denne staten.

I regionen elles er det totalt 36 statar som har vore utsett for terrorisme. I sju av desse statane har fleirtalet av angrepa vore retta mot hovedstaden¹⁰. Fire av desse statane var i gruppa som hadde hatt mellom 1-5 terrorangrep i perioden, medan to statar var i gruppa som hadde opplevd 6-20 terrorangrep i perioden.

5.3.4 Angrep i Asia og Oseania

Også i Asia viser tabell 7 at det er variasjon mellom ulike regionar og statar når det gjeld kor utsett dei er for terrorangrep, og ikkje minst kor mange av dei som blir retta mot hovedstaden.

Tabell 7: Terrorisme og hovedstadsangrep i Asia og Oseania. Perioden 1998-2011.

Region/stat	Alle aksjonar			Dødelege aksjonar			Tal drepne	
	Tal terror- angrep	Tal hovedstads- angrep	Prosentdel hovedstads- angrep	Tal terror- angrep	Tal hovedstads- angrep	Prosentdel hovedstads- angrep	Drepne totalt	Drepne i hoved- stad
Sentral-Asia	35	17	48,6	25	12	48,0	102	32 (31,4)
Aust-Asia	44	10	22,7	15	2	13,3	259	3 (1,2)
Kina	29	4	13,8	15	2	13,3	259	3 (1,2)
Søraust-Asia	1809	97	5,4	874	22	2,5	2369	206 (8,7)
Filippinene	668	16	2,4	284	6	2,1	1116	136 (12,2)
Thailand	807	28	3,5	462	2	0,4	713	5 (0,7)
Sør-Asia	6218	337	5,4	3476	179	5,2	18591	1421 (7,6)
Afghanistan	1531	133	8,7	979	73	7,5	4229	517 (12,2)
India	1972	21	1,1	1066	13	1,2	4987	139 (2,8)
Pakistan	1694	36	2,1	878	27	3,1	5761	376 (6,5)
Oseania	14	5	35,7	1	0	0	3	0 (0)

Kjelde: Global Terrorism Database

Fire statar i Sentral-Asia har opplevd terrorisme, og i to av desse statane har fleirtalet av angrepa vore retta mot hovedstadane¹¹. Dette gjer at prosentdelen hovedstadsangrep er tett opp mot 50 i denne regionen. I Aust-Asia er det tre statar som har opplevd terrorisme, og ein

¹⁰ Statane som hadde fleirtalet av terrorangrepa retta mot mål i hovedstaden i det Sørlege Afrika var: Eritrea, Guinea-Bissau, Lesotho, Madagaskar, Mauritania, Sør-Afrika og Tanzania.

¹¹ Dei to statane med fleirtalet av terrorangrepa retta mot hovedstaden i Sentral-Asia var Tadsjikistan og Usbekistan.

av desse statane har hatt fleirtalet av angrepa mot hovudstaden¹². Rundt kvar femte angrep i denne regionen skjedde i hovudstaden. Kina har hatt dei fleste terrorangrepa her, men få av angrepa vart retta mot hovudstaden Beijing.

Søraust-Asia og Sør-Asia er dei to regionane i heile datasettet med den lågaste prosentdelen hovudstadsangrep. Totalt i desse to regionane er det 17 statar som har opplevd terrorisme, og berre tre av desse statane har hatt fleirtalet av angrepa retta mot mål i hovudstaden¹³. I Søraust-Asia er det Thailand og Filippinene som bidreg mest til statistikken, begge med under fire prosent av angrepa i hovudstaden. Afghanistan, India og Pakistan er dei som opplever størstedelen av terrorismen i Sør-Asia, og alle desse statane har få hovudstadsangrep.

Den siste regionen i datasettet, Oseania, har hatt få terrorangrep i perioden. 35,7 av alle angrep skjedde i hovudstaden, og det er ein av dei høgaste prosentdelane av alle regionane i verda. Totalt har fem statar opplevd terrorisme i perioden, og to av desse hadde fleirtalet av angrepa retta mot hovudstaden¹⁴. Berre ein av terroraksjonane i perioden tok menneskeliv.

Tabellen viser også at rundt 21.000 menneske har mista livet totalt i terroraksjonane i desse regionane, og av desse var det 1600 som blei drepne i hovudstadsaksjonar. Prosentdelen drepne i hovudstadane er difor relativt lite for alle statar og regionar i tabell 7, dersom ein samanliknar det opp mot det totale talet på drepne.

5.3.5 Omfanget av hovudstadsangrep oppsummert

Med unntak av Norden, er det ingen av regionane eller kontinenta i tabellane over som har hatt fleirtalet av angrepa retta mot hovudstaden. Likevel har gjennomgangen vist at det er ein del skilnader mellom regionane. Dei regionane som utmerkar seg med spesielt få hovudstadsangrep er Søraust-Asia, Sør-Asia og Nord-Afrika. Også Nord-Amerika har relativt få hovudstadsangrep, og det same hadde vore tilfellet for Midtausten om ein hadde utelate Irak. Denne staten er eit spesielt tilfelle fordi den har mange terrorangrep, og i motsetning til

¹² Den einaste staten som hadde fleirtalet av terrorangrepa retta mot hovudstaden i Aust-Asia var Sør-Korea

¹³ Dei tre statane i Søraust- og Sør-Asia som hadde fleirtalet av terrorangrepa retta mot mål i hovudstaden var Kambodsja, Laos og Maldivene.

¹⁴ Statane med fleirtal av hovudstadsangrep i Oseania var Fiji og New Zealand.

fleire av dei andre statane i regionen også har mange hovudstadsangrep. I Sør-Amerika er også prosentdelen hovudstadsangrep relativt låg, men her har til gjengjeld halvparten av statane hatt fleirtalet av angrepa retta mot mål i hovudstaden. Tabellane har også vist at prosentdelen hovudstadsangrep i dei fleste regionar er relativt stabil uavhengig om ein ser på alle aksjonar eller berre ser på aksjonar med drepne.

Gjennomgangen har likevel vist at det kan vere noko misvisande å fokusere utelukkande på dei ulike regionane. Det er vist til at det i dei fleste regionar er statar som har fleirtalet av angrepa retta mot mål i hovudstaden, men dette kjem ikkje fram av statistikken fordi det ofte er statar som har hatt få terrorangrep. Av dei 143 statane som har opplevd terrorisme, er det totalt 48 statar som har hatt flest angrep i hovudstaden. Spesielt mange av desse statane finn ein i Europa. Kvar tredje stat i verda har med andre ord fleirtalet av angrepa retta mot mål i hovudstaden. Om lag same resultat hadde ein fått om ein berre hadde fokusert på dei dødelege aksjonane. I 29 av 96 statar skjedde fleirtalet av dei dødelege aksjonane i hovudstaden. Også her ser ein visse regionale skilnader. Europa er den regionen som har spesielt mange statar med flest hovudstadsangrep. Over halvparten av statane som har opplevd terrorisme på dette kontinentet hadde fleirtalet av terrorangrepa retta mot hovudstadane.

Rett i overkant av 60.000 personar blei drepne i terroraksjonane i løpet av perioden, og av desse vart vel 12.200 personar drepne i hovudstadar. Dette utgjer 21 prosent av alle drepne. Med tanke på at 17,1 prosent av alle dødelege angrep skjedde i hovudstadar (sjå tabell 3), betyr dette at terroraksjonar i hovudstadar i gjennomsnitt tek fleire liv enn terroraksjonar utanfor hovudstaden. Tabell 8 viser korleis denne fordelinga er for ulike kontinent og regionar.

Tabell 8: Forholdet mellom dødelege hovudstadsangrep og talet på drepne.

Region/stat	Prosentdel av alle dødelege aksjonar som har skjedd i hovudstad	Prosentdel av alle terrordrepne som blei drepne i hovudstadar
Europa	10,5	20,1
Nord-Amerika	22,5	0,7
Sør-Amerika	9,4	6,6
Midtausten	37,5	42,2
Nord-Afrika	6,5	6,5
Sørlege Afrika	22,8	16,1
Sentral-Asia	48,0	31,4
Aust-Asia	13,3	1,2
Søraust-Asia	2,5	8,7
Sør-Asia	5,2	7,6

Kjelde: *Global Terrorism Database*

I fire kontinent/regionar viser resultata at hovudstadsangrepa i gjennomsnitt er meir dødelege enn terroraksjonar som skjer andre stader. Spesielt tydeleg er dette i Europa. 10,5 prosent av alle dei dødelege terrorangrepa skjedde i hovudstaden, medan vel 20 prosent av alle som mista livet i terroraksjonar blei drepne i hovudstadar. Også i Midtausten, Søraust-Asia og Sør-Asia er det same trend. I dei andre regionane er trenden motsett. Aller tydelegast er dette i Nord-Amerika. Dette skuldast i første rekke terrorangrepet i september 2001, som åleine kravde nærmare 3000 menneskeliv.

5.4 Færre hovudstadsangrep?


I teoridelen vart det også drøfta kor vidt det hadde vorte færre hovudstadsangrep i løpet av perioden. Det vart peikt på at det utover på 2000-talet vart sett fart på arbeidet med å sikre både kritisk infrastruktur og symboltunge mål som ein ofte finn i hovudstaden. Å beskrive omfanget av hovudstadsangrep kan gjerast på to måtar. Ein kan sjå på kor mange terrorangrep det har vore i hovudstaden per år, eller ein kan sjå på kor stor prosentdel hovudstadsangrepa utgjer av dei totale terrorangrepa kvart år.

Frå år til år det store variasjonar i kor mange terrorangrep som skjer i verda. I toppåret var det nesten 2200 angrep, medan det i andre år var ned mot 700 angrep. Talet på hovudstadsangrep vil naturlegvis bli påverka av dette, og det vil vere langt større sjanse for fleire

hovudstadsangrep i dei åra med mykje terrorisme. Difor er det gode grunnar til å legge mest vekt på kor stor prosentdel hovudstadsangrepa utgjer av alle terrorangrep kvart år.

I gjennomgangen av datasettet viste det seg at Irak er eit spesielt tilfelle fordi dei i første del av 2000-talet opplever ein kraftig auke i terrorangrep, og samstundes har svært mange hovudstadsangrep. I figur 4 er det difor inkludert to grafar. Ein med resultata for alle statane, og ein der resultatet for Irak er ekskludert. Med dette blir det teke høgde for at denne staten påverkar sluttresultata i stor grad.

Figur 4: Prosentdelen hovudstadsangrep per år i perioden 1998-2011



Kjelde: Global Terrorism Database

Dersom ein ser på den svarte grafen i figur 4, der resultatet frå alle statane er inkludert, gir den delevis støtte for hypotesen om færre angrep i løpet av perioden. Frå toppåret i 2006, då nesten kvar fjerde aksjon skjedde i hovudstadane, har prosentdelen gått jamt nedover, og i 2011 skjedde 12 prosent av alle terrorangrepa i verda i hovudstaden. Samstundes ser ein at talet på hovudstadsangrep var relativt lågt også i perioden 1999-2003, og 2001 var det året med den lågaste prosenten hovudstadsangrep. 2003 er starten på fleire år med markant fleire hovudstadsangrep, og det er openbart at dette har samanheng med Irak-krigen som starta same året.

Dette synleggjer den grå grafen, der resultatet frå Irak er ekskludert. Dei to grafane følgjer kvarandre fram til 2003 før dei skil lag i resten av perioden. Dersom ein ser på denne grafen blir det tydlegare at ein stadig mindre del av terrorangrepa skjedde i hovudstadane i perioden. Resultata svingar rett nok frå år til år. Det er likevel tydeleg at i siste halvdel av perioden er prosentdelen hovudstadsangrep markant mindre samanlikna med første halvdel av perioden. 2009-2011 var dei tre åra der prosentdelen hovudstadsangrep var lågast i perioden, og i botnåret 2011 skjedde 7,4 prosent av alle angrep i hovudstadane i desse statane.

I innleiinga av analysedelen vart det vist til at også Afghanistan, India og Pakistan er statar med mykje terrorisme. Det vart undersøkt om resultatet vart påverka av å ta ut desse statane frå analysen. Gjennomgangen viste likevel at dei ikkje påverka resultata i spesielt stor grad. Prosentdelen hovudstadsangrep vart noko høgare rundt midten på 2000-talet. Likevel var det framleis ein klar skilnad mellom første og siste halvdel av perioden.

Den regionen som skil seg mest frå denne generelle trenden er det sørlege Afrika. Andelen hovudstadsangrep har stort sett låge på rundt 20 prosent gjennom heile perioden. Heller ikkje i Nord-Amerika er det nokon stor skilnad frå år til år. I Europa varierer resultata noko. Omfanget av hovudstadsangrep gjekk jamt nedover frå 1998 til første halvdel av 2000-talet. 2008 og 2009 var likevel dei åra der prosentdelen hovudstadsangrep var høgast i Europa, då kvar fjerde angrep skjedde i hovudstaden. I dei to siste åra skjedde ein mindre del av angrepa i hovudstaden, og i 2011 var prosentdelen hovudstadsangrep på sitt nest lågaste nivå i løpet heile perioden. I Sør-Amerika varierte andelen mykje fram til midten av 2000-talet, men frå 2007 har prosentdelen hovudstadsangrep gått noko ned også her.

Hadde det i denne delen vore fokus på tal terrorangrep i hovudstadane per år, ville hypotesen derimot ikkje fått støtte. Oversikta for alle verdas statar viste at talet på terrorangrep gjekk ned frå 2007, men samstundes var talet på hovudstadsangrep høgare i 2011 enn det var i alle åra fram til og med 2005. Sjølv om ein ekskluderte Irak frå analysen var det heller ikkje støtte for hypotesen. Talet på hovudstadsangrep gjekk nedover frå 1999-2005, men sidan aukar talet. I 2011 var det 122 hovudstadsangrep i desse statane, og totalt var det åtte år som hadde færre hovudstadsangrep.

Oppsummert kan vi difor slå fast at prosentdelen hovudstadsangrep har gått noko ned i løpet av dei siste åra, og det blir spesielt tydeleg om ein utelet resultata frå Irak. Likevel ser ein at trenden ikkje er eintydig i alle regionar. Det er difor vanskeleg å seie om den generelle nedgangen i hovudstadsangrep skuldast tilfeldige svingingar eller er eit resultat av at ein har jobba for å beskytte potensielle hovudstadsmål, slik det vart diskutert i teoridelen.

5.5 I kva grad stemmer hypotesane?

I den siste delen vil resultata frå dette kapittelet bli sett i lys av dei teoretiske forventningane som vart presentert i kapittel 2. I dette kapittelet har to av hypotesane blitt vurdert.

Hovudhypotesen i denne oppgåva var som følgjer:

Hypotese 1: *Fleirtalet av terrorangrepa vil vere retta mot ein stats hovudstad.*

Denne hypotesen stemmer for rundt ein tredjedel av verdas statar. Dersom ein ser på det totale omfanget av hovudstadsangrep i perioden, er det likevel grunn til å moderere hypotesen. Gjennomgangen har vist at det i hovudsak er statar som har opplevd lite terrorisme i perioden som har ein spesielt stor prosentdel hovudstadsangrep. Dess oftare terroraksjonar skjer i ein stat, dess klarare er tendensen til at færre av angrepa skjer i hovudstaden, slik det gjekk fram av tabell 2 og tabell 3. Det betyr samstundes at i statar der terrorangrep er sjeldnare, kan ein vente at angrep oftare skjer i hovudstadar. Dette var også tydeleg i gjennomgangen av dei ulike regionane og statane. Med nokre få unntak hadde dei statane med mest terrorisme gjennomgåande berre ein liten del av terrorangrepa i hovudstaden.

Likevel er nesten kvart sjette terrorangrep retta mot hovudstadar. Sjølv om det er relativt langt frå forventninga i utgangshypotesen er det likevel eit betydeleg tal, spesielt med tanke på kor mange potensielle stader og mål det er for terroristar i ein stat. Samanlikna med den nest største byen såg ein også at hovudstadane hadde fleire angrep i nesten alle statane som hadde opplevd terrorangrep i perioden.

Hypotese 2: *Det har vorte færre hovudstadsangrep i løpet av perioden 1998-2011*

Gjennomgangen i den føregåande delen viser at denne hypotesen har større støtte. Sjølv om talet på hovudstadsangrep varierte, har prosentdelen hovudstadsangrep gått ned noko i løpet

av perioden. Likevel er det framleis uvisst om det er tiltaka som vart skildra i teorikapitelet som er grunnen til nedgangen. I vidare studiar vil det difor vere interessant å undersøke kva det er som blir angripe i hovudstadane. Som det vart påpeikt i den teoretiske diskusjonen vil dei som planlegg terrorangrep gjere vurderingar av kva sikringstiltak som er på plass rundt måla dei skal angripe. Med tanke på at mange av dei politiske institusjonane og dei klassiske maktsymbola blir stadig betre sikra, vil det difor vere spesielt interessant å sjå om terroristar i aukande grad vel seg mål som er lettare tilgjengelege.

Samtidig er det viktig å vere klar over talet på hovudstadsangrep dei siste åra har vore relativt lågt. Talet har vore på rett i overkant av 100 hovudstadsangrep. Med tanke på kor mange potensielle mål ein kan finne i ein hovudstad vil det vere ei grense for kor lågt dette talet kan bli. Sjølv om nye sikringstiltak kan redusere både risikoen og konsekvensane av angrep, vil det vere umuleg å beskytte seg fullstendig mot terrorangrep i hovudstader så vel som andre stader.

6. Kva forklarer hovudstadsangrep?

I dette kapittelet blir fokuset retta mot problemstillingas andre del, der det blir undersøkt om enkelte faktorar gjer hovudstadane meir utsette for terrorisme. I den første delen av kapittelet vil deskriptiv data om dei ulike variablane bli vist. Deretter blir resultata frå dei ulike regresjonsmodellane presentert. Det blir køyrt regresjonsmodeller med totalt tre ulike utval. Det første utvalet inkluderer alle statane i analysen. Det andre utvalet utelet statane som ofte blir omtalt som såkalla «hot spots». Statane India, Pakistan, Irak og Afghanistan skil seg ut i datasettet som spesielt utsette for terrorisme, noko ein også såg innleiingsvis i kapittel 5. Difor blir det undersøkt om ein får andre resultatet ved å utelete desse statane. I det siste utvalet blir det sett på resultatet for OECD-statane. Gjennom å ha ulike utval kan ein vurdere kor vidt dei same effektane gjer seg gjeldande i alle modellane.

6.1 Deskriptiv data frå variablane

I denne delen vil data frå variablane bli diskutert i korte trekk. I tabell 9 er det inkludert informasjon om talet på observasjonar, minimum og maksimum-verdiar, gjennomsnittet for variablane samt standardavviket. Det gir ikkje mening å inkludere informasjon om standardavviket for dikotome variablar, og difor er desse verdiane berre oppgitt for dei metriske variablane.

Tabell 9: Deskriptiv statistikk over variablane som er inkludert i analysen.

Variabel	N	Minimum	Maksimum	Gjennomsnitt	Standardavvik
Avhengig variabel Hovudstad	18605	0	1	0,17	–
Økonomiske forhold BNP HDI Velferd	18075 17886 2316	69 22,1 4,6	98102 94,3 32,2	4662,77 58,1943 18,762	8633,137 14,44984 5,55104
Styresett Demokrati Føderalstat	13446 18605	0 0	10 1	6,10 0,40	3,154 –
Ideologi Islam Nasjonalist	7926 7926	0 0	1 1	0,33 0,38	– –
Kontrollvariabel Væpna konflikt	18605	0	1	0,83	–

Den avhengige variabelen *hovudstad* har 18.605 observasjonar, som altså er det totale talet på terrorangrep i perioden. Bakgrunnen for å gjennomføre ein logistisk regresjon er som tidlegare nemnt at den berre har to verdiar, angrep i hovudstad (1) eller ikkje angrep i hovudstad (0). Gjennomsnittet fortel oss at 17 prosent av angrepa i datasettet skjedde i hovudstaden.

I regresjonen er det som tidlegare nemnt inkludert tre økonomiske variablar, og alle er metriske. For variabelen *BNP* er talet på observasjonar noko mindre enn det er for den avhengige variabelen. Verdiane er oppgitt i dollar, og ein ser at det er store variasjonar. Frå ein BNP per innbyggjar i Angola det eine året på 69 amerikanske dollar (USD) til 98.102 USD i Luxembourg eit år. Standardavviket på 8633,1 viser også at det er stor spreiing på denne variabelen.

Variabelen *HDI* måler utviklingsnivået til ein stat, og har i underkant av 18.000 observasjonar. Dette var i utgangspunktet ein variabel som gjekk frå 0 til 1, og statane i datasettet hadde verdiar frå 0,221 til 0,943. For å gjere tolkinga lettare vart likevel dei enkelte verdiane ganga med hundre, slik at ein fekk verdiar som potensielt kan variere mellom 0 og 100. Ein ser at gjennomsnittsverdien for denne variabelen ligg om lag midt mellom dei to ytterverdiane, men også her viser standardavviket på 14,4 relativt stor spreiing.

Variabelen *velferd* har berre tal for OECD-landa, og vil difor berre bli brukt i dei siste modellane der desse statane er utvalet. Kor stor prosentdel av BNP som desse statane brukar på velferd varierer frå 4,6 til 32,2 prosent. Også her viser standardavviket på 5,55 relativt stor spreiing.

Variabelen *demokrati* har i overkant av 13.000 observasjonar, noko som er ein del mindre enn dei økonomiske variablane HDI og BNP. I statar som er okkuperte eller der det sentrale maktapparatet har kollapsa manglar det verdiar på regimestatusen dei aktuelle åra. Det manglar også verdiar for statar som er i ein overgangsperiode der nye politiske institusjonar blir planlagt og etablert. Somalia er likevel den einaste staten som forsvinn heilt frå analysen som følgje av dette. Det betyr samstundes at det ikkje er data frå Afghanistan i perioden 2001-2011, og frå Irak i perioden 2003-2009. Tabell 16 i appendikset gir ei samla oversikt over statane det manglar data på for denne variabelen. Sjølv om dette fører til at det endelege

utvalet blir noko redusert, er det framleis så mange observasjonar at det kan gi meiningsfulle analysar. Variabelen har verdiar som går frå 0 til 10, der statane med høgast verdi vil vere dei mest demokratiske. Gjennomsnittsstaten plasserer seg her på øvre halvdel av skalaen, men også her indikerer standardavviket ei viss spreiing. Den andre variabelen i kategorien styresett, *federalstat*, er dikotom. Gjennomsnittet på 0,40 betyr at 40 prosent av alle terrorangrep i perioden 1998-2011 skjedde i føderalstatar.

Dei to dummyvariablane om ideologi, *islam* og *nasjonalisme*, har i underkant av 8000 observasjonar, noko som er markant færre enn mange av dei andre variablane i datasettet. At det manglar informasjon om kven som står bak mange av terroraksjonane, gjer at ein må tolke resultata frå desse variablane med spesiell varsemd. Likevel er det så mange observasjonar tilgjengeleg at det gir grunnlag for å undersøke dette nærmare. I sjølve analysen blir det difor køyrt ulike modellar. Det vil først bli køyrt eigne modellar for dei variablane som ein har flest observasjonar frå. Deretter blir det køyrt eigne modellar for dei utvala der ein har informasjon om kven som står bak terrorangrepet.

I tillegg til desse variablane, er kontrollvariabelen *væpna konflikt* inkludert i regresjonen. Til liks med føderalstat-variabelen har denne 18.605 observasjonar. Gjennomsnittet på 0,83 betyr her at 83 prosent av alle terroraksjonane har skjedd i statar som har vore involvert i væpna konfliktar.

6.2 Resultat for heile verda som utval

I dei komande modellane er alle statane i verda inkludert. Som tidlegare nemnt blir det køyrt regresjonar med ulike utval. I tabell 10 er ideologi-variablane utelatne, medan dei er inkludert i tabell 11. Bakgrunnen for å gjere det på denne måten er altså at ideologi-variablane har så mange manglande verdiar, at ein her bør vere ekstra varsam med tolkinga. I modellen fortel koeffisientane om det er snakk om ein positiv eller negativ samanheng. Signifikansverdiane blir vist i andre rad. Med eit så stort utval blir signifikansnivået i denne oppgåva sett til fem prosent. Alle variablar med høgare verdiar enn dette vil difor bli ekskludert i dei neste modellane. Oddsraten i den siste rada viser kor sterk effekt dei enkelte variablane har.

Tabell 10: Modell 1 og 2. Resultat frå regresjonen med heile verda som utval.

	Modell 1			Modell 2		
	Koeff.	p-verdi	Oddsrate	Koeff.	p-verdi	Oddsrate
BNP	.000	.463	1.000			
HDI	.008	.010	1.008	.005	.028	1.005
Demokrati	-.028	.012	.973	-.029	.006	.971
Føderalstat	-1.300	.000	.273	-1.321	.000	.267
Væpna konflikt	-1.436	.000	.238	-1.413	.000	.243
Constant	-.935	.000	.393	-.753	.000	.471
	N = 13.274 -2LL: 7931,869 Negelkerkes R²: 0,149			N = 13.274 -2LL: 7991,001 Negelkerkes R²: 0,149		

Utvalet i desse to modellane er 13.274. Gjennomgangen av dei enkelte variablane i førre del viste at grunnen til at det ikkje er høgare i hovudsak skuldast demokrativariabelen som har ein del manglande verdiar. I modell 1 ser ein at variabelen BNP ikkje er signifikant på 5 prosentnivå, medan resten av variablane er det. HDI-variabelen indikerer at statar med høgare utviklingsnivå har større sannsynlegheit for hovudstadsangrep. For dei tre andre variablane er samanhengen negativ. Hovudstadsangrep er mindre sannsynleg i demokratiske statar, føderalstatar og i statar der det føregår væpna konfliktar.

I modell 2 er BNP-variabelen ekskludert som følgje av at han ikkje var signifikant i den første modellen. Ein lågare -22L vil som tidlegare nemnt indikere at modellen har større forklaringskraft. I modell 2 har -22L-verdien auka, noko som ikkje er overraskande med tanke på at ein av variablane er fjerna frå regresjonsmodellen. Negelkerkes R² har derimot ikkje endra seg sjølv BNP-variablane vart utelaten. Dette er som venta sidan variabelen ikkje hadde nokon del av forklart varians.

Alle variablane i modell 2 er signifikante. Koeffisientane og oddsraten til dei enkelte variablane har likevel ikkje endra seg nemneverdig frå modell 1. Oddsrate til HDI er 1,005. I metodekapittelet vart det vist til at oddsratear på over 1 betyr at det er ein positiv samanheng, medan verdiar under 1 betyr at det er ein negativ samanheng. For kvar einings auke på HDI-

variabelen aukar oddsen for å oppleve hovudstadsangrep med 0,5 prosent¹⁵. Som det vart vist i den deskriptive gjennomgangen av variabelen, er dette ein variabel som potensielt kan ha verdiar frå mellom 0 til 100. Difor gir det meir mening å sjå på effekten ved større endringar på denne variabelen. Ved 10 einingars auke på HDI-skalaen, vil oddsen for å oppleve terrorangrep ifølgje modellen auke med 5,1 prosent¹⁶.

Demokrati-variabelen har ein oddsrate på under 1, noko som altså inneber at det er ein negativ samanheng. Ein bevegelse på ei eining i demokratisk retning vil ifølgje denne modellen bety at oddsen for å oppleve angrep i hovudstaden blir redusert med 2,1 prosent.

Dei to dummyvariablane føderalstat og væpna konflikt har begge negativt forteikn. Oddsrateen på .267 betyr at oddsen for å oppleve hovudstadsangrep ifølgje denne modellen er 73,3 prosent større for sentralstatar enn for føderalstatar. Oddsrateen for væpna konflikt er .243. Dette betyr at oddsen for å oppleve hovudstadsangrep er 75,7 prosent større for statar der det ikkje er væpna konfliktar.

I tabell 11 er også ideologi-variablene *nasjonalist* og *islam* inkludert i analysen. Utvalet er meir enn halvert her samanlikna med den førre tabellen, og dette skuldast altså at det manglar informasjon om kven som står bak ein del av terrorangrepa i datasettet. For å kunne undersøke korleis forklaringskrafta til modellen blir påverka av å inkludere dei ideologiske variablene, blir det først køyrt ein modell utan desse variablene.

¹⁵ Prosentvis endring i odds blir rekna ut på følgjande måte: Oddsrateen – 1 x 100. I tilfelle for denne variabelen blir reknestykket: $1.005 - 1 \times 100 = 0,5$.

¹⁶ For å finne den prosentvise endringa på variablar med fleire verdiar, må ein ta oddsrateen opphøgd i det talet på verdiars endring ein ønskjer å sjå effekten av, og frå denne summen trekke frå 1. Deretter gangar ein dette talet med hundre. Reknestykket bak resultatet frå denne variabelen blir difor $(1,005)^{10} - 1 \times 100 = 0,051 \times 100 = 5,1$ prosent.

Tabell 11: Modell 3 og 4. Regresjon med heile verda som utval, og ideologi inkludert.

	Modell 3			Modell 4		
	Koeff.	p-verdi	Oddsrate	Koeff.	p-verdi	Oddsrate
BNP	.000	.003	1.000	.000	.086	1.000
HDI	-.006	.159	.994			
Demokrati	-.144	.000	.866	-.097	.000	.908
Føderalstat	-.521	.000	.594	-.511	.000	.600
Væpna konflikt	-1.137	.000	.321	-1.263	.000	.283
Islam				.654	.000	1.924
Nasjonalist				-.437	.000	.646
Constant	-.175	.429	.840	-.688	.000	.503
	N = 6556 -2LL: 3561,623 Negelkerkes R²: 0,091			N = 6556 -2LL: 3291,397 Negelkerkes R²: 0,246		

I modell 3 er BNP no signifikant, men oddsraten på 1.000 betyr at oddsen for å oppleve hovudstadsangrep er lik uansett kva BNP-nivå ein er på. I motsetning til i dei føregåande modellane har koeffisienten til HDI-variabelen her fått negativt forteikn, men variabelen er ikkje signifikant. Den blir difor ekskludert frå modell 4. Dei andre variablane som også var inkludert modell 1 og 2 har same forteikn på koeffisientane.

I modell 4 ser ein at $-2\Delta L$ er markant lågare samanlikna med modell 3, noko som indikerer at denne modellen har større forklaringskraft. Negelkerkes R^2 har også auka betydeleg. I denne modellen er BNP-variabelen ikkje signifikant. Dei tre andre variablane som også var inkludert i modell 3 er her signifikante, og dei har same forteikn som i den føregående modellen.

I denne siste modellen vil hovudsfokuset likevel vere på å vurdere effekten av dei ideologiske variablane. Ideologivariabelen er eigentleg ein nominalskalavariabel, fordi den har fleire enn to kategoriar. Som det vart vist i den deskriptive gjennomgangen av variablane sto islamistiske terrororganisasjonar bak 33 prosent av angrepa, medan nasjonalistiske grupper sto bak 38 prosent av angrepa. 29 prosent av angrepa i denne perioden vart difor utført av terroristar med andre ideologiar. Når ein har med nominalskalavariablar må ein utelate ein såkalla referansekategori som kan brukast som samanlikningsgrunnlag i modellen. I desse

regresjonane er difor alle andre ideologiar enn islam og nasjonalisme brukt som referansekategori.

I modell 4 ser ein at islam-variabelen har positivt forteikn, noko som betyr at dei ifølgje denne modellen har større sannsynlegheit for å slå til i hovudstaden samanlikna med dei andre ideologiske gruppene. Oddsrapen her er på 1.924. Dette betyr at oddsen for hovudstadsangrep er 92,4 prosent større for grupper med islamsk ideologi samanlikna med grupper som har andre ideologiar enn islam og separatisme.

I den same modellen ser ein at variabelen nasjonalisme har negativt forteikn på koeffisienten. Oddsrapen på .646 betyr at oddsen for å slå til mot hovudstadar er 35,4 prosent mindre for nasjonalistar samanlikna med grupper som har andre ideologiar enn islam og separatisme.

6.3 Resultat med hot spots utelatne

Irak, Afghanistan, India og Pakistan blir omtalt som såkalla «hot spots», statar som er spesielt utsatte for terrorisme. Dette såg ein også innleiingsvis i analysedelen, der det vart vist til at desse statane hadde nærmare 50 prosent av alle angrepa i perioden.

Terroraksjonane som skjedde i Afghanistan i perioden 2001-2011 og Irak i perioden 2003-2009 var rett nok ikkje inkludert i den føregåande regresjonen heller, som følgje av manglande verdiar på demokrativariabelen. Sjølv med desse terroraksjonane ekskludert, står likevel dei fire statane for 35 prosent av alle terrorangrep i perioden.

For å undersøke om desse statane påverkar resultata i for stor grad, blir det køyrt eigne regresjonar der desse statane er utelatne. Resultata blir presentert i tabell 12.

Tabell 12: Modell 5 og 6. Regresjon med «hot spots» utelatne

	Modell 5			Modell 6		
	Koeff	p-verdi	Oddsrate	Koeff.	p-verdi	Oddsrate
BNP	.000	.015	1.000	.000	.000	1.000
HDI	.007	.000	1.007	-.013	.000	.988
Demokrati						
Føderalstat	-.894	.019	.445	-.104	.000	.901
Væpna konf.	-1.575	.000	.207	-1.032	.000	.356
Islam				.619	.000	1.857
Nasjonalist				-.592	.000	.553
Constant	-1.130	.000	.323	-.492	.000	.612
	N = 9062 -2LL: 6260,628 Negelkerkes R²: 0,115			N = 4928 -2LL: 3145,069 Negelkerkes R²: 0,181		

I modell 5 er det gjennomført ein regresjon for dei variablane med flest observasjonar, noko som inneber at ideologi-variablane ikkje er inkludert i denne modellen. I modell 6 er dei to variablane derimot inkludert, og her er talet på observasjonar difor redusert med vel 4000. Demokrati-variabelen er utelaten fordi den ikkje var signifikant i nokon av desse to modellane.

I modell 5 er BNP-variabelen no signifikant. Til liks med dei tre føregåande modellane er oddsraten likevel 1.000, noko som indikerer at det ikkje er noko samanheng mellom ein stats BNP-nivå og sjansen for å oppleve hovudstadsangrep. Verdien til HDI-variabelen er også her svakt positiv med ein oddsrate på 1.007. Dette er nesten identisk verdi som i modell 1 og 2, der alle statane i verda var inkludert i regresjonen. Variablane føderalstat og væpna konflikt har framleis negativt forteikn. Oddsrate til variabelen føderalstat er .445. Ifølgje denne modellen er oddsen for å oppleve hovudstadsangrep 55,5 prosent større i sentralstatar enn i føderalstatar. Til samanlikning var talet 75,7 prosent i modell 2, der også hot spots-statane var inkludert.

Verdiane til dei same variablane endrar seg likevel ein del frå modell 5 til modell 6, der også dei ideologiske variablane er inkludert. Oddsrate til BNP er rett nok uforandra, men koeffisienten til HDI-variabelen har her fått negativt forteikn. Variablane føderalstat og

væpna konflikt har framleis negativt forteikn, men spesielt for føderalstat-variabelen er oddsraten på .901 ei betydeleg endring frå førre modell. Ifølgje denne modellen er oddsen for å oppleve hovudstadsangrep no 9,9 prosent mindre for føderalstatar enn for sentralstatar.

Koeffisientane til dei ideologiske variablane har også same forteikn som i modell 4. Oddsraten til islam-variabelen på 1.857 betyr at oddsen for at terroristar med islamisk ideologi skal angripe hovudstadar er 85,7 prosent større samanlikna med gruppa «andre ideologiar». Nasjonalist-variabelen har oddsraten .553. Det betyr at oddsen for at nasjonalistar angrip hovudstadar er 44,7 prosent lågare enn for referansegruppa «andre ideologiar». Også med statane Irak, Afghanistan, India og Pakistan ser ein eit klart skilje mellom islamistar og nasjonalistar, der sjansen for at den førstnemnde gruppa angrip hovudstaden er større.

Negelkerkes R² har også auka, noko som indikerer at modellen med dei ideologiske variablane har større forklaringskraft.

6.4 OECD-land

I dei siste modellane blir det sett nærmare på resultata for OECD-statane. Her vil det vere interessant å sjå om retninga og styrken på dei enkelte variablane er dei same i desse relativt homogene statane. I tabell 13 er dei variablane ein har flest observasjonar av inkludert. Til forskjell frå dei tidlegare modellane er også variabelen velferd inkludert i denne regresjonen.

Tabell 13: Modell 7 og 8. Regresjonsresultat for OECD-statane

	Modell 7			Modell 8		
	Koeff	p-verdi	Oddsrate	Koeff.	p-verdi	Oddsrate
BNP	.000	.404	1.000			
HDI	-.109	.000	.896	-.096	.000	.908
Velferd	-.029	.010	.972	-.030	.048	.970
Demokrati	1.583	.000	4.870	1.520	.000	4.572
Føderalstat	-2.471	.000	.085	-2.448	.000	.087
Væpna konflikt	-2.313	.000	.099	-2.448	.000	.096
Constant	-5.689	.000	.003	-5.979	.000	.003
	N = 2313 -2LL: 1731,996 Negelkerkes R²: 0,253			N = 2313 -2LL: 1732,687 Negelkerkes R²: 0,252		

I modell 7 vart alle variablane inkludert, men ein ser at BNP ikkje er signifikant. I modell 8 står ein difor igjen med variablar som alle er signifikante. Både Negelkerkes R^2 og -22L er så godt som uforandra mellom dei to modellane, sjølv om det her er ein variabel mindre.

Koeffisienten til HDI-variabelen har i modell 8 negativt forteikn. Oddsrsaten på .908 betyr ifølgje modellen at ein einings auke på denne variabelen vil reduserer oddsen for å oppleve hovudstadsangrep med 9,2 prosent. Koeffisienten til variabelen velferd har negativt forteikn. Ifølgje modell 8 vil oddsen for å oppleve hovudstadsangrep bli redusert med 3,2 prosent ved ein einings auke på denne variabelen.

Demokrati-variabelen har i denne modellen fått positivt fortegn i motsetning til dei andre modellane. Oddsrsaten er også svært høg, men ein skal vere forsiktig med å legge for mykje vekt på denne variabelen. Berre nokre få statar har lågare verdiar enn 10 på denne variabelen, og fråvær av variasjon på denne variabelen kan vere med å påverke oddsrsaten i uforholdsmessig stor grad.

Både variabelen føderalstat og kontrollvariabelen væpna konflikt har negativt forteikn også her. Oddsrsaten til føderalstat-variabelen er .087. Dette betyr at oddsen for å oppleve hovudstadsangrep er 91,3 prosent mindre for føderalstatar enn den er for sentralstatar i denne modellen. Oddsrsaten for væpna konflikt er .096. Oddsen for å oppleve hovudstadsangrep er dermed 90,4 prosent lågare i statar som er involvert i væpna konfliktar.

I tabell 14 er det gjennomført ein regresjon for utvalet der det også er kjent kven som står bak terrorangrepa. Også her blir det først køyrt ein modell utan dei ideologiske variablane, slik at ein kan vurdere korleis forklaringskrafta til modellen blir påverka av å ha med desse variablane.

Tabell 14: Modell 9 og 10. Regresjonsresultat for OECD-statane med ideologi inkludert

	Modell 9			Modell 10		
	Koeff.	p-verdi	Oddsrate	Koeff.	p-verdi	Oddsrate
BNP	.000	.278	1.000			
HDI	-.113	.012	.893	-.157	.000	.855
Velferd	.099	.003	1.104	.106	.001	1.111
Demokrati	2.437	.000	11.439	2.448	.000	11.564
Føderalstat	-1.671	.000	.188	-1.543	.000	.214
Væpna konflikt	-1.031	.001	.357	-1.001	.010	.368
Islam				.049	.000	1.067
Nasjonalist				-.296	.000	.744
Constant	-16.755	.000	.000	-13.690	.000	.000
	N = 1258 -2LL: 782,797 Negelkerkes R²: 0,188			N = 1258 -2LL: 701,493 Negelkerkes R²: 0,284		

Det er om lag 1000 færre observasjonar i desse to modellane samanlikna med dei to føregåande, og difor bør altså resultata tolkast med ei viss varsemd også her. I modell 10 ser ein at -22L-verdien er på 701,493, noko som er markant lågare enn i modell 9. Dette indikerer med andre ord at forklaringskrafta til denne modellen er større. Dette indikerer også Negelkerkes R², som har auka frå 18,8 prosent til 28,4 prosent, sjølv om ein ikkje skal legge for stor vekt på dette.

BNP-variabelen er heller ikkje signifikant i modell 9, og er utelaten frå den siste modellen. Koeffisienten til variabelen HDI har til liks med dei føregåande modellane negativt forteikn. I modell 8 hadde koeffisienten til variabelen velferd negativt forteikn, medan den i modell 10 har fått positivt forteikn. Ifølgje denne siste modellen vil ein einings auke på denne variabelen auke oddsen for å oppleve angrep med 14,5 prosent. Føderalstatsvariabelen har, som i alle tidlegare modellar, negativt forteikn. Oddsrsaten på .214 betyr at oddsen for å oppleve hovudstadsangrep ifølgje denne modellen er 78,6 prosent større for sentralstatar enn for føderalstatar. Også kontrollvariabelen væpna konflikt har negativt forteikn på koeffisienten i denne modellen.

Når det gjeld dei ideologiske variablane, har også dei same forteikn på koeffisientane som i dei føregåande modellane. Oddsratane er likevel endra ein del. For islam-variabelen er den på 1.067. Dette betyr at oddsen for at islamistiske grupper skal slå til mot hovudstadar i OECD-statane er 6,7 prosent større samanlikna med gruppa av «andre ideologiar». Oddsrate til nasjonalist-variabelen er .744. Oddsen for at nasjonalistiske grupper slår til mot hovudstadar er med andre ord 25,6 mindre samanlikna med gruppa av andre ideologiar.

6.5 Oppsummering av regresjonsresultata

I denne delen av analysekapittelet skal resultata frå dei ulike modellane diskuterast, og effekten av dei enkelte variablane blir diskutert. Tabell 15 summerer opp resultata for dei ulike modellane. Her blir det kommentert kor vidt det er ein positiv eller negativ samanheng, og det blir gitt ein samla konklusjon rundt effekten av dei enkelte variablane. Ein positiv samanheng betyr at ein auke på den uavhengige variabelen aukar sjansen for å oppleve hovudstadsangrep. Ein negativ samanheng betyr at ein auke på den uavhengige variabelen vil redusere sjansane for å oppleve hovudstadsangrep.

Tabell 15: Oppsummering av dei ulike resultata frå regresjonsmodellane

	Alle statane	Utan «hot spots»	OECD	Samla konklusjon
BNP	Ikkje signifikant	Korkje positiv eller negativ samanheng	Ikkje signifikant	Ifølgje modellane forklarer variablane ingen ting av variasjonen
HDI	Positiv samanheng før ideologiske variablar blir inkludert. Ikkje signifikant etter det.	Positiv samanheng før ideologiske variablar blir inkludert. Negativ samanheng etter dei vart inkludert.	Negativ samanheng	Ikkje konsistent mellom modellane. Uvisst om variabelen bidreg til å forklare variasjonen.
Velferd	Ikkje inkludert i modellane på grunn av datamangel.	Ikkje inkludert i modellane på grunn av datamangel.	Negativ samanheng før ideologiske variablar vart inkludert. Positiv samanheng etter det.	Ikkje konsistent mellom modellane. Uvisst om variabelen bidreg til å forklare variasjonen.
Demokrati	Negativ samanheng	Ikkje signifikant.	Positiv samanheng	Ikkje konsistent mellom modellane. Uvisst om variabelen bidreg til å forklare variasjonen
Føderalstat	Negativ samanheng	Negativ samanheng	Negativ samanheng	Føderalstatar har mindre risiko for å oppleve hovudstadsangrep.
Nasjonalist	Negativ samanheng	Negativ samanheng	Negativ samanheng	Nasjonalistiske grupper slår i mindre grad til mot hovudstadar enn andre ideologiske grupper
Islam	Positiv samanheng	Positiv samanheng	Positiv samanheng	Islamistiske grupper slår oftere til mot hovudstadar enn terroristar med andre ideologiar
Væpna konflikt	Negativ samanheng	Negativ samanheng	Negativ samanheng	Ein mindre del av terroraksjonane skjer i hovudstadar i statar som er involvert i væpna konfliktar

Variabelen *BNP* har hatt ein oddsrate på 1.000 i alle modellar, noko som indikerer at sjansen for å oppleve hovudstadsangrep er like stor uansett kva BNP-nivå ein er på. Både i

regresjonen for heile verda, og i regresjonen for OECD-statane var denne variabelen dessutan ikkje signifikant.

Variabelen *HDI* hadde positivt forteikn i den første modellen med heile verda som utval, noko som indikerer at høgare utviklingsnivå vil auke sjansane for å oppleve hovudstadsangrep. Då dei ideologiske variablane vart inkludert, var ikkje variabelen signifikant lenger. Som tidlegare nemnt må likevel resultatet frå modellane med dei ideologiske variablane tolkast med ei viss varsemd, på grunn av eit betydeleg bortfall av einingar. I modellane der «hot spot»-statane var ekskludert hadde HDI-variabelen positivt forteikn før dei ideologiske variablane vart inkludert. Etter at desse variablane vart inkludert endra forteiknet seg til å bli negativt. I alle OECD-modellane var forteiknet på koeffisienten negativt, noko som betyr at modellen predikerer at lågare utviklingsnivå aukar sjansane for å oppleve hovudstadsangrep.

Variabelen *velferd* blei berre inkludert OECD-modellane, som følgje av at det mangla data frå andre statar. I modellane før dei ideologiske variablane blei inkludert, viste modellane ein negativ samanheng. Statar som brukar ein større del av BNP på velferd, har mindre sjanse for å oppleve hovudstadsangrep. Dette endra seg likevel til å bli ein positiv samanheng då dei ideologiske variablane vart inkludert. I denne modellen bør ein likevel vere ekstra varsam med å legge vekt på resultata på grunn den innehold færre einingar.

Resultata for modellane med heile verda som utval viste at til meir *demokratisk* ein stat blir, til mindre var sjansen for å oppleve hovudstadsangrep. Då dei ideologiske variablane vart inkludert, blei denne effekten endå tydelegare. I modellane der dei fire statane med mest terrorisme vart utelatne, var denne variabelen ikkje lenger signifikant. For OECD-statane viste modellen at meir demokratiske statar har større sjanse for å oppleve terrorangrep i hovudstadane. Det er likevel grunn til å vere varsam med å legge for mykje vekt på variabelen i denne modellen fordi nesten alle statane plasserer seg på dei to øvste nivåa på demokratiskalaen.

Variabelen *föderalstat* har hatt negativt forteikn i alle regresjonsmodellane. Dette betyr at sentralstatar ifølgje modellane har større sannsynlegheit for å oppleve terroraksjonar i hovudstaden. Spesielt tydeleg var dette i OECD-statane, der oddsen for å oppleve hovudstadsangrep var 91,3 prosent mindre for föderalstatar ifølgje modellen der dei

ideologiske variablane var utelatne. I den tilsvarende modellen med alle verdas statar var talet 73,3 prosent. Minst var altså skilnaden mellom sentralstatar og føderalstatar i dei modellane der «hot spot»-statane var ekskludert.

Også dei to ideologiske variablane, *islam* og *nasjonalisme*, har hatt same forteikn i alle modellane, og var også signifikante. Ifølgje modellane er det meir sannsynleg at terroristar med islamisk ideologi slår til mot hovudstadar samanlikna med andre grupper. I modellen for alle verdas statar viste resultata at oddsen for at islamistiske terroristar angrip hovudstadar var 92,4 prosent større samanlikna med referansegruppa «andre ideologiar». I modellen med OECD-statane var effekten ikkje like tydeleg. Oddsen for at islamistiske grupper slår til mot hovudstadar var likevel 6,7 prosent større samanlikna med referansegruppa andre ideologiar i desse statane.

Ifølgje modellane har nasjonalistiske grupper mindre sannsynlegheit for å slå til mot hovudstadar samanlikna med andre grupper. Mest tydeleg var dette i modellen der dei fire statane med mest terrorisme var utelatne. Ifølgje resultat der var det 44,7 prosent mindre sjanse for at desse gruppene slo til mot hovudstadar samanlikna med andre grupper. I OECD-statane var effekten noko svakare enn i dei andre modellane. Oddsen for at nasjonalistiske grupper slo til mot hovudstadar var her 25,6 prosent mindre samanlikna med gruppa av andre ideologiar.

Også kontrollvariabelen *væpna konflikt* hadde same forteikn i alle modellane. Oddsen for at det blir gjennomført hovudsangrep er mindre i statar som er involvert i væpna konfliktar samanlikna med statar som ikkje er det.

Modellane har også vist at $-22L$ -verdiane har gått ned når dei ideologiske variablane har blitt inkludert, noko som betyr at desse variablane bidreg signifikan til modellane. Negelkerkes R^2 auka i tillegg betydeleg, noko som også indikerer at desse modellane hadde klart større forklaringskraft enn dei modellane utan desse variablane.

6.6 Kontroll av føresetnadane for regresjonen

I denne delen blir det undersøkt i kva grad føresetnadane for regresjonen er oppfylt. Modellen skal passe den ikkje-lineære s-forma kurva, og dette blir kontrollert gjennom Hosmer Lemeshow-testen. Modellen er akseptabel dersom denne testen ikkje er signifikant. Modellane i denne regresjonen var signifikante på ein-prosentnivå. Ei løysing på dette problemet er å kvadrere den aktuelle uavhengige variabelen (Skog, 2010: 385). Dette vart gjort for alle variablane, utan at det førte til endringar i resultatet.

Det er likevel verdt å merke seg at utvalet i denne oppgåva er svært stort, og fleire har påpeikt at testen har svakheiter i slike tilfelle. Generelt er det difor slik at brot på denne føresetnaden er mindre alvorleg ved store utval. Til større utvalet er, til lettare er det for at testen blir signifikant. I store datasett vil difor sjølv små avvik frå den predikerte modellen bli rekna som signifikante (Prabasaj, Pennell og Lemeshow, 2012: 67; Kramer og Zimmerman, 2007: 2052). Sidan regresjonen i denne oppgåva inneheld fleire tusen einingar, er det difor grunn til å tru at dette påverkar utfallet av testen. Det er likevel grunn til å tolke resultata med ei viss varsemd, som følgje av resultatet frå Hosmer Lemeshow-testen.

Den andre førestanden for regresjonen er at restleddvariasjonen må vere uavhengige av kvarandre (Skog, 2010: 380). Dette er hovudsakleg eit problem når ein har longitudinelle data, der dei same observasjoneneingane er følgt over tid. Det at regresjonen i denne oppgåva i tillegg inneheld svært mange einingar, bidreg også til at denne føresetnaden er oppfylt.

Det bør også vere fråvær av multikolinearitet. Dersom ein har multikolinearitet blir det vanskeleg å skilje effektane av variablane frå kvarandre. Korrelerer variablane med meir enn 0,8 ifølge Pearsons korrelasjon, bør dette undersøkast nærmare (Eikemo og Clausen, 2007: 125-126). I utvalet med OECD-statane korrelerte variablane HDI og demokrati med kvarandre. Pearsons korrelasjon var på høvesvis 0,828 og 0,846. I alle dei andre modellane var Pearsons R på under 0,8, og verdiane til dei enkelte variablane er vedlagt i appendikset. For å undersøke problemet med multikolinearitet nærmare vart det også gjennomført ein såkalla toleransetest. Her er det vanskeleg å sette grenser for kva som er høg og liten verdi for toleransen, men 0 gir perfekt multikolinearitet (Eikemo og Clausen, 2007: 128). Også her var det variablane HDI og demokrati som hadde lågast verdi. Dei var likevel eit stykke unna 0,

med verdiar på 0,242 og 0,272. I logistiske regresjonar bør ein difor nytte in -2LL-test for å avgjere om dei korrelerte variablane skal inkluderast i analysen. Denne testen viste at modellane vart signifikant betre ved å inkludere desse to variablane, og difor vart variablane behaldne.

6.7 Resultata opp mot teoretisk forventning

I denne avsluttande delen av analysekapittelet vil resultata frå dei ulike modellane bli sett i lys av den teoretiske diskusjonen i kapittel 2. Kva er dei viktigaste faktorane som bidreg til at hovudstadar opplever terrorangrep? Her blir det diskutert i kva grad hypotesane som blei presentert i teoridelen stemmer med resultata frå regresjonen.

Hypotese 3: *Det vil være færre terrorangrep retta mot hovudstadane i føderalstatar enn i sentralstatar.*

I den teoretiske diskusjonen vart det vist til at det i desse statane også er betydelege politiske sentrum utanfor hovudstaden. Mange av dei viktigaste politiske vedtaka blir her gjort i dei enkelte delstatane, fordi dei etter konstitusjonen skal ha sjølvstendig myndighet på visse områder. I sentralstatar har dermed dei nasjonale politiske institusjonane ei langt større rolle, og dei lågare politiske nivåa automatisk mindre makt. Dette var grunnen til forventninga om at hovudstadar er mindre utsette for terrorangrep i føderalstatar. Regresjonane har vist at dette er tilfelle. Variabelen var signifikant i alle modellane, og effekten var klar uavhengig av kva statar som var med i utvalet.

Hypotese 4: *Terroristar med islamistisk ideologi vil i større grad enn terroristar med andre ideologiar slå til mot hovudstaden.*

I teoridelen blei det påpeikt at islamistiske grupper er spesielt kjent for å drive regimeutfordrande terrorisme, og difor vil vere opptekne av å ramme dei politiske institusjonane som ein finn i hovudstadane. Regresjonane viste at terroristar med islamistisk ideologi i større grad enn andre terroristar slår til mot hovudstadane. Aller tydelegast var det i modellane der alle statane var inkludert og i modellane der hot spot-statane var ekskludert.

Det var også tilfelle for OECD-statane, men effekten av denne variabelen var likevel noko svakare her. På bakgrunn av at utvalet var mindre i OECD-modellane, har det vore muleg å gå gjennom datasettet for å undersøke kva som kan vere grunnen til den er svakare her. At anarkistiske grupper utgjer ein viss del av referansekategoriene i desse modellane er truleg ein av faktorane som bidreg dette. Gjennomgangen av dei vel 1250 terroraksjonane her viste at fleire av desse terrorgruppene sto bak ein del hovudstadsangrep. Spesielt tydeleg var dette i Hellas. Dersom ein hadde utelate denne staten frå analysen ville islam-variabelen hatt ein endå sterkare effekt.

På den andre sida bidrog også ein annan stat til at islam-variabelen hadde positivt forteikn utgangspunktet. I Israel var ein stor del av hovudstadsangrepa utført av islamistiske grupper. Hadde ein utelate denne staten frå analysen ville også den islamske variabelen hatt negativt forteikn. Det er difor viktig å vere klar over at enkelte statar også i regresjonane kan påverke modellane i betydeleg grad.

Hypotese 5: Nasjonalistiske terrorgrupper vil i mindre grad enn terroristar med andre ideologiar slå til mot hovudstaden.

Hovudmålet for nasjonalistiske terrorgrupper er å få større sjølvstende frå sentralmakta. Sanchez-Cuenca (2007: 301) har difor peikt på at desse gruppene vil angripe mål i deira eige geografiske område for å vise uavhengigheit og styrke overfor dei sentrale styresmaktene. Regresjonsmodellane viste at nasjonalistiske grupper i større grad enn andre slår til utanfor hovudstaden uavhengig av kva statar som var med i utvalet. Det er likevel viktig å vere klar over at i modellane med dei ideologiske variablene var talet på observasjonar ein del mindre samanlikna med dei andre modellane. I ein stor del av tilfella er det ikkje kjent kven som står terroraksjonane, og mangelen på denne informasjonen kan vere med på å påverke dei endelige resultata i regresjonen.

Hypotese 6: Regimestatus påverkar kor utsett hovudstadane er for angrep.

Når det gjaldt regimestatus blei det formulert ei to-hala hypotese. Bakrunnen for dette var at det blei peikt på forhold som kunne gjere både demokratiske statar og autoritære statar utsette for hovudstadsangrep. Mange av institusjonane som er populære terrormål i hovudstadane er dei som i demokratiske statar sikrar at også marginaliserte grupper blir høyrd. På den andre

sida er det ofte lettare tilgang på desse institusjonane i demokratiske statar enn det er i autoritære regimer. I dei første modellane, der så godt som alle verdas statar var inkludert, viste resultata at mindre demokratiske statar er meir utsette for hovudstadsangrep. I dei neste modellane var ikkje variabelen signifikant, og i OECD-statane var samanheng positiv. Som tidlegare nemnt bør ein ikkje legge for mykje vekt på resultatet frå OECD for denne variabelen. Samla sett tyder resultata likevel på at regimestatus ikkje er ein sentral faktor for å forklare kor utsett hovudstadane er for angrep.

Hypotese 7: *Statar med lågare BNP-nivå vil vere meir utsette for hovudstadsangrep enn statar med høgare BNP-nivå.*

Regresjonane gir ikkje noko klart svar på om økonomiske forhold har noko å seie for kor utsett hovudstadane er for angrep. I teorikapittelet vart det diskutert kor vidt statar som er på eit høgare økonomisk nivå ville vere mindre utsette for hovudstadsangrep. Ein kunne tenkje seg at misnøya mot det politiske sentrumet ville vere spesielt stort i statar som har eit lågare BNP-nivå fordi dei i mindre grad har evna til å innfri politiske krav frå innbyggjarane. Resultata tyder på at dette likevel ikkje er tilfelle. Variabelen var i dei fleste modellane ikkje signifikant, og i dei andre modellane viste oddsraten at det ikkje var nokon samanheng.

Hypotese 8: *Statar med eit lågare utviklingsnivå vil ha fleire terrorangrep retta mot hovudstaden enn statar med eit høgare utviklingsnivå.*

I teoridelen vart det vist til tidlegare studiar som har funne at statar som har eit lågare utviklingsnivå er meir utsette for terrorisme. På bakgrunn av dette var det naturleg å forvente at hovudstadane skulle vere spesielt utsett for angrep i desse statane. Mange vil sjå på det som eit politisk ansvar at forholda ikkje er betre i staten, og det vart diskutert kor vidt dette også kunne føre til at folk ville bruke valdelege middel mot dei politiske institusjonane. Resultata frå regresjonen har sådd tvil om dette. Som ein såg i analysen varierte retninga på HDI-variablane mellom modellane, og variabelen var heller ikkje signifikant i ein av modellane.

Hypotese 9: *Statar som brukar mindre pengar på velferdsordninga vil ha fleire terrorangrep retta mot hovudstaden enn andre statar.*

Velferd var den siste økonomiske variabelen som blei inkludert i analysen. I teoridelen blei det vist til studiar som har påpeikt ein samanheng mellom sosioøkonomisk ulikskap i ein stat og omfanget av vald. Enkelte studiar har på bakgrunn av dette funne at statar med meir generøse velferdsordningar opplever færre terrorangrep. Å bruke midlar på velferd vil bidra til å utjamne forskjellane mellom folk, og kan redusere risikoen for at det politiske sentrumet blir utsett for angrep frå grupper som føler seg tilsidesett i samfunnet. Som i dei to føregåande hypotesane var det difor naturleg å forvente at ein større del av terrorangrepa ville vere retta mot hovudstaden i statar som brukte mindre midlar på velferd. Retninga på denne variabelen varierte likevel mellom modellane, og det er difor også tvilsamt om denne variabelen bidreg i særleg grad til å forklare omfanget av hovudstadsangrep.

Generelt tyder resultata for dei siste tre hypotesane på at økonomiske faktorar i liten grad bidreg til å forklare kvifor hovudstadane blir angripne. Det kan naturlegvis vere enkelte personar som blir motivert til å gjennomføre terrorisme mot hovudstaden og det politiske sentrumet på grunnlag av dei forholda som vart belyst over. Hadde dette vore viktige faktorarar ville resultata i dei ulike regresjonsmodellane truleg vore tydelegare.

Her må det også leggast til at undersøkingar av korleis økonomiske faktorar påverkar ulike utfall er spesielt utfordrande i kuantitative opplegg. I mange tilfelle er det vanskeleg å finne data som er samanliknbare mellom statar, andre gonger manglar det data for fleire år. Det kunne mellom anna vore interessant å sett på om statar med stor grad av ulikheit var meir utsette for hovudstadsangrep enn andre. Her var det så store hol i datamaterialet at det ikkje löt seg gjere. Heller enn å avvise at økonomiske forhold har noko å seie for kor utsett hovudstadane er for angrep, bør ein i staden undersøke dette nærmare i vidare studiar på området.

I tillegg til variablane som blei testa på bakgrunn av hypotesane som blei utarbeida i teoridelen, blei kontrollvariabelen væpna konflikt inkludert i regresjonen. Denne variabelen var konsistent gjennom alle modellane. Det er likevel viktig å påpeike at dette ikkje treng gjere hovudstadane mindre utsette for terrorisme i desse statane. I mange tilfelle ser ein at væpna konfliktar fører til meir terrorisme i ein stat. Talet på hovudstadsangrep kan vere like stort, men prosentdelen hovudstadsangrep minkar som følgje av at det blir fleire potensielle mål også utanfor hovudstaden.

7. Konklusjon

I denne oppgåva er det blitt undersøkt kor utsett hovudstaden er for terrorangrep, og om det er enkelte faktorar som bidreg spesielt til at hovudstadane opplever angrep. Oppgåva har bevegd seg inn på eit område det så langt er gjort lite forsking på, og det er difor også gjort eit teoretisk utviklingsarbeid gjennom drøfting av variablar og samanhengar som kan påverke omfanget av hovudstadsangrep. Oppgåva har hatt eit kvantitativt opplegg, og i denne avsluttande delen blir dei viktigaste resultata frå analysen summert opp. I dette kapittelet vil det også bli diskutert kva betydning resultata har. Avslutningsvis vil det komme forslag til vidare forsking på feltet.

7.1 Samandrag av hovudfunn

Hovudhypotesen i denne oppgåva var at fleirtalet av terrorangrepa vil vere retta mot ein stats hovudstad. Dei generelle resultata frå analysen viste derimot at hypotesen ikkje stemde. 16,5 prosent av alle terrorangrep i perioden 1998-2011 var retta mot hovudstaden, og 17,1 prosent av alle dødelege aksjonar var retta mot hovudstaden. Samtidig viste gjennomgangen at statane som opplevde få terrorangrep i perioden, hadde ein langt større prosentdel hovudstadsangrep enn statane som opplevde mange terrorangrep i perioden. I gruppa av statar som hadde opplevd 1-5 angrep i løpet av perioden var 52 prosent av alle angrep retta mot hovudstaden. For gruppa av statar som opplevde over 500 angrep i løpet av perioden var talet 14,9 prosent. Generelt kan ein difor seie at dess sjeldnare terrorisme er i ein stat, dess vanlegare er det at angrepa skjer i hovudstaden. Gjennomgangen viste også at terroraksjonar som skjer i hovudstader i gjennomsnitt har vore dødelegare enn dei som skjer andre stader.

Gjennomgangen av resultata frå dei ulike regionane viste også at Søraust-Asia, Sør-Asia, Nord-Afrika og Nord-Amerika utmerka seg med spesielt få hovudstadsangrep. Sjølv om hovudhypotesen ikkje stemde på bakgrunn av resultata frå alle verdas statar, viste gjennomgangen at i rundt ein tredjedel av verdas statar var fleirtalet av terrorangrepa retta mot hovudstaden. Den årlege statistikken viste også at prosentdelen hovudstadsangrep har vorte nok mindre i løpet av perioden som oppgåva har sett nærmare på.

I regresjonsmodellane ga spesielt fire variabler tydelege svar. Føderalstatar er mindre utsette for hovudstsangrep enn det sentralstatar er. Ideologien til terroristane ser også ut til å vere ein faktor som påverkar kva åstad som blir valt. Medan islamistiske grupper i større grad angrip hovudstadane, angrip nasjonalistiske grupper i større grad mål utanfor hovudstaden. Gjennomgangen viste også at ein mindre del av terrorangrepa blir retta mot hovudstaden i statar der det føregår væpna konfliktar. Det vart også undersøkt om regimestatus og økonomiske forhold påverkar kor utsett hovudstaden er for angrep. På bakgrunn av resultata frå regresjonane er det likevel tvilsamt om desse faktorane spelar ei stor rolle for å forklare omfanget av hovudstsangrep.

7.2 Kva betydning har resultata?

Resultata frå denne masteroppgåva har gitt ny innsikt i terroristars val av åstad. Sjølv om hovudhypotesen ikkje stemde, er det mykje som tyder på at hovudstadane likevel er ein svært attraktiv åstad for terroristar. I det vidare beredskapsarbeidet bør ein difor legge spesiell vekt på å identifisere potensielle mål i hovudstaden. Dette er kanskje spesielt viktig i sentralstatar, der regresjonsresultata indikerte at hovudstadane var spesielt utsette for angrep. Statar som generelt er lite utsett for terrorisme har også spesielt gode grunnar til å kartlegge sikring av hovudstadsmål.

Eit eksempel på ein region der det vil vere spesielt viktig å vurdere sikring av mål i hovudstaden er Norden. Statane her er sentralstatar, og dei opplever generelt lite terrorisme. Den deskriptive gjennomgangen av resultata frå dette området viste at nesten 70 prosent av terrorangrepa i desse statane skjedde i hovudstadane. Tre av dei fire dødelege angrepa skjedde også i hovudstadane. Samtidig er det også gode grunnar til at resten av statane i Europa fokuserer spesielt på hovudstadssikring. Resultata frå dei ulike kontinenta og regionane viste at Europa utmerka seg med å ha spesielt mange statar der fleirtalet av terrorangrepa var retta mot hovudstaden. I den teoretiske diskusjonen vart det vist til at EU har starta arbeidet med kartleggje kritisk infrastruktur som kan vere attraktive terrormål. Så langt har dette arbeidet likevel ikkje teke spesielt omsyn til om enkelte geografiske områder eller stader er spesielt utsette for terrorisme. Resultatet frå denne oppgåva tyder likevel på at ein i det vidare arbeidet også her bør legge spesiell vekt på å identifisere potensielle hovudstadsmål.

Samtidig har denne oppgåva vist kor vanskeleg det er å føresjå kvar terroristane slår til. Størstedelen av angrepa skjer utanfor hovudstaden, og uavhengig kor store ressursar ein brukar på terrorsikring vil ein aldri klare å sikre seg fullstendig mot terrorisme. Spesielt utfordrande er dette i føderalstatar fordi analysen viste at fleire av angrepa her skjer utanfor hovudstaden. Regresjonane viste også at ideologi var ein viktig faktor for å forklare kvar terroristane slo til. For statar som har sterke nasjonalistiske grupper vil det vere spesielt viktig å kartlegge potensielle mål i det området desse gruppene høyrer heime.

Resultata har også ein akademisk relevans. Teoretisk er dette eit forskingsfelt som det framleis trengst gjerast eit større utviklingsarbeid på. Det teoretiske grunnlaget i denne oppgåva, men også analyseresultata i oppgåva gjer det lettare å byggje vidare på teoriar om terroristars val av mål og åstad. Generelt har difor analysen også synleggjort at dette er eit felt det er verdt å forske vidare på. Dette er temaet for oppgåvas siste del, der det vil bli lansert forslag til vidare forsking på feltet.

7.3 Forslag til vidare forsking

Spesielt med tanke på dei store summane som blir brukt på terrorførebygging er det behov for vidare forsking på dette feltet. Resultata viste at ein betydeleg del av terrorangrepa skjer utanfor hovudstaden, rundt 80 prosent i perioden 1998-2011. I vidare studiar bør ein difor undersøke kva andre åstadar det er terroristane søker mot. I forlenginga av dette vil det også vere viktig å kartlegge kva mål som blir valt både i hovudstadar og utanfor hovudstadane. Ein del fokus har vore retta mot transportsektoren. Dette har angrepa i USA i 2001, Madrid i 2004 og i London i 2005 spesielt bidrige til. I tillegg har ein del fokus vore retta mot sikring av dei politiske institusjonane. For å kunne sette i verk effektive tiltak, trengst det likevel systematiske undersøkingar om kva andre mål som er spesielt attraktive blant terroristar.

Prosentdelen hovudstadsangrep har gått noko ned i løpet av perioden som oppgåva såg nærmere på. I vidare studiar bør ein difor undersøke om trenden med færre hovudstadsangrep held fram. Samtidig bør ein også gjennomføre studiar som kan gje svar på kva effekt det har gitt å sikre stadig meir av infrastrukturen. Som det vart vist til innleiingsvis, avdekte også rapporten frå 22. juli-kommisjonen store manglar i arbeidet med å sikre regjeringskvartalet før terrorangrepet i 2011. Her til lands bør det difor vere ei oppgåve for forskarar å studere i

kva grad styresmaktene følgjer opp dei planane som no er lagt for å sikre viktige deler av infrastrukturen.

I analysen såg ein også at ideologi var ein av faktorane som forklarte kor utsett hovudstaden var for angrep. Dette kan følgjast opp med kvalitative studiar som i større grad ser på kva som er motivasjonen for å velje dei aktuelle åstadane og måla for dei ulike ideologiske gruppene. I forlenginga av problemstillinga i denne oppgåva, vil det vere spesielt interessant å vite meir om motivasjonen islamistiske grupper har for å gjennomføre angrep, sidan regresjonane viste at dei i større grad slår til mot hovudstadar. Det vil også vere interessant å undersøke kva åstader og mål andre ideologiske grupper slå til mot. Her kan det for eksempel vere relevant å sjå på skilnader mellom venstre- og høgreradikale grupper.

Litteratur

- Ackerman, Gary, Praven Abhayaratne, Jeffrey M. Bale, Anjali Bhattacharjee, Charles Blair, Lydia Hansell, Andrew Jayne, Maragaret Kosal, Sean Lucas, Kevin S. Moran, Linda Seroki og Sundara Vadlamudi (2007): *Assesing Terrorist Motivations for Attacking Critical Infrastructure*. Monterey, California: Lawrence Livermore National Labratory.
- Anderson, Sean K. og Stephen Sloan (2009): *Historical dictionary of terrorism*. Lanham, Maryland.: Scarecrow Press.
- Apostolakis, George E. og Douglas M. Lemon (2005): "A Screening Methodology for the Identification and Ranking of Infrastructure Vulnerabilities Due to Terrorism". *Risk Analysis*, 25 (2): 361-376.
- Azam, Jean-Paul og Véronic Thelen (2008) "The roles of foreign aid and education in the war on terror". *Public Choice*, 135. Side 375-397.
- Berrebi, Claude og Darius Lakdawalla (2007): "How does terrorism risk vary across space and time? An analysis based on the Israeli experience". *Defence and Peace Economics*, 18 (2): 113-131.
- Bjørgo, Tore og Daniel Heradstveit (1993): *Politisk terrorisme*. Oslo: Tano.
- Bloom, Mia (2005): *Dying to kill*. New York: Columbia University Press.
- Borum, Randy og Michael Gelles (2005): "Al-Qaeda's Operational Evolution: Behavioral and Organizational Perspectives". *Behavioral Sciences and the Law*, 23: 467-483.
- Bowden, T. O. M. (1976): "The IRA and the Changing Tactics of Terrorism". *The Political Quarterly*, 47 (4): 425-437.
- Bowie, Neil G. og Alex P. Schmid (2011): "Databases on terrorism" s. 294-340 i Schmid, Alex P. (red), *The Routledge Handbook of Terrorism Research*. New York: Rotledge.
- Bravo, Ana Bela Santos og Carlos Manuel Mendes Dias (2006): "An Empirical Analysis of Terrorism: Deprivation, Islamism and Geopolitical Factors. *Defence and Peace Economies*, 17 (4): 329-341.
- Breidlid, Ingrid Marie og Andreas Øien Stensland (2011): "Sør-Sudan: ny start for skjør stat". *Hvor hender det?*, 12: 1-5. Norsk Utenriks Politisk Institutt (NUPI).
- Bring, Johan (1994): "How to Standardize Regression Coefficients". *The American Statistician*, 48 (3). Side 209-213.
- Burgoon, Brian (2006): "On Welfare and Terror: Social Welfare Policies and Political-Economic Roots of Terrorism". *Journal of Conflict Resolution*, 50 (2). Side 176-203
- Caruso, Raul og Friedrich Schneider (2011): "The socio-economic determinants of terrorism and political violence in Western Europe (1994–2007)". *European Journal of Political Economy*, 27 (0): 37-S49.
- Crenshaw, Martha (1981) "The Causes of Terrorism". *Comparative Politics*, 13 (4): 379-399.

Dei sameinte nasjonane (2006): *Resolution adopted by the General Assembly. 60/288. The United Nations Global Counter-Terrorism Strategy*. Tilgjengeleg frå: <http://daccess-dds-ny.un.org/doc/UNDOC/GEN/N05/504/88/PDF/N0550488.pdf?OpenElement> [11.12.12]

DeMaris, Alfred (1993) "Odds versus Probabilities in Logit Equations: A Reply to Roncek". *Social Forces*, 71 (4): 1057-1065.

DeMaris, Alfred (1995) "A Tutorial in Logistic Regression". *Journal of Marriage and Family*, 57 (4). Side 956-968.

Den europeiske unions råd (2008) *Directive on the identification and designation of European critical infrastructure and the assesment of the need to improve their protection*. Directive 2008/14/EC of 8 December 2008. <http://eur-lex.europa.eu/LexUriServ/LexUriServ.do?uri=OJ:L:2008:345:0075:0082:EN:PDF> [07.01.13]

Den svenska regeringa (2010) *Regeringens skrivelse. Samhällets kriseberedskap – stärkt samverkan för ökad säkerhet*. Stockholm.

Det europeiske råd (2009) *Factsheet. The European Union and The Fight Against Terrorism*. Tilgjengeleg frå: <http://www.consilium.europa.eu/uedocs/cmsUpload/Factsheet-fight%20against%20terrorism%20091002.EN.revised.PDF> [11.12.12]

Drake, C. J. M. (1998): *Terrorists' target selection*. Basingstoke: Macmillan.

Duyvesteyn, Isabelle (2004): "How New Is the New Terrorism?". *Studies in Conflict & Terrorism*, 27 (5): 439-454.

Eikemo, Terje Andreas og Tommy Høyvarde Clausen (2007): *Kvantitativ analyse med SPSS*. Trondheim: Tapir Akademiske Forlag.

Enders, Walter og Todd Sandler (2006): "Distribution of Transnational Terrorism Among Countries by Income Class and Geography After 9/11". *International Studies Quarterly*, 50 (2): 367-393.

Enders, Walter, Todd Sandler og Khusrav Gaibulloev (2011): "Domestic versus transnational terrorism: Data, decomposition, and dynamics". *Journal of Peace Research*, 48 (3): 319-337.

Engene, Jan Oskar (1994): *Europeisk terrorisme: vold, stat og legitimitet*. Oslo: Tano.

Eubank, William og Leonard Weinberg (2001): "Terrorism and Democracy: Perpetrators and Victims". *Terrorism and Political Violence*, 13 (1): 155-164.

EU-kommisjonen (2006) *Communication from the comission on a European Programme for Critical Infrastructure Protection*. http://europa.eu/legislation_summaries/justice_freedom_security/fight_against_terrorism/l332_60_en.htm [07.01.13]

Eyerman, Joe (1998): "Terrorism and democratic states: Soft targets or accessible systems". *International Interactions*, 24 (2): 151-170.

Fimreite, Anne Lise, Per Lægreid og Lise H. Rykkja (2009): *The role of trust, religion, and political affiliation in attitudes to anti-terror measures*. Paper presentert i workshop: 'Can the Public Sector Reestablish its Legitimacy?', The Fifth Transatlantic Dialogue: The Future of Governance in Europe and the U.S. 11-13 June 2009. Washington D.C.

- Fleischer, Carl August (2000) *Folkerett*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Flint, Colin (2003): "Terrorism and Counterterrorism: Geographic Research Questions and Agendas". *The Professional Geographer*, 55 (2): 161-169.
- Forsvarsdepartementet (2007) *Om lov om endringer i lov 20. Mars 1998 nr. 10 om forebyggende sikkerhetstjeneste (sikkerhetsloven)*. Ot.prp.nr.21. Oslo
- Ganor, Boaz (2002): "Defining Terrorism: Is One Man's Terrorist another Man's Freedom Fighter?". *Police Practice and Research*, 3 (4): 287-304.
- George, Alexander L. og Andrew Bennett (2005) *Case Studies and Theory Development in the Social Sciences*. Cambridge/London: MIT Press.
- Goertz, Gary (2006): *Social science concepts. A users guide*. Princeton, New Jersey: Princeton University Press.
- Goertz, Gary og James Mahoney (2012): "Concepts and measurement: Ontology and epistemology". *Social Science Information*, 51 (2): 205-216.
- Gunaratna, Rohan (2005): "Ideology in Terrorism and Counter Terrorism: Lessons from combating Al Qaeda and Al Jemaah Al". *CSRC discussion paper 05/42*.
- Gurr, Ted Robert (1970): "Sources of Rebellion in Western Societies: Some Quantitative Evidence". *Annals of the American Academy of Political and Social Science*, 391: 128-144.
- GTD (2013): *Data Collection Methodology*. Tilgjengeleg fra: <http://www.start.umd.edu/gtd/using-gtd/> [27.02.13]
- GTD-kodebok (2012) *Codebook: Inclusion Criteria and Variables*. Tilgjengeleg fra: <http://www.start.umd.edu/gtd/downloads/Codebook.pdf> [27.02.13]
- Hair, Joseph F., William C. Black, Barry J. Babin, Ralph E. Anderson og Ronald L. Tatham (2006) *Multivariate Data Analysis*. Upper Saddle River, New Jersey: Pearson Prentice Hall.
- Hansen, Annika S., Laila Bokhari, Anders Kjølberg, Bjørn Olav Knutsen, Øyvind Østerud og Ola Aabakken (2006): *Bekjempelse av internasjonal terrorisme - fra militærmakt til utviklingshjelp*. Kjeller: Forsvarets Forskningsinstitutt.
- Heradstveit, Daniel og Tore Bjørge (1987): *Politisk kommunikasjon - Introduksjon til semiotikk og retorikk*. Oslo: Tano.
- Hoffman, Bruce (1998): *Inside terrorism*. London: Gollancz.
- Hoffman, Bruce (1999) "Terrorism trends and prospects". I Ian Lesser, John Arquilla, Bruce Hoffman, David F. Ronfeldt og Michele Zanini (red) *Countering the new terrorism*, 7-38. Santa Monica/Washington: RAND.
- Hoffman, Bruce og Gordon H. McCormick (2004) "Terrorism, Signaling and Suicide Attack". *Studies in Conflict & Terrorism*, 27 (4). Side: 243-281.
- Juergensmeyer, Mark (1997): "Terror mandated by god". *Terrorism and Political Violence*, 9 (2): 16-23.

- King, Gary, Robert Keohane, and Sidney Verba (1994) *Designing Social Inquiry: Scientific research in Qualitative Research*. New Jersey: Princeton University Press.
- Kramer, Andre A. og Jack E. Zimmerman (2007) "Assessing the calibration of mortality benchmarks in critical care: The Hosmer-Lemeshow test revisited". *Critical Care Medicine*, 35 (9). Side: 2052-2056.
- Krieger, Tim og Daniel Meirrieks (2010): "Does Income Inequality Lead to Terrorism?" Tilgjengeleg frå: http://papers.ssrn.com/sol3/papers.cfm?abstract_id=1647178 [26.11.12]
- Krieger, Tim og Daniel Meierrieks (2011): "What causes terrorism?". *Public Choice*, 147 (1-2): 3-27.
- Krueger, Alan B. og David Laitin (2004): *Faulty Terror Report Card*. Artikkel i Washington Post. http://www.washingtonpost.com/wp-dyn/articles/A31971-2004May16.html?nav=rss_opinion/opeds [09.01.13]
- LaFree, Gary, Laura Dugan, Heather V. Fogg og Jeffrey Scott (2006a): *Building a global terrorism database*. Sluttrapport til U.S Department of Justice.
- LaFree, Gary, Nancy Morris, Laura Dugan og Susan Fahey (2006b): "Identifying Cross-National Global Terrorist Hot Spots" s. 98-115 i Victoroff, Jeffrey I. (red.), *Tangled Roots: Social and Psychological Factors in the Genesis of Terrorism*. Amsterdam: IOS Press.
- Li, Quan og Drew Schaub (2004): "Economic Globalization and Transnational Terrorism: A Pooled Time-Series Analysis. *The Journal of Conflict Resolution*, 48 (2): 230-258.
- Li, Quan (2005): "Does Democracy Promote or Reduce Transnational Terrorist Incidents?". *Journal of Conflict Resolution*, 49 (2): 278-297.
- Lichbach, Mark Irving (1989): "An Evaluation of "Does Economic Inequality Breed Political Conflict?" Studies". *World Politics*, 41 (4): 431-470.
- Lijphart, Arend (1971) "Comparative Politics and the Comparative Method". *The American Political Science Review*, 65 (3): 682-93.
- Lijphart, Arend (1999): *Patterns of democracy*. New Haven og London: Yale University Press.
- Lovdata (2011): *LOV 1998-03-20 nr 10: Lov om forebyggende sikkerhetstjeneste*. Tilgjengeleg frå: <http://www.lovdata.no/all/hl-19980320-010.html#1>. [17.10.12].
- Lynham, Susan A. (2002): "The General Method of Theory-Building Research in Applied Disciplines". *Advances in Developing Human Resources*, 4: 221-241.
- Maskaliunaite, Asta (2002): "Defining Terrorism in the Political and Academic Discourse". *Baltic Defence Review*, 2 (8): 36-50.
- McAllister, Bradley og Alex P. Schmid (2011): "Theories of Terrorism" s. 201-271 i Schmid, Alex P. (red.), *The Routledge Handbook of Terrorism Research*. New York: Routledge.
- McCartan, Lisa M., Andrea Masselli, Michael Rey og Danielle Rusnak (2008): "The Logic of Terrorist Target Choice: An Examination of Chechen Rebel Bombings from 1997–2003". *Studies in Conflict & Terrorism*, 31 (1): 60-79.

Medina, Richard M., Laura K. Siebeneck og George F. Hepner (2011): "A Geographic Information Systems (GIS) Analysis of Spatiotemporal Patterns of Terrorist Incidents in Iraq 2004–2009". *Studies in Conflict & Terrorism*, 34 (11): 862-882.

Midtbø, Tor (2007): *Regresjonsanalyse for samfunnsvitere*. Oslo: Universitetsforlaget.

Milliken, Jennifer og Keith Krause (2002): "State Failure, State Collapse, and State Reconstruction: Concepts, Lessons and Strategies". *Development and Change*, 33 (5): 753-774.

Moteff, John, Claudia Copeland og John Fischer (2003): *Critical Infrastructures: What Makes an Infrastructure Critical?* Washington DC: Resources, Science, and Industry Division, Congressional Research Service, The Library of Congress.

Nasjonal sikkerhetsmyndighet (2013) Lover. *Lov om forebyggende sikkerhetstjeneste (sikkerhetsloven)*. Tilgjengeleg fra: <https://www.nsm.stat.no/Regelverk/Lov/> [12.10.12]

Nemeth, Stephen Charles (2010): *A rationalist explanation of terrorist targeting*. Doktorgradsavhandling, University of Iowa.

Nesser, Petter (2004): *Jihad in Europe - A survey of the motivations for Sunni Islamist terrorism in post-millenium Europe*. Kjeller, Norge.: Forsvarets Forskningsinstitutt.

Nordenhaug, Iselin og Jan Oskar Engene (2008): *Norge i kamp mot terrorisme*. Oslo: Universitetsforlaget.

Norris, Pippa (1997) *Designing democracies: Institutional arrangements and system support*. Paper presentert i workshop: 'Workshop on Confidence in Democratic Institutions: America in Comparative Perspective', Washinton DC, J.F. Kennedy School of Government.

Norris, Pippa (2009) Democracy Cross-National Codebook. Tilgjengeleg fra: <http://www.pippnorris.com/> [05.04.13]

NOU (2006): *Når sikkerheten er viktigst. Beskyttelse av landets kritiske infrastrukturer og kritiske samfunnsfunksjoner*. NOU 2006:6. Oslo

NOU (2012): *Rapport fra 22. juli-kommisjonen*. NOU 2012:14. Oslo.

Nunn, Samuel (2007): "Incidents of Terrorism in the United States, 1997-2005". *Geographical Review*, 97 (1): 89-111.

OECD (2013) *Social Expenditure – Aggregated data*. Tilgjengeleg fra: http://stats.oecd.org/Index.aspx?datasetcode=SOCX_ AGG [04.04.13]

Pampel, Fred C. (2000): *Logistic Regression. A primer*. Sage University Papers Series on Quantitative Applications in the Social Science. Thousands Oaks, Caleifornia: Sage.

Piazza, James A. (2011): "Poverty, minority economic discrimination, and domestic terrorism". *Journal of Peace Research*, 48 (3): 339-353.

Polity IV-kodebok (2011) *Polity IV Project. Political Regime Characteristics and Transitions, 1880-2010. Data Users' Manual*. Tilgjengeleg fra: <http://www.systemicpeace.org/inscr/p4manualv2010.pdf> [04.04.13]

Prabasaj, Paul, Michael L. Pennell og Stanley Lemeshow (2012) "Standardizing the power of the Hosmer-Lemeshow goodness of fit test in large data set". *Statistics in Medicine*, 32 (1): 67-80.

RAND (2012): RAND Database on Worldwide Terrorism Incidents. Tilgjengeleg frå: <http://www.rand.org/nsrd/projects/terrorism-incidents.html>. [06.03.13]

Rokkan, Stein (1999): *State Formation Nation-Building and Mass Politics in Europe*. Oxford: Oxford University Press.

Roncek, Dennis W. (1991) Using Logit Coefficients to Obtain the Effects of Independent Variables on Changes in Probabilities. *Social Forces*, 70 (2). Side 509 – 518.

Rydland, Lars Tore, Sveinung Arnesen og Åse Gilje Østensen (2008): "Contextual Data for the European Social Survey". *Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste*, rapport nr. 124.

Sánchez-Cuenca, Ignacio (2007): "The Dynamics Of Nationalist Terrorism: ETA and the IRA". *Terrorism and Political Violence*, 19 (3): 289-306.

Sánchez-Cuenca, Ignacio og Luis de la Calle (2009): "Domestic Terrorism: The Hidden Side of Political Violence". *Annual Review of Political Science*, 12 (1): 31-49.

Schmid, Alex P. og Janny de Graaf (1982): *Violence as Communication: Insurgent Terrorism and the Western News Media*. London og Beverly Hills: Sage Publications.

Schmid, Alex P. og Albert J. Jongman (1988): *Political terrorism: a new guide to actors, authors, concepts, data bases, theories, & literature*. New Brunswick, N.J.: Transaction Publ.

Schmid, Alex P. (2004): "Statistics on terrorism: The challenge of measuring trends in global terrorism". *Forum on Crime and Society*, 4: 49-69.

Schmid, Alex P. (2011): "The Definition of Terrorism" s. 39-157 i Schmid, Alex P. (red.), *The Routledge Handbook of Terrorism Research*. New York: Rotledge.

Sheehan, Ivan Sascha (2012): "Assesing and Comparing Data Sources for Terrorism Research" i Lum, Cynthia og Leslie W. Kennedy (red.), *Assessing and Comparing Data Sources for Terrorism Research*. New York: Springer.

Silke, Andrew (2001): "The Devil You Know: Continuing Problems with Research on Terrorism". *Terrorism and Political Violence*, 13: 1-14.

Silke, Andrew (2008): "Research on Terrorism" i Hsinchun Chen, Edna Reid, Joshua Sinai, Andrew Silke og Boaz Ganor (red.). *Terrorism Informatics*. Side 27-50. New York: Springer US.

Skog, Ole Jørgen (2010): *Å forklare sosiale fenomener. En regresjonsbasert tilnærming*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

START (2013) *Terrorist Organization Profiles*. Tilgjengeleg frå: http://www.start.umd.edu/start/data_collections/tops/ [05.04.13]

Sönmez, Sevil F., Yiorgos Apostolopoulos og Peter Tarlow (1999): "Tourism in Crisis: Managing the Effects of Terrorism". *Journal of Travel Research*, 38 (1): 13-18.

Tufte, Per Arne (2000): "En intuitiv innføring i logistisk regresjon". Arbeidsnotat nr 8. *Statens Institututt for Forbruksforskning*.

UCDP/PRIOR-kodebok (2009) UCDP/PRIOR Armed Conflict Dataset Codebook. Tilgjengeleg frå:
http://www.prio.no/Global/upload/CSCW/Data/UCDP/2009/Codebook_UCDP_PRIOR%20Armed%20Conflict%20Dataset%20v4_2009.pdf [05.04.13]

UNDP (2013): *Human Development Index (HDI)*. Tilgjengeleg frå:
<http://hdr.undp.org/en/statistics/hdi/> [28.03.13]

Webb, Jennifer J. og Susan L. Cutter (2009): "The Geography of U.S. Terrorist Incidents, 1970–2004". *Terrorism and Political Violence*, 21 (3): 428-449.

Wight, Colin (2009): "Theorising Terrorism: The State, Structure and History". *International Relations*, 23 (1): 99-106.

Wigle, John (2010): "Introducing the Worldwide Incidents Tracking System". *Perspectives on Terrorism*, 4 (1): 3-23.

Appendiks

Tabell 16: Statar og årstal med manglande verdiar på demokrativariabelen.

Afghanistan: 2001-2011
Burundi: 2001-2004
Den demokratiske republikken Kongo: 1998-2005
Haiti: 1999, 2004, 2005, 2010, 2011
Irak: 2003-2009
Elfenbeinskysten: 1999, 2002-2010
Libanon: 1998-2004
Liberia: 2003-2005
Libya: 2011
Peru: 2000
Sierra Leone: 1998-2002
Somalia: 1998-2011
Salomonøyane: 2000-2003

Kjelde: Polity IV

Tabell 17: Statar som har opplevd terrorisme i dei ulike kontinenta

Region	Statar*
Europa	Albania, Armenia , Austerrike , Aserbajdsjan, Belgia, Bosnia-Hercegovina, Bulgaria , Danmark , Estland , Finland , Frankrike, Georgia, Tyskland, Storbritannia, Hellas , Island , Irland , Italia, Kosovo, Kroatia , Kviterussland , Latvia , Luxembourg , Makedonia, Moldova , Nederland , Norge , Polen, Portugal , Romania , Russland, Serbia , Serbia-Montenegro, Slovakia , Spania, Sverige, Sveits, Ukraina, Ungarn .
Nord-Amerika	Canada, Guatemala, Haiti , Honduras, Nicaragua, Mexico, Panama , Trinidad og Tobago , USA.
Sør-Amerika	Argentina , Bolivia, Brasil, Chile , Colombia, Ecuador, Guyana , Paraguay , Peru, Uruguay , Venezuela.
Midtausten	Bahrain , Iran, Irak, Israel, Jordan, Jemen, Kypros, Kuwait , Libanon, Qatar , Saudi-Arabia, Syria, Tyrkia, Dei Sameinte Arabiske Emiratane.
Nord-Afrika	Algerie, Egypt, Libya, Marokko, Tunisia.
Sørlege Afrika	Angola, Benin, Burundi, Kamerun, Den demokratiske republikken, Djibouti, Elfenbeinskysten, Eritrea , Etiopia, Gambia, Guinea, Guinea-Bissau , Kenya, Lesotho , Liberia, Madagaskar , Mali, Mauritania , Mosambik, Namibia, Niger, Nigeria, Republikken Kongo, Rwanda, Senegal, Sentralafrikanske Republikk, Sierra Leone, Somalia, Sør-Afrika , Sudan, Swaziland, Tanzania , Tsjad, Uganda, Zambia, Zimbabwe.
Sentral-Asia	Kazakhstan, Kirgisistan, Tadsjikistan , Uzbekistan.
Aust-Asia	Kina, Japan, Sør-Korea .
Søraust-Asia	Aust-Timor, Filippinene, Indonesia, Kambodsja , Laos , Malaysia, Myanmar, Thailand, Vietnam.
Sør-Asia	Afghanistan, Bangladesh, Bhutan, India, Maldivene , Nepal, Pakistan, Sri-Lanka
Oseania	Australia, Fiji , New Zealand , Papua Ny-Guinea, Salomonøyene.

* Statar som er uteva er dei som hadde fleirtalet av angrepa i hovudstaden.

Kjelde: Global Terrorism Database

Tabell 18: Pearsons korrelasjon. Heile verden

	Føderalstat	GDP	HDI	Demokrati	Konflikt
Føderalstat	1	,115	,227	-, 057	,079
GDP	,115	1	,441	-, 519	,735
HDI	,079	,735	1	,423	-,354
Demokrati	,227	,441	,423	1	,226
Konflikt	-,057	-,519	-,354	,423	1

Tabell 19: Pearsons korrelasjon. Heile verda med ideologi

	Føderalstat	GDP	HDI	Demokrati	Konflikt	Islam	Nasjonalist
Føderalstat	1	,100	,074	,211	-,062	-,297	-,107
GDP	,100	1	,722	,449	-,592	-,172	,129
HDI	,074	,722	1	,536	-,369	-,347	,286
Demokrati	,211	,449	,536	1	-,226	-,415	,176
Konflikt	-,062	-,592	-,369	-,226	1	,148	-,107
Islam	-,297	-,172	-,347	-,415	,148	1	-,537
Nasjonalist	-,107	,129	,286	,176	-,107	-,537	1

Tabell 20: Pearson korrealsjon. Utan «hot spots»

	Føderalstat	GDP	HDI	Demokrati	Konflikt
Føderalstat	1	,235	,190	,202	-,123
GDP	,235	1	,722	,572	-,445
HDI	,190	,722	1	,588	-,207
Demokrati	,202	,572	,588	1	-,313
Konflikt	-,123	-,445	-,207	-,313	1

Tabell 21: Pearsons korrelasjon. Utan «hot spots», med ideologi inkludert

	Føderalstat	GDP	HDI	Demokrati	Konflikt	Islam	Nasjonalist
Føderalstat	1	,206	,222	,112	-,169	-,102	-,038
GDP	,206	1	,738	,589	-,554	-,096	,035
HDI	,222	,738	1	,650	-,275	,016	,088
Demokrati	,112	,589	,650	1	-,366	-,391	,272
Konflikt	-,169	-,554	-,275	-,366	1	,089	-,014
Islam	-,102	-,096	,016	-,391	,089	1	-,514
Nasjonalist	-,038	,035	,088	,272	-,014	-,514	1

Tabell 22: Pearsons korrelasjon for OECD-statane

	Føderalstat	GDP	HDI	Demokrati	Konflikt
Føderalstat	1	,374	,287	,408	-,582
GDP	,374	1	,740	,516	-,456
HDI	,287	,740	1	,828	-,387
Demokrati	,408	,516	,828	1	-,333
Konflikt	-,582	-,456	-,387	-,333	1

Tabell 23: Pearsons korrelasjon. OECD-statane med ideologi.

	Føderalstat	GDP	HDI	Demokrati	Konflikt	Islam	Nasjonalist
Føderalstat	1	,428	,287	,401	-,647	-,310	-,005
GDP	,428	1	,744	,524	-,499	-,038	-,254
HDI	,287	,744	1	,846	-,358	,178	-,310
Demokrati	,401	,524	,846	1	-,310	,143	-,269
Konflikt	-,647	-,499	-,358	-,310	1	,393	,130
Islam	-,310	,038	,178	,143	,393	1	-,479
Nasjonalist	-,005	-,254	-,310	-,269	,130	-,479	1